

# Studiehandbok for realfag

## 2010/2011



**Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet  
UNIVERSITETET I BERGEN**

MED ATTERHALD OM ENDRINGAR  
OPPDATERT INFORMASJON PÅ NETTSTADEN:  
<http://uib.no/matnat/utdanning>

© Det matematiske- naturvitenskapelige fakultet  
Universitetet i Bergen

Redigering av årets utgåve: Stine Beate Balevik

Trykk: Allkopi Bergen – tlf: 55 55 30 55

---

## Innhaldsliste

---

|   |    |
|---|----|
| Innhaldsliste .....   | i  |
| Realfagsstudiar .....   | 1  |
| Kontaktpersonar på bachelorprogram .....  | 3  |
| Eksamens .....  | 4  |
| Ph.d.-graden .....  | 5  |
| Lærarutdanning .....  | 5  |
| Studiar i utlandet .....  | 8  |
| Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) .....   | 10 |
| Innpassing/godkjenning av eksterne emner .....  | 13 |
| Studentkalender med viktige fristar .....   | 14 |
| Fargekodesystemet på MNFakultetet.....  | 15 |
| <b>Årsstudium i naturvitenskaplege fag.....</b>   | 18 |
| ÅRMN Årsstudium i naturvitenskaplege fag.....   | 18 |
| <b>Bachelorprogram .....</b>  | 19 |
| BAMN-BIO Bachelorprogram i biologi .....  | 19 |
| BAMN-DTEK Bachelorprogram i datateknologi .....   | 20 |
| BAMN-DVIT Bachelorprogram i datavitenskap .....   | 21 |
| BAMN-PHYS Bachelorprogram i fysikk .....  | 22 |
| BAMN-GEOV Bachelorprogram i geovitenskap .....  | 23 |
| BAMN-HAV Bachelorprogram i havbruksbiologi.....   | 25 |
| BATF-IMØ Bachelorprogram i informatikk-matematikk-økonomi.....                          | 26 |
| BAMN-KJEM Bachelorprogram i kjemi .....   | 28 |
| BAMN-MATF Bachelorprogram i matematiske fag .....                                       | 30 |
| BAMN-GEOF Bachelorprogram i meteorologi og oseanografi .....                            | 32 |
| BATF-MIRE Bachelorprogram i miljø- og ressursfag .....                                  | 33 |
| BAMN-MOL Bachelorprogram i molekylærbiologi .....                                       | 35 |
| BAMN-NANO Bachelorprogram i nanoteknologi .....   | 37 |
| BAMN-PTEK Bachelorprogram i petroleum- og prosessteknologi.....                         | 38 |
| <b>Profesjonsstudiar.....</b>   | 39 |
| MAMN-FISK Profesjonsstudium i fiskehelse .....  | 39 |
| <b>Integrert lærarutdanning .....</b>   | 40 |
| MAMN-LÆRE Lærarutdanning med master i naturvitenskap.....                               | 40 |
| MAMN-4LÆRE Integrert adjunktutdanning med matematikk og naturfag.....                   | 45 |
| <b>Masterprogram.....</b>   | 47 |
| <b>    Masterprogram i biologi .....</b>  | 47 |
| MAMN-BIODI Masterprogram i biologi - Biodiversitet, evolusjon og økologi.....           | 47 |
| MAMN-BIOGEO Masterprogram i biologi - Geobiologi .....                                  | 48 |
| MAMN-BIOMI Masterprogram i biologi - Mikrobiologi .....                                 | 49 |
| <b>    Masterprogram i fiskeribiologi og forvalting .....</b>                           | 50 |
| MAMN-FIFO Masterprogram i fiskeribiologi og forvalting .....                            | 50 |
| <b>    Masterprogram i havbruksbiologi.....</b>   | 51 |
| MAMN-HAV Masterprogram i havbruksbiologi .....  | 51 |
| <b>    Masterprogram i ernæring.....</b>  | 52 |
| MAMN-NUERN Masterprogram i ernæring - Ernæring hos akvatiske organismar i oppdrett..... | 52 |
| <b>    Masterprogram i fysikk .....</b>   | 53 |

|  |           |
|--|-----------|
| MAMN-FYHYD Masterprogram i fysikk - Akustikk .....                               | 53        |
| MAMN-FYMÅL Masterprogram i fysikk - Målevitskap og instrumentering.....          | 54        |
| MAMN-FYKJR Masterprogram i fysikk - Kjernefysikk .....                           | 55        |
| MAMN-FYMIK Masterprogram i fysikk - Mikroelektronikk .....                       | 56        |
| MAMN-FYOP Masterprogram i fysikk - Optikk og atomfysikk .....                    | 57        |
| MAMN-FYPAR Masterprogram i fysikk - Partikkelfysikk .....                        | 58        |
| MAMN-FYROM Masterprogram i fysikk - Romfysikk.....                               | 59        |
| MAMN-FYTEO Masterprogram i fysikk - Teoretisk fysikk og energifysikk.....        | 60        |
| <b>Masterprogram i meteorologi og oseanografi.....</b>                           | <b>61</b> |
| MAMN-GFFYS Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Fysisk oseanografi ..... | 61        |
| MAMN-GFKJ Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Kjemisk oseanografi.....  | 62        |
| MAMN-GFKLI Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Klimadynamikk.....       | 63        |
| MAMN-GFMET Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Meteorologi .....        | 64        |
| <b>Masterprogram i geovitskap .....</b>  | <b>65</b> |
| MAMN-GVDYN Masterprogram i geovitskap - Geodynamikk .....                        | 65        |
| MAMN-GVKVA Masterprogram i geovitskap - Kvartærgeologi og paleoklima .....       | 66        |
| MAMN-GVMAR Masterprogram i geovitskap - Marin geologi og geofysikk.....          | 67        |
| MAMN-GVBIOKJ Masterprogram i geovitskap - Geobiologi og geokjemi .....           | 68        |
| MAMN-GVPET Masterprogram i geovitskap - Petroleumsgeofag .....                   | 69        |
| <b>Masterprogram i informatikk.....</b>  | <b>70</b> |
| MAMN-INFAG Masterprogram i informatikk - Algoritmar.....                         | 70        |
| MAMN-INFBI Masterprogram i informatikk - Bioinformatikk.....                     | 71        |
| MAMN-INFOP Masterprogram i informatikk - Optimering.....                         | 72        |
| MAMN-INFPR Masterprogram i informatikk - Programutvikling .....                  | 73        |
| MAMN-INFSI Masterprogram i informatikk - Sikker og trådløs kommunikasjon.....    | 74        |
| MAMN-INFVI Masterprogram i informatikk - Visualisering.....                      | 75        |
| <b>Masterprogram i kjemi.....</b>  | <b>76</b> |
| MAMN-KJBIO Masterprogram i kjemi - Biofysikalsk kjemi .....                      | 76        |
| MAMN-KJFYS Masterprogram i kjemi - Fysikalsk kjemi .....                         | 77        |
| MAMN-KJMET Masterprogram i kjemi - Kjemometri .....                              | 78        |
| MAMN-KJMIL Masterprogram i kjemi - Miljøkjemi.....                               | 79        |
| MAMN-KJMOD Masterprogram i kjemi - Molekylær modellering .....                   | 80        |
| MAMN-KJORG Masterprogram i kjemi - Organisk kjemi.....                           | 81        |
| MAMN-KJUOR Masterprogram i kjemi - Uorganisk kjemi.....                          | 82        |
| <b>Masterprogram i anvendt og utrekningsorientert matematikk .....</b>           | <b>83</b> |
| MAMN-MAB Master i anvend og utrekningsorientert matematikk.....                  | 83        |
| <b>Masterprogram i marinbiologi .....</b>  | <b>85</b> |
| MAMN-MARAK Masterprogram i marinbiologi - Akvatisk økologi .....                 | 85        |
| MAMN-MARBI Masterprogram i marinbiologi - Marin biodiversitet .....              | 86        |
| MAMN-MARFI Masterprogram i marinbiologi - Fiskebiologi .....                     | 87        |
| <b>Masterprogram i matematikk.....</b>   | <b>88</b> |
| MAMN-MATAG Masterprogram i matematikk - Algebra/algebraisk geometri .....        | 88        |
| MAMN-MATAN Masterprogram i matematikk - Matematisk analyse .....                 | 89        |
| MAMN-MATTO Masterprogram i matematikk - Topologi.....                            | 90        |
| MAMN-MATSK Masterprogram i matematikk – Skoleretta matematikk .....              | 91        |
| <b>Masterprogram i molekylærbiologi.....</b>                                     | <b>92</b> |
| MAMN-MOL Masterprogram i molekylærbiologi.....                                   | 92        |
| <b>Masterprogram i petroleumsteknologi.....</b>                                  | <b>93</b> |
| MAMN-PETFY Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoarfysikk .....           | 93        |
| MAMN-PETGF Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoargeofysikk .....        | 94        |

|  |            |
|--|------------|
| MAMN-PETGO Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoargeologi.....           | 95         |
| MAMN-PETKJ Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoarkjemi.....             | 96         |
| MAMN-PETMK Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoarmekanikk .....         | 97         |
| <b>Masterprogram i prosessteknologi .....</b>                                    | <b>98</b>  |
| MAMN-PROFL Masterprogram i prosessteknologi - Fleirfasesystem .....              | 98         |
| MAMN-PROKJ Masterprogram i prosessteknologi - Kjemometri .....                   | 99         |
| MAMN-PROSE Masterprogram i prosessteknologi - Separasjon.....                    | 100        |
| MAMN-PROSI Masterprogram i prosessteknologi - Sikkerheitsteknologi .....         | 101        |
| <b>Masterprogram i statistikk.....</b>   | <b>102</b> |
| MAMN-STADA Masterprogram i statistikk - Dataanalyse .....                        | 102        |
| MAMN-STAFI Masterprogram i statistikk - Finansteori og forsikringsmatematikk.... | 103        |
| MAMN-STAMA Masterprogram i statistikk - Matematisk statistikk.....               | 104        |
| <b>Masterprogram i nanovitskap.....</b>  | <b>105</b> |
| MAMN-NANO Masterprogram i Nanotevitskap .....                                    | 105        |
| <b>Senter for farmasi.....</b>   | <b>107</b> |
| MATF-FARM Integrert masterprogram i farmasi .....                                | 107        |
| MATF-FARMR Masterprogram i farmasi for reseptarar .....                          | 108        |
| Emner .....  | 109        |
| Examen philosophicum .....   | 109        |
| Emne i fagdidaktikk .....  | 111        |
| Emne i biologi (BIO).....  | 114        |
| Emne i geofysikk (GEOF).....   | 126        |
| Emne i geovitskap (GEOV) .....   | 136        |
| Emne i informatikk (INF) og informatikkemne ved HiB .....                        | 160        |
| Emne i kjemi (KJEM) .....  | 177        |
| Emne i marinbiologi (MAR) .....  | 193        |
| Emne i matematikk (MAT) .....  | 204        |
| Emne i mikrobiologi (MIK) .....  | 221        |
| Tverrfaglege emne (MNF) .....  | 223        |
| Emne i molekylærbiologi (MOL) .....  | 227        |
| Emne i nanoteknologi (NANO) .....  | 233        |
| Emne i fysikk (PHYS).....  | 236        |
| Emne i petroleum- og prosessteknologi (PTEK) .....                               | 256        |
| Emne i statistikk (STAT) .....   | 265        |
| Index liste for emne .....   | 270        |

# Realfagsstudiar

---

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet tilbyr ei rekke studieprogram innan realfag. Du kan velje studieprogram på lågaregrad (bachelorprogram eller årsstudium) eller høgaregrad (masterprogram). Vi har også nokre profesjonsstudiar. Opptakskrav samt skildring av dei ulike typar studieprogram finn du her.

**Eit årsstudium** i naturvitenskaplege fag gir studierett i eit år (60 studiepoeng) og fører ikke fram til nokon grad. Eit årsstudium kan være ei førebuing til eit bachelorprogram eller eit supplement til andre allereie avslutta studie.

Det er fleire måtar å fylle eit årsstudium på:

- Du kan følgje ei tilrådd emnesamsetjing for å få undervisningsgrunnlag i skuleverket (vidaregåande skule eller grunnskule)
- Du kan fritt setje saman opne emne frå ulike fagområder ved Universitetet i Bergen.

**Bachelorprogram** er i utgangspunktet eit 3-årig studieprogram dersom ein fylgjer normal studieprogresjon. Vi har ei rekke bachelorprogram innanfor realfagsdisiplinane. For å oppnå ein bachelorgrad må ein fylgje visse kriteriar. Samla omfang på ein bachelorgrad er 180 Studiepoeng, og må inkludere følgjande:

- Examen philosophicum
- Innføringsemne på inntil 20 studiepoeng, av desse 10 SP matematikk
- Spesialiseringsemne
- Valemne

Bachelorprogrammet startar for alle realfagsstudentar med Examen philosophicum, eit innføringsemne i matematikk og eit faglig innføringsemne som er tilpassa dei ulike studieprogram. I nokre bachelorprogram kan du velje innføringsemnet i matematikk avhengig av kva bakgrunn i matematikk du har, i andre bachelorprogram er det eit krav om eit spesielt matematikkemne. Påfølgande semester går med til emne der ein spesialiserer seg innan fagområdet. Bachelorprogrammet inneholder også valemne. Dette gir deg fleksibilitet til å velje emne fritt, også på tvers av fagområde. Du kan også ta delar av bachelorprogrammet i utlandet.

Bachelorstudiet er normert til 3 år for ein fulltidsstudent, men du bestem sjølv kva progresjon du vil ha. Ynskjer du å endre studieplanen din, eller ta permisjon, så kan du ta kontakt med din

studierettleiar. Det er mogleg å søkje overgang til andre bachelorprogram. Spesielt i den første halvparten av bachelorstudiet er ei overgang mogleg utan å miste tid på studiet. Når du har oppnådd ein bachelorgrad kan du søkje deg vidare på eit masterprogram.

**Profesjonsstudium** har eit fast oppsatt studieprogram som i utgangspunktet skal leie fram til ein profesjon. Ynskjer du å ta profesjonsstudie kan du velje mellom Profesjonsstudiet i fiskehelse eller adjunkt- og lektorutdanning..

**Masterprogram** er eit 2-årig studie (120 studiepoeng), og du kan velje mellom ulike studierettingar. Masterprogrammet vert kontinuerlig evaluert i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. Masterprogram består i hovudsak av ei vitskapeleg prosjektoppgåve som normalt utgjer eitt års arbeid. I tillegg må du ta eit teoretisk pensum tilsvarende eitt års arbeid. I nokre studierettingar er det høve til å ta ei mindre prosjektoppgåve som tilsvarer eitt halvt års arbeid, samt eit pensum tilsvarende halvanna års arbeid. Opptakskrava til eit masterprogram er gjennomført bachelorgad eller tilsvarende utdanning. I tillegg må gjennomsnittskarakteren i bachelorstudiet eller tilsvarende utdanning normalt være på C eller betre.

Masterprogrammet skal styrke analytiske evner og metodisk kompetanse. Det blir lagt stor vekt på eigeninnsats i form av eit større skriftleg arbeid, oppgåveløysing og aktiv deltaking i undervisninga. Masterstudiet gir grunnlag for Ph.d-studiar innan fagområdet. For å vere kvalifisert for å søkje opptak til Ph.d-utdanning må gjennomsnittskarakterane på emna i spesialiseringa i bachelorgraden, emna i mastergraden, samt masteroppgåva være på C eller betre. Sjå gjerne kap. PhD-graden.

## Opptakskrav: sjå neste side

## Forts. realfagsstudiar

### Opptakskrav

Føresetnad for å bli tatt opp ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet ved Universitetet i Bergen er generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle realfagskravet:

**Realfagskravet (REALFA)** gjeld for dei fleste bacheloprogram samt årsstudiet:

Matematikk R1 eller (S1 + S2). I tillegg må ein ha enten:  
Matematikk (R1 + R2) eller Fysikk (1 + 2) eller Kjemi (1 + 2) eller Biologi (1 + 2) eller Informasjonsteknologi (1 + 2) eller Geofag (1 + 2) eller Teknologi og forskningslære (1 + 2)

**Realfagskravet (MATRS)** stilles for Bachelorprogram i DataTeknologi og IKT:  
Matematikk R1 eller (S1 + S2).

For det tverrfakultære program miljø- og ressursfag gjelder følgande:

Studentar som veljar ein realfagleg fordjuping må fylle realfagskravet (REALFA).

**Med Kunnskapsløftet, den nye reforma i norsk vidaregåande opplæring, har det kome nye fagkodar.**

**Søkjrarar kan fylle krava med fag frå Reform 94 eller tidlegare ordningar.**

### Informasjon og rettleiing

Har du spørsmål om realfagsstudiar, eller ynskjer du råd i den vidare planlegginga av studiet, ta gjerne kontakt med Infosenteret for realfagsstudentar.

Besøksadresse:

Infosenter for realfagsstudentar  
Allégaten 41,  
Realfagbygget, U.etg.

Epostadresse: [studierettleiar@mnfa.uib.no](mailto:studierettleiar@mnfa.uib.no)

Telefon: 55 58 30 30

---

## Kontaktpersonar på bachelorprogram

---

**Biologi**

Beate Ulrikke Rensvik, studierettleiar på Institutt for biologi, Telefon 55 58 22 41

**Datavitsskap**

Steinar Heldal, studierettleiar på Institutt for informatikk, Telefon 55 58 40 25

**Datateknologi**

Steinar Heldal, studierettleiar på Institutt for informatikk, Telefon 55 58 40 25

**Fiskehelse**

Tommy Strand, studierettleiar på Institutt for biologi, Telefon 55 58 44 09

**Fysikk**

Hanne Israelsen, studierettleiar på Institutt for fysikk og teknologi, Telefon 55 58 27 66

**Geovitsskap (geologi og geofysikk)**

Caroline Ertsås Christie, studierettleiar på Institutt for geovitsskap, Telefon 55 58 35 25

**Havbruksbiologi**

Tommy Strand, studierettleiar på Institutt for biologi, Telefon 55 58 44 09

**Informatikk-matematikk-økonomi (IMØ)**

Kontaktperson: Steinar Heldal, studierettleiar på Institutt for informatikk, Telefon 55 58 40 25

**Integritt adjunktutdanning i matematikk og naturfag**

Marianne Jensen, koordinator for lærarutdanninga, Telefon 55 58 28 41

**Integritt lektorutdanning med master i naturvitsskap eller matematikk**

Marianne Jensen, koordinator for lærarutdanninga, Telefon 55 58 28 41

**Kjemi**

Guro Kristin Øvsthus, studierettleiar på Kjemisk institutt, Telefon 55 58 34 45

**Matematiske fag**

Kristine Lysnes, studierettleiar på Matematisk institutt, Telefon 55 58 28 34

**Meteorologi og oseanografi**

Elin Sletbakk, studierettleiar på Geofysisk institutt, Telefon 55 58 28 93

**Miljø og ressursfag**

Kontaktperson: Beate Ulrikke Rensvik, studierettleiar på Institutt for biologi, Telefon 55 58 42 41

**Molekylærbiologi**

Mariell Ryste Hauge , studierettleiar på Molekylærbiologisk institutt, Telefon 55 58 45 29

**Nanoteknologi**

Hege Ommedal, koordinator for nanoteknologi, Kjemisk institutt, Telefon 55 58 34 46

**Petroleumsteknologi**

Terje Finnekås, studierettleiar på Institutt for fysikk og teknologi, Telefon 55 58 28 64

**Prosessteknologi**

Terje Finnekås, studierettleiar på Institutt for fysikk og teknologi, Telefon 55 58 28 64

**Årsstudium i naturvitsskaplege fag**

Kontakt infosenter for realfagsstudentar, epost: [studierettleiar@mnfa.uib.no](mailto:studierettleiar@mnfa.uib.no), Telefon 55 58 30 30

# Eksamensordning

For meir informasjon, sjå [uib.no/matnat](http://uib.no/matnat) under menypunktet:  
**Utdanning / Studiehverdag / Eksamensordning ved MN-fakultetet**

## FRIST FOR MELDING TIL EKSAMEN

Siste frist for å melde deg til eksamen er:

**1. september - til haustens eksamenar**

**1. februar – til vårens eksamenar**

## Undervisningsopptak

NB! Nokre få emne har svært avgrensa plass og har derfor undervisningsopptak. Fristen for å melde seg til desse emna er torsdagen den første veka i semesteret

**Torsdag veka 33 i haustsemesteret**

**Torsdag veka 2 i vårsemesteret.**

NB: Andre emne kan òg ha avgrensa plass, og det kan derfor vere lurt å melde seg til eksamen så tidleg som mogleg.

## OBLIGATORISKE AKTIVITETAR

Obligatoriske aktivitetar har ein standardgyldighet på 3 semestre (undervisningssemesteret og dei to påfølgande semestra), dersom ikkje anna er opplyst i emnebeskrivinga.

## 3-GANGERS-REGEL EKSAMEN

Frå og med haustsemesteret 2007 vart 3-gangers regelen for å gå opp til eksamen innført ved fakultetet på nytt. Regelen seier at ein student ikkje kan framstille seg til eksamen i same emne meir enn 3 ganger. Regelen har ikkje tilbakeverkande kraft.

Studentar som er oppmelde til ein eksamen har anledning til å annullere eksamensmeldinga si på Studentweb innan trekkfristen 14 dagar før eksamensdagen. Dersom ein student trekkjer seg innan trekkfristens utløp, eller på grunn av sjukdom må trekke seg frå eksamen i løpet av første eksamensdag, vil ikkje dette telle som eit forsøk. Sjukdom må dokumenterast med gyldig legeerklæring på eksamensdagen eller innan ein uke etter eksamensdato.

## BRUK AV HJELPEMIDDEL UNDER EKSAMEN

1) Oversikt over tillatte hjelpemiddel ved skuleeksamenar skal vere angitt for det enkelte emne i studieplanen. Det skal òg komme fram tydeleg på eksamensoppgåva.

2) Berre følgjande enkle, ikkje-programmerbare kalkulatorar utan grafisk display er tillate brukt ved skriftelege prøvar:

- Casio FX-82 SX/MX
- Hewlett-Packard HP 30
- Texas instruments TI-30

Det er ikkje tillate å kople kalkulatorane til straumnett. Studentane har sjølv ansvar for å skaffe seg ein godkjend kalkulatormodell.

3) Det er ikkje tillete å bringe med seg bruksrettleiningar, programbeskrivingar, ferdige program eller anna tilleggsutstyr.

4) Bruk av ikkje tillate hjelpemidlar vert betrakta som fusk. Dersom ein innehavar hjelpemidlar som ikkje er tillete etter at eksamen er sett i gang, vert dette betrakta som forsøk på fusk.

**Det kan bli tatt stikkprøvar av hjelpemiddel under eksamen.**

## BRUK AV ORDBØKER

Dersom du har behov for å bruke språkleg ordbok under eksamen er dette tillate. Bøkene må leverast inn for kontroll og merking på Infosenteret for realfagsstudentar på Realfagbygget, seinast 2 arbeidsdagar før eksamen. Ordbøkene vert utlevert i eksamenslokalet.

## SÆRSKILT TILRETTELEGGING TIL EKSAMEN

Dersom du har behov for særskilt tilrettelegging til eksamen må du levere ein søknad til Informasjonsenteret ved Utdanningsavdelingen seinast 1 mnd. før eksamen. Søknadsfristar, informasjon og søkerdokumentasjon finn du på [uib.no/utdanning](http://uib.no/utdanning), under menypunktet:

**Om å studere / Eksamensordning / Praktisk informasjon om eksamen / Tilrettelegging til eksamen**

## Ph.d.-graden

---

### Studium og yrke

Fullført og bestått forskarutdanningsgrad i naturvitenskap gir tittelen philosophiae doctor, ph.d.. Studiet er normert til tre år etter avslutta mastergrad og er ei rettleia forskarutdanning med ein formell opplæringsdel.

Studiet skal både gje brei fagleg innsikt og vere ei fordjuping i eit fagområde. Kandidaten skal få opplæring i sjølvstendig forsking, og ved avslutta studium skal ein vere i stand til å virke som forskar eller arbeide med andre oppgåver der det stillast store krav til fagleg innsikt og kunnskap om metodar innan faget.

Ph.d.- utdanninga ved Universitetet i Bergen oppfyller den internasjonale standarden for ei organisert forskarutdanning. Utdanninga er etterspurt for visse stillingstypar i forskingsinstitutt, bedrifter og organisasjoner kor arbeidsoppgåvene er forskingsprega eller ligg på eit høgt fagleg nivå. For tilsetting i vitskapelege stillingar ved universitet krev ein doktorgrad eller tilsvarende kompetanse.

Ph.d.- utdanninga finansierast vanlegvis ved at kandidaten får ei stipendiastilling i 3 eller 4 år. Stipendiastillingar gitt av universitetet er 4-årige og inkluderer 25 % undervisningsplikt. Stipendiastillingar som finansierast av Noregs forskingsråd eller andre eksterne kjelder vert gitt for ein 3-årsperiode. Opptak til forskarutdanninga skjer fortløpende, utan årlege eller semestervise søknadsfristar. Meir informasjon om ph.d.- utdanninga finn du på: [www.uib.no/phd](http://www.uib.no/phd) Her finn du blant anna informasjon om reglement, søknadsskjema for opptak til ph.d.-utdanninga og ph.d.- avtalen.

## Lærarutdanning

---

### Ved UiB kan du utdanne deg til lærar i realfag på to ulike måtar:

- A. Integrert lærarutdanning
- B. Bachelor- eller mastergrad, med eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) som påbygging.

#### A. Integrert lærarutdanning

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet tilbyr to integrerte lærarutdanningsprogram:

- Eit fireårig adjunktprogram som gjev undervisningskompetanse i matematikk og naturfag i grunnskulen. Det er rom for utviding til undervisningskompetanse i vidaregåande skule i enkelte fag.
- Eit femårig lektorprogram med master som gjev undervisningskompetanse i to realfag i vidaregåande skule, i dei fleste tilfeller også naturfag. Man kan velje mellom ei faglig eller skuleretta masteroppgåve. Innanfor nokre fagkombinasjonar er det også mulig å velje ei didaktisk oppgåve.

#### B. Eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

Du kan utdanne deg til lærer ved å ta ein bachelorgrad eller mastergrad som inneholder to undervisningsfag for vidaregåande skule. I tillegg til dette må du ta eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Nærare informasjon om PPU, kan du finne på desse nettsidene:

<http://www.uib.no/studieprogram/PRAPED>

Nedanfor finn du ein oversikt over tilrådde emne med tanke på undervising. Viss du planlegg å ta PPU bør du følgje tilrådingane for vidaregåande skule. Da vil du være sikker på å være kvalifisert for opptak. Men det kan og være andre emnekombinasjonar som er relevante som opptaksgrunnlag. Det er dei einskilde fagmiljøa som vurderer dette. Ta ev. kontakt med studierettleiar på ditt fag. Se ev. også opptaksreglement for PPU:  
<http://regler.uib.no/regelsamling/show.do?id=221>

**NB!** For å komme inn på den PPU krevjast det to undervisningsfag for den vidaregåande skulen sjølv om søkeren har planer om å bli lærar i ungdomsskulen.

**Fortsetter neste side.**

## **Utdanningskrav for faglærar, adjunkt og lektor i grunnskule og vidaregåande skule**

Forskriftene frå Kunnskapsdepartementet (KD) med verknad frå 23. juni 2006 nr. 724 gjev følgjande rammer for lærarutdanninga ved universitetet:

- Det faglege minstekravet for å kunne undervise eit fag i vidaregåande skule er 1 års utdanning i faget (60 studiepoeng).
- Det faglege minstekravet for å kunne undervise eit fag i grunnskulen er 1/2 års utdanning i faget (30 studiepoeng). I matematikk, norsk og engelsk er kravet 1 års utdanning i faget (60 studiepoeng).

Tilsetjande myndigheit for lærarar i grunnskulen er kommunane, og for lærarar i den vidaregåande skulen, fylka. I praksis er det ofte den einskilde skule som føretak kompetanseurderinga av søknader til lærarstillingar.

Fakultetet tilrår følgjande emnesamsetjing som "undervisingskompetanse" i den vidaregåande skulen og i grunnskulen:

### **Vidaregåande skule:**

#### **Kjemi:**

Obligatorisk del: KJEM110, KJEM120 og KJEM130

Minst eitt av emna: KJEM121/KJEM122 og KJEM131

Optil to av emna: KJEM100, KJEM210, KJEM250, KJEM202, KJEM204, MOL100, MOL200

#### **Fysikk:**

PHYS110, PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114 og PHYS115  
eller PHYS101, PHYS102, PHYS110, PHYS114, PHYS115 og eitt av emna PHYS117, PHYS211 eller PHYS231.

*eller*

For kandidatar med mastergrad i geofysikk (meteorologi eller oseanografi) er følgjande emnesamsetning tilrådd:

PHYS110, PHYS111, PHYS112 og minst 30 SP blant emna PHYS113, PHYS114, GEOF110, GEOF120, GEOF130, GEOF220, GEOG310, GEOF320 og GEOF330.

#### **Matematikk:**

MAT111, MAT112, MAT121, STAT110/STAT101 + 20 SP MAT-/STAT-emne, eller tilsvarande (herunder MNF130)

#### **IKT:**

INF100, INF101, INF102, INF110, INF142 og MNF130

Alternativt:

INF100, INF101, MNF130, INFO112, INFO122 og INF102/INF142

#### **Biologi:**

BIO110, BIO111, BIO112, BIO114, MOL100, BIO113/MOL203.

#### **Naturfag:**

90 SP i fysikk, biologi og kjemi, må innehalde:

- PHYS101 + PHYS102,
- To av emna BIO110, BIO111, BIO112, BIO114, BIO201, MOL100
- KJEM110 + et av emna KJEM100, KJEM120, KJEM121/KJEM122, KJEM130, KJEM131

#### **Geofag:**

60 SP innen emna GEOF og GEOL. Det er tilrådd at kandidaten har ei samansetjing med emne fra begge dei to fagfelta.

#### **Grunnskulen:**

#### **Naturfag:**

- PHYS101 + PHYS102,
- To av emna BIO110, BIO111, BIO112, BIO114, BIO201
- KJEM110 + eitt av emna KJEM100, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131

#### **Matematikk:**

MAT101/MAT111, MAT121, STAT101/STAT110 + 30 SP MAT-/STAT-emne, eller tilsvarande (herunder MNF130)

#### **IKT:**

INF100, INF101 og INF102

Alternativt:

INF100, INF101 og INFO122/INFO112

#### **Tilsetjing som lærar: sjå neste side**

## **Tilsetjing som lærar**

### **Adjunkt:**

Med bachelor/cand.mag.-grad og godkjend praktisk-pedagogisk utdanning eller fireårig integrert adjunktutdanning, vert du adjunkt.

### **Lektor:**

Med ei femårig integrert lektorutdanning vert du lektor.

### **Lektor med tilleggsutdanning:**

Med master/cand.scient.-grad og godkjend praktisk-pedagogisk utdanning (til saman 6 år) vert du lektor med tilleggsutdanning.

**Dei nemnde lærarkategoriane kan tilsetjast i dei ulike skuleslaga slik:**

### **Grunnskolen:**

For tilsetjing i undervisningsstilling på 5. - 10. klassetrinn i grunnskulen:

*Universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 SP inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 30 SP relevant utdanning*

### **Den vidaregåande skolen:**

For tilsetjing i undervisningsstilling i allmenne fag i den vidaregåande skulen:

*Universitets- og/eller høgskoleutdanning som samla utgjer minst 240 studiepoeng, inklusive pedagogisk utdanning etter § 14-1, for undervisning i fag/på fagområde der vedkommande har minst 60 SP relevant utdanning*

(Forskrift til opplæringslova §14.2)

## **Studiar i utlandet**

---

Å få fagleg erfaring frå eit anna land er svært verdfullt både i studiesamanheng og seinare i arbeidslivet. Du vil ikkje berre få fagleg utbytte, men vil også tilegne deg språkkunnskap, kulturkunnskap og anna verdfull kompetanse som kan være nyttig på ein internasjonal arbeidsmarknad. Du viser òg framtidige arbeidsgjevarar at du er tilpassingsdyktig og initiativrik. Eit utanlandsopphald kan gje deg mange nye perspektiv både fagleg og personleg. UiB sine realfagsstudiar gjer derfor eit breitt tilbod av delstudiar i utlandet og tilboden er under kontinuerleg utvikling. Se nærmere under: (<http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/studier-i-utlandet>)

Etter Kvalitetsreforma skal studentar som ønskjer det, få tilbod om opphold ved ein lærestad i utlandet som ein del av sin grad. Utdanningsinstitusjonane skal legge til rette for fagleg innpassing og studenten skal få vete på førehand at utlandsopphaldet kan inngå i graden ved heimeinstitusjonen. Målet er at 20 % av studentane skal ha hatt eit utanlandsopphald på 3-12 månader i løpet av bachelorstudiet. Utvekslinga kan skje i Europa eller via bilaterale avtaler som er etablerte mellom UiB og universitet i resten av verda. Særlig anbefalast dei tilrettelagde delstudia på bachelornivå.

### Tilrettelagde delstudiar

Kvart Bachelorprogram har valt ut 2-3 stader som dei anbefaler spesielt. Formålet med å reise ut på slike tilrettelagde delstudium, er at instituttet ditt kjenner godt til studiestaden du vel. På den måten har du, som student, større garanti for at det faglege utbyttet er tilpassa ditt studium ved UiB. Studiekonsulenten for ditt bachelorprogram skal ha god kjennskap til fagtilboda på studiestaden der det er tilbod om tilrettelagte delstudium og vil rettleie deg i dine val.

Dei tilrettelagte delstudia på bachelornivå er i all hovudsak lagt til engelskspråklege land, og vi anbefalar å reise ut i løpet av siste året i bachelorstudiet. Sjå på nettsidene for å få vite kva som anbefalast for ditt studieprogram <http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiemulighet-er-i-utlandet/studiemuligheter-i-utlandet-paa-studieprogrammene>

### **Utvekslingsprogram**

Under finn du ei kort skildring av nokre av utvekslingsprogramma. Du finn meir informasjon om fleire moglegeheter på nettsidene <http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/studier-i-utlandet>

### **Utveksling i Europa**

Erasmusprogrammet er EU sitt program for samarbeid mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Europa og er ein del av EU sitt program for livslang læring (LLP). Erasmus gjer studentar høve til å ta delar av studiet i utlandet. Det dreiar seg om studieopphald på 3 til 12 månader, som skal inngå i ei norsk utdanning/grad. Du får eit Erasmusstipend som for studieåret 2010/2011 er på 2000 kroner per stipendmånad. Når du har gjennomført utvekslinga og elles har oppfylt krava til rapportering og læringsavtale vil du motta eit tilleggsstipend. Storleiken på dette vil variere, men i studieåret 2008/2009 var det på over 1000 kroner per stipendmånad. Erasmusprogrammet gjer ikkje støtte til å ta heile gradar i utlandet. Skal du studere eit heilt år må studiet starte i haustsemestret. Oversikt over UiB sine Erasmusavtaler finn du på nettsidene <http://studentportal.uib.no/erasmus/f?p=194:2:420848026281467>

Viss du ønskjer å studere i Norden, kan du nytte deg av Erasmusavtalar mellom UiB og nordiske universitet, eller du kan reise ut gjennom det nordiske utvekslingsprogrammet Nordplus. Du finn oversikt over Nordplusnettverk på nettsidene <http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/studier-i-utlandet/kva-naar-og-kvar/kvar-vil-du-dra/utveksling-i-norden>. Dersom det ikkje fins nettverk innan ditt fagfelt, kan det likevel vere mogleg å utveksle gjennom Nordlysnettverket.

### **Utveksling i resten av verda - Bilaterale avtaler**

Utanfor Erasmus/Nordplus skjer Utvekslinga gjennom det vi kallar bilaterale avtalar. Dette er samarbeidsavtalar direkte mellom UiB og eit anna universitet. Informasjon om samarbeidsuniversita utanfor Europa finner du meir om på: <http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/studier-i-utlandet/kva-naar-og-kvar/kvar-vil-du-dra/utveksling-i-resten-av-verden>

## **Praktisk informasjon**

Det er viktig å starte planlegginga i god tid på førehand. Du søker tidleg i semesteret før du reiser ut, og det kan ta tid å få innhenta den informasjonen og dei stadfestingar som er nødvendige.

Det er også viktig å tenkje gjennom kva føresetnader ein har for å gjennomføre eit delstudium i utlandet. I ei rekkje land vil all undervising, både førelesningar og pensum, bli gitt på morsmålet. Lånekassa vil kunne gje stipend til språkopplæring og anna tilrettelegging, men språkopplæringa må takast før semesteret startar og ellers fylle Lånekassa sine kriterier for å gje rett til stipend. Sjå [www.lanekassen.no](http://www.lanekassen.no)

Godt fagleg grunnlag er også viktig. Eit formelt krav er at alle studentar som ønskjer å ta delar av studiet sitt i utlandet må ha studert i minst eit år og ha bestått eksamenar tilsvarande normal studieprogresjon.

## **Finansiering**

Du får lik basisstønad (lån og stipend) fra Lånekassen for utdanning i Norge og i utlandet. Lånekassen krev at undervisningsopplegget ditt ved verstsinstitusjonen er førehandsgodkjent som ein del av utdanninga di og at det ikkje fører til at du blir fagleg forsinka. Lånekassen har også ordningar for reisestønad og stønad til skulepengar/studieavgifter.

Erasmus- og Nordplus studentar får i tillegg eit stipend på ca 3000 kr per mnd via utvekslingsprogrammet. Dei slepp å betale studieavgifter ved verts -institusjonen (berre semesteravgifta ved UiB) og får oftast hjelp til finne bustad.

## **Søknadsskjema og fristar**

Det kan være ulike søknadsfristar for de ulike institusjonane. For utreise våren 2011 er mange av fristane allereie 1. september året før, så undersøk i god tid! Ei fullstendig og oppdatert oversikt vil du finne på Studentportalen:

<http://www.uib.no/utdanning/om-aa-studere/studier-i-utlandet/slik-gaar-du-fram/soknadsfristar>

## **Meir informasjon**

Studentar som ønskjer å ta delar av studiet i utlandet, må først sette seg inn i all informasjon som blir gitt om utveksling på nettsidane våre.

Har ein generelle spørsmål om utveksling, kan ein ta kontakt med Utdanningsavdelinga,, Langesgate 3

### **Opningstid:**

**Kl. 09.00 - 13.00 man/tirs/ons/fre**

**Kl. 10.00 - 15.00 tors.**

**Tel: 55 58 21 40.**

**E-post til: [utveksling@uib.no](mailto:utveksling@uib.no)**

Om du treng fagleg rettleiing og råd om kvar du på reise på utveksling, tek du kontakt med studiekonsulenten på ditt studieprogram. Der får du også rettleiing om og godkjenning av emna du vil ta i utlandet. Fagleg informasjon om stader utanfor etablerte ordningar må skaffast fram av studenten sjølv.

# Universitetssenteret på Svalbard (UNIS)

Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) er eit AS. UNIS sitt formål er å gi studietilbod på universitetsnivå og å drive forsking med utgangspunkt i Svalbards geografiske plassering i eit høgarktisk område, og dei spesielle fortrinna dette gir gjennom bruk av naturen som laboratorium, arena for observasjonar og innsamling og analyse av data. Studia skal være eit supplement til den undervisninga som gis ved universita på fastlandet, og så langt som mogleg inngå i eit ordinært studieløp som fører fram til eksamen og grad på bachelor-, master- og ph.d -nivå.

UNIS er lokalisert i Longyearbyen på 78<sup>0</sup> N. Studietilbodet har ein internasjonal profil, med inntil halvparten av studentane rekruttert frå utlandet. Undervisninga blir gitt på engelsk.

Det gis undervisning i følgjande studierettingar:

- Arktisk biologi (AB)
- Arktisk geologi (AG)
- Arktisk geofysikk (AGF)
- Arktisk teknologi (AT)

Det vert gitt tilbod om både semester og årsstudiar på laveregrad og intensive kurs på master – og PhD-nivå.

## Kvifor studere ved UNIS?

Ved å studere dei arktiske faga ved UNIS, får du ein langt tettare kontakt mellom det som vert undervist og det du ser rundt deg. Studiet har også ein stor del av feltbasert undervisning.

Nesten 60 % av Svalbard er dekka av isbrear og resten av øya er utsett for vedvarande permafrost. Du har difor anledning til å få betre kjennskap til blant anna glasiologiske, geomorfologiske- og hydrogeologiske prosessar.

Svalbard har ein eineståande geologi som består av ei lang rekke med avsetningar frå prekambrium, sein paleozoikum til mesozoikum, tertiar og kvartær. Dette gir deg ein unik anledning til å forstå viktige geologiske prinsipp innanfor sedimentologi, strukturgeologi og stratigrafi.

Kursa som vert tilbydd innan arktisk geofysikk gir deg ei innføring i prosessane som verkar frå djuphavet opp til den ytterste grensa av atmosfæren. Du får anledning til bl.a. å studere samspelet mellom lufta og havet (fysisk oseanografi) samt varmetransport i polare områder og kva betydning dette har både lokalt og globalt (meteorologi).

Svalbard er eit naturleg laboratorium for å studere bl.a. lysande nattskyer og unormale radarrefleksjonar i den midtre polare atmosfæren eller nordlys (Aurora Borealis) i den øvre polare atmosfæren.

Dei teknologiske kursa tar for seg teknologiske og miljømessige problem som er relevant i arktiske områder. Undervisninga er fokusert rundt arktisk ingeniørverksemd og arktiske miljøstudiar.

Sentrale tema for biologien som undervises på UNIS er taksonomi, diversitet og økologi. Ein ser også på fysiologi til fauna og flora på Svalbard relatert til dei fysiske og kjemiske miljøa.

## Opptak

Studentar som blir tatt opp til UNIS, vil framleis vere registrert ved UiB. Du betaler semesteravgift og melder deg til eksamen ved UiB. UNIS har forkunnskapskrav for å bli tatt opp til kurs på dei ulike studierettingane. Desse er:

**AB: 45 SP biologi**

**AG: 60 SP realfag (med 30 SP geofag)**

**AGF: 90 SP (matematikk/geofysikk/fysikk)**

**AT: 60 SP (matematikk/fysikk/mekanikk)**

På master og PhD kursa må søkerar i tillegg dokumentere at kurset har fagleg relevans for eit stidium.

## Søknadsfrist

15. april og 15. oktober.

Du søker via nettsøknad [www.unis.no](http://www.unis.no)

Ta gjerne kontakt med UNIS direkte

[studadm@unis.no](mailto:studadm@unis.no) eller Infosenteret for

realfagsstudentar om du har spørsmål.

## Innpassing av UNIS-emne i ein UiB-grad

Alle kursa på UNIS er godkjent ved UiB, og kan difor inngå som emne i graden ved UiB. Bachelorstudentar kan velje fritt blant 200-talls kurs, medan Master- og PhD-studentar vel blant 300-tallskurs. Eventuelle unntak vert gjort i samråd med UNIS.

Bachelorprogram som har tilrådd studieplan for eit UNIS opphold finn du under.

Ta kontakt med din studierettleiar på studieprogram om kursa du ynskjer å ta ved UNIS vil kunne erstatte fag eller gi studiepoengsreduksjon for fag ved UiB.

Dersom du ynskjer å ta deler av forskingsoppgåva under master- eller Ph.d.-graden ved UNIS, må dette avtalast på forhand. Du må då søkje spesielt om dette og du må mellom anna bli tildelt ein fagleg kontaktperson ved UNIS.

## Kurstilbod ved UNIS 2010/2011

Sjå [www.unis.no](http://www.unis.no) for kursoversikt.

UNIS sin kurskatalog finn du ved infosenter for realfagsstudentar. Du kan også laste ned kurskatalogen frå UNIS sine nettsider.

## Studieplanar

Enkelte studieprogram ved MNfakultetet har tilrettelagt studieplan for eit UNIS opphold. Sidan fagområda som blir undervist på UNIS omfatter Arktisk biologi, geologi, geofysikk og teknologi vil det i hovudsak være studieprogram som er relatert til desse faga som har tilrettelagte studieplanar. Ta gjerne kontakt med studieveileder på ditt studieprogram for å vite om kursa du ynskjer å ta ved UNIS vil kunne erstatte fag eller gi studiepoengsreduksjon for fag ved UiB.

### Bachelor/masterprogram i fysikk

For bachelor- og masterstudenter i fysikk som ynskjer å studere eit semester ved UNIS tilrås følgjande emne:

AGF-331 Remote sensing and spectroscopy (15 SP, vår, optikk)

AB-203 Artic Environmental Management (15 SP, vår)

AGF-304 Radar Diagnostics of Space Plasma (15, vår, ved anbefaling)

Studenter som siktar seg inn på ein mastergrad i romfysikk vert oppmoda om å ta emnet

AGF-301 The Upper Polar Atmosphere (15 SP, vår)

Andre valfag vår semester:

SH-201 The history of Svalbard (6 SP)

AS-101 The Arctic Survival and Safety Course (3 SP)

| 6. V | AGF301    |             | Val *   |
|------|-----------|-------------|---------|
| 5. H | PHYS117   | PHYS115/116 | Val     |
| 4. V | PHYS112   | PHYS113     | PHYS114 |
| 3. H | MAT212    | PHYS110     | PHYS111 |
| 2. V | MAT112    | MAT121      | MAT131  |
| 1. H | Ex. phil. | MAT111      | MNF140  |

Valemner for haust semester:

AGF-213 Polar meteorology and climate (15 SP)

AGF-214 Polar ocean climate (15 SP)

### Bachelorprogram i meteorologi og oseanografi

Under bachelorprogrammet i meteorologi og oseanografi har du mulighet til å tilbringe 5. og/eller 6. semester på UNIS for å lære meir om dei særlege forholda i arktiske strøk. Sjå tilrådd studieplan under.

*UNIS-alternativ:*

*Bachelorprogram i meteorologi og oseanografi*

|     |                  |               |
|-----|------------------|---------------|
| 6.V | UNIS: AGF-211    | UNIS: AGF-212 |
| 5.H | UNIS: AGF-213    | UNIS: AGF-214 |
| 4.V | GEOF110          | GEOF120       |
| 3.H | Val<br>emneliste | PHYS111       |
| 2.V | MAT112           | MAT121        |
| 1.H | Ex. phil.        | Matematikk    |
|     |                  | MNF140        |

## Bachelorprogram i biologi:

Det vert gitt følgjande emnefritak:

- AB-201 gir fritak for BIO201
- AB-202 gir fritak for BIO202
- AB-204 gir fritak for BIO201

Under følgjer tilrådd studieplanar for studentar som ynskjer å ta eit eller flere semester ved UNIS i løpet av bachelorgraden i biologi.

### **UNIS-alternativ 1:**

Ein kan ta faga BIO201/202 ved UiB og så ta eit halvt år ved UNIS (AB-203/204). Denne kombinasjonen gir full poenguttelling.

| <b>6.V</b> | <b>UNIS: AB-203</b> |                           | <b>UNIS: AB-204</b>         |
|------------|---------------------|---------------------------|-----------------------------|
| <b>5.H</b> | <b>Val</b>          | <b>Val</b>                | <b>Val</b>                  |
| <b>4.V</b> | <b>Val</b>          | <b>BIO201</b>             | <b>BIO202</b>               |
| <b>3.H</b> | <b>BIO112</b>       | <b>BIO113</b>             | <b>BIO114</b>               |
| <b>2.V</b> | <b>BIO110</b>       | <b>BIO111</b>             | <b>MOL100</b>               |
| <b>1.H</b> | <b>Ex. phil.</b>    | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> | <b>KJEM100/<br/>KJEM110</b> |

### **UNIS-alternativ 2:**

Ein startar allereie 4. semester ved UNIS, med faga AB-203/204 fulgt av AB-201/202. Det 6. semesteret kan ein nyttar til valfag som spesialiserar mot mastergraden, spesialemlerner ved UNIS eller studiar i utlandet. Denne kombinasjonen gir full poenguttelling.

| <b>6.V</b> | <b>Val</b>          | <b>Val</b>                | <b>Val</b>                  |
|------------|---------------------|---------------------------|-----------------------------|
| <b>5.H</b> | <b>UNIS: AB-201</b> | <b>UNIS: AB-202</b>       |                             |
| <b>4.V</b> | <b>UNIS: AB-203</b> | <b>UNIS: AB-204</b>       |                             |
| <b>3.H</b> | <b>BIO112</b>       | <b>BIO113</b>             | <b>BIO114</b>               |
| <b>2.V</b> | <b>BIO110</b>       | <b>BIO111</b>             | <b>MOL100</b>               |
| <b>1.H</b> | <b>Ex. phil.</b>    | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> | <b>KJEM100/<br/>KJEM110</b> |

### **UNIS-alternativ 3:**

Ein kan ta faga AB-201/202 ved UNIS for å studere der eit helt år. I så fall kan 4. semester brukes til å ta valfag (f.eks. ekstra kjemi) eller studiar i utlandet, mens 5. og 6. semester tas ved UNIS.

| <b>6.V</b> | <b>UNIS: AB-203</b> | <b>UNIS: AB-204</b>       |
|------------|---------------------|---------------------------|
| <b>5.H</b> | <b>UNIS: AB-201</b> | <b>UNIS: AB-202</b>       |
| <b>4.V</b> | <b>Val</b>          | <b>Val</b>                |
| <b>3.H</b> | <b>BIO112</b>       | <b>BIO113</b>             |
| <b>2.V</b> | <b>BIO110</b>       | <b>BIO111</b>             |
| <b>1.H</b> | <b>Ex. phil.</b>    | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> |

## Bachelorprogram i geovitskap

Universitetssenteret på Svalbard (UNIS), gir deg ein anledning til studere unike geologiske formasjonar. Følgjande emne ved UNIS gir emnefritak for GEOV-emner ved UiB:

- AG204 gir fritak for GEOV106
- AG209 gir fritak for GEOV105
- AG210 gir fritak for GEOV321
- AG211 gir fritak for GEOV108

Under følgjer tilrådde studieplanar for studentar som ynskjer å studere eit eller to semestre ved UNIS i løpet av bachelorgraden.

### **UNIS: Geologi, Alternativ 1**

| <b>6. V</b> | <b>GEOV104</b>              | <b>Val</b>                | <b>Val</b>     |
|-------------|-----------------------------|---------------------------|----------------|
| <b>5. H</b> | <b>GEOV108/<br/>GEOV109</b> | <b>GEOV107</b>            | <b>Val</b>     |
| <b>4. V</b> | <b>UNIS: AG-209</b>         | <b>UNIS: AG-204</b>       |                |
| <b>3. H</b> | <b>GEOV103</b>              | <b>Val</b>                | <b>Val</b>     |
| <b>2. V</b> | <b>GEOV101</b>              | <b>GEOV102</b>            | <b>GEOV111</b> |
| <b>1. H</b> | <b>Ex.phil.</b>             | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> | <b>val</b>     |

### **UNIS: Geologi, Alternativ 2**

| <b>6. V</b> | <b>UNIS: AG-209</b>         | <b>UNIS: AG-204</b>       |
|-------------|-----------------------------|---------------------------|
| <b>5. H</b> | <b>GEOV108/<br/>GEOV109</b> | <b>GEOV107</b>            |
| <b>4. V</b> | <b>GEOV104</b>              | <b>Val</b>                |
| <b>3. H</b> | <b>GEOV103</b>              | <b>Val</b>                |
| <b>2. V</b> | <b>GEOV101</b>              | <b>GEOV102</b>            |
| <b>1. H</b> | <b>Ex.phil.</b>             | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> |

### **UNIS: Geofysikk- geologisk retning**

| <b>6. V</b> | <b>UNIS:AG-209</b> | <b>UNIS: AG-204</b>       |
|-------------|--------------------|---------------------------|
| <b>5. H</b> | <b>GEOV272</b>     | <b>GEOV107</b>            |
| <b>4. V</b> | <b>GEOV102</b>     | <b>GEOV104</b>            |
| <b>3. H</b> | <b>GEOV112</b>     | <b>GEOV113</b>            |
| <b>2. V</b> | <b>GEOV101</b>     | <b>MAT121</b>             |
| <b>1. H</b> | <b>Ex.phil.</b>    | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> |

# Innpassing/godkjenning av eksterne emner

## Søknad om innpassing

Utdanning frå andre universitet og høgskular kan inngå i gradar ved Universitetet i Bergen. Ekstern høgare utdanning bør difor registrerast ved UiB. Dersom du ynskjer å bruke SP frå ein ekstern lærestad i ein grad ved Universitetet i Bergen skal du søkje om innpassing. Innpassing er ein fagleg vurdering av din tidlegare utdanning. Relevante emne og kurs i utdanninga di vert samanlikna med emne gitt ved fakultetet. Du vil få eit brev når saka er ferdigbehandla om eventuelle fritak og/eller overlapp (poengreduksjon) mot UiB emne.

Søknadsskjema finn du på nettsida  
<http://www.uib.no/matnat/utdanning/reglement-og-prosedyrer> eller ved Infosenteret for realfagsstudentar, Realfagbygget.

**NB!** Innpassinga gjeld for det studieprogrammet du søker innpassing mot. Dersom du skifter studieprogram må du søkje om ei ny innpassing, sjølv om studieprogramma innehold fleire av dei same emna.

## Krav til dokumentasjon

For å få ei best mogleg vurdering av dine eksterne emne må følgjande dokumentasjon leggast ved søknaden:

- **Vitnemål/diplom og/eller karakterutskrift.**  
For å få den endelige godkjenninga **MÅ** alle vitnemål og karakterutskrifter visast **i original**.  
Originalt vitnemål/karakterutskrift kan leggast ved innpassingssøknaden (du får sendt det tilbake) eller visast i Infosenter ved Utdanningsavdelinga, Langesgt 1 (gjelder **norsk utdanning**) eller ved Infosenteret for realfagsstudentar, Realfagbygget (gjelder **utanlandsk utdanning**).
- **Studie-/fagplanar**  
Fyldig dokumentasjon som beskriver dei ulike faga/emna som skal innpassast. Det kan f.eks. vere kopi av studiehandbok, utskrift frå internett eller lenka til ein relevant nettstad frå utdanningsinstitusjonen.

## Generell informasjon om utdanninga

Beskriving av oppbygging og lengde på studiet, undervisningsformer, vurderingssystem, eksamensform, karaktersystem og poengsystem. Dersom lærestaden **ikkje** har eit studiepoengsystem, må det leggast ved ein oversikt frå institusjonen som angir kor stor del av hele studiet det enkelte kurs utgjorde. Karakterskala må dokumenterast. Du kan også gi lenka til ei relevant nettstad frå utdanningsinstitusjonen.

## Utanlandsk utdanning

Utdanning frå andre land må vurderast spesielt. Det er viktig å kunne dokumentere heile utdanning frå utanlandske institusjonar med karakterutskrift og vitnemål som viser omfang, nivå og innhald av utdanninga.

For søkerar med utanlandsk utdanning må relevant dokumentasjon om utdanninga, som f.eks. generell informasjon, studie-/fagplanar, kursoversikter m.m., være enten bekrefta av den aktuelle institusjonen, eller finnes som ein offisiell studiehandbok/universitetskatalog/nettside.  
Har du spørsmål angående innpassing/godkjenning av utanlandsk utdanning kan du kontakte Infosenteret for realfagsstudentar, Realfagbygget.

Søknadsskjema finn du på nettsida  
[www.uib.no/matnat/utdanning/reglement-og-prosedyrer](http://www.uib.no/matnat/utdanning/reglement-og-prosedyrer) eller ved Infosenteret for realfagsstudentar, Realfagbygget.

## Har du allereie Examen philosophicum?

Då treng du ikkje å søkje om innpassing. Ta med karakterutskrift i original til Informasjonssenteret ved Utdanningsavdelinga, Langesgate 1, for å få registrert dette.

## Behandlingstid

Vurdering av norsk og utanlandsk utdanning kan være komplisert og tidkrevjande. Mangefull eller dårleg dokumentasjon fører til lengre behandlingstid. Behandlingstida varierer, men man bør rekne med 3 månadar.

## **Studentkalender med viktige fristar**

---

**Veke 2:** Vårsemesteret startar

**Torsdag i veke 2:** Frist for emnepåmelding

**Veke 3:** Undervisning startar

**Veke 4:** Internasjonal veke

**25. januar:** Søknadsfrist for studentar frå andre fakultet for å få hospitantstatus for å ta emne ved MN-fakultetet

**25. januar:** Søknadsfrist for studentar med oppnådd grad for å få poststudierett for å ta emne ved MN-fakultetet

**1. februar:** Frist for eksamensmelding, registrering og betaling av semesteravgift

**1. februar:** Søknadsfrist for permisjon frå bachelorstudiet for våren

**1. februar:** Application deadline for admission to the master programmes with start in the autumn semester for self-financed applicants with education from outside Norway.

**1. og 15. februar:** Søknadsfrister for utveksling til universitet UiB har avtalar med, for utreise til hausten.

**1. mars:** Søknadsfrist for opptak til UiB via Samordna opptak for enkelte søkergrupper (utanlandsk utdanning, realkompetanse etc)

**15. april:** Søknadsfrist for opptak til UiB via Samordna opptak

**15. april:** Søknadsfrist for opptak til Praktisk-Pedagogisk Utdanning (PPU) med studiestart til hausten

**15. april:** Søknadsfrist til UNIS for haustsemesteret.

**15. mai:** Application deadline for foreign students coming as a part of an exchange programme.

**1. juni:** Søknadsfrist for opptak til masterstudium med start haustsemesteret for søker med norsk utdanning.

**1. juni:** Frist for intern opptaket, overgang til annet studieprogram ved fakultetet.

NB! For studentar frå andre fakultet er det krav om realfagskompetanse!

**veke 24:** Vårsemesteret slutter

**1. juli:** Frist for ettersending av dokumentasjon på utdanning (vitnemål o.l.) for søkerar til UiB via Samordna opptak

**15. juli:** Brev med svar på mastergradssøknaden vert sendt ut

**20. juli:** Brev med tilbod om eller avslag på studieplass for søkerar via Samordna opptak vert sendt ut

**20. juli:** Informasjonspakke frå UiB til nye studentar vert sendt ut

**26. juli:** Frist for å takke ja til tilbod om studieplass ved UiB for søkerar via Samordna opptak

**26. juli:** Frist for påmelding på IGANG for nye studentar

**1. august:** Frist for å takke ja til tilbod om plass på masterstudium

**Veke 33:** Haustsemesteret startar

**Torsdag i veke 33:** Frist for emnepåmelding

**25. august:** Søknadsfrist for studentar frå andre fakultet for å få hospitantstatus for å ta emne ved MN-fakultetet

**25. august:** Søknadsfrist for studentar med oppnådd grad for å få poststudierett for å ta emne ved MN-fakultetet

**1. september:** Frist for vurderingsmelding, registrering og betaling av semesteravgift

**1. september:** Søknadsfrist for permisjon frå bachelorstudiet for hausten

**1. og 15. september:** Søknadsfristar for utvekslingsavtaler ved UiB

**15. oktober:** Søknadsfrist for opptak til Praktisk-Pedagogisk Utdanning (PPU) for studiestart til våren:

**15. oktober:** Søknadsfrist til UNIS for vårsemesteret

**15. oktober:** Søknadsfrist Gründerskolen

**15. oktober:** Application deadline for foreign students coming as a part of an exchange programme.

**1. november:** Søknadsfrist for opptak til masterstudium med start vårsemesteret for søkerar med norsk utdanning

**1. november:** Søknadsfrist for intern opptaket, overgang til annet studieprogram ved MN-fakultetet

NB! For studentar frå andre fakultet er det krav om realfagskompetanse!

**1. desember:** Application deadline with start the next academic year (autumn semester) for foreign students who applies for the quota programme

**15. desember:** Brev med svar på mastergradssøknaden vert sendt ut

**Veke 51:** Haustsemesteret sluttar

**5. januar:** Frist for å takke ja til tilbod om plass på masterstudium

## Fargekodesystemet på MNfakultetet

For at ein skal unngå kollisjonar i undervisning, innlevering og eksamen mellom emne som er vanleg å ta i same semester, har fakultetet tilrettelagt undervisning etter eit fargekodesystem.

Dei fleste studieprogramma ved fakultetet gjer deg som student moglegheit til å velje inn emne etter dine eigne interesser og ditt mål med utdanninga. Om du planlegg studiet ditt etter dette systemet vil du i størst mogleg grad unngå kollisjonar, og dessutan får du ein jamn arbeidsbelastning gjennom semesteret.

Fargekodesystemet består av fire fargar som emna kan ha: gul, grøn, blå og raud. Diverre trykkast studiehandboka i svart-kvitt, men du kan sjå fargekodesystemet i fargar på nettstaden:

[uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/](http://uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/)

Sjå også fakultetets FAQ på Mi Side. Kvart emne har 10 timer å plassere sine fellesaktivitetar (førelesningar osb.) på, bortsett frå den blå fargekategorien som har 8 timer. Grunnen til dette er at det leggast inn ein opning utan førelesningar mellom kl 10:00 og 12:00 på onsdagar for at studentar og ansette skal kunne halde felles arrangement der alle har anledning til å delta. Timeplanen er lagt opp slik:

Fargekodetimeplan

|               | Mandag | Tirsdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|---------------|--------|---------|--------|---------|--------|
| 08.15 - 09.00 | Blå    | Raud    | Raud   | Gul     | Grøn   |
| 09.15 - 10.00 | Blå    | Raud    | Raud   | Gul     | Grøn   |
| 10.15 - 11.00 | Blå    | Raud    |        | Gul     | Gul    |
| 11.15 - 12.00 | Blå    | Raud    |        | Gul     | Gul    |
| 12.15 - 13.00 | Gul    | Grøn    | Grøn   | Blå     | Raud   |
| 13.15 - 14.00 | Gul    | Grøn    | Grøn   | Blå     | Raud   |
| 14.15 - 15.00 | Gul    | Grøn    | Grøn   | Blå     | Raud   |
| 15.15 - 16.00 | Gul    | Grøn    | Grøn   | Blå     | Raud   |

Når det gjeld ekstra arbeidsbelastning (innleveringar osb.) har kvar av dei fire fargane moglegheit for innleveringar kvar 3. uke. Det er lagt inn ein dags pause mellom slik at det ikkje skal komme to innleveringar to dagar rett etter kvarandre. Eksamensperiodar fordelast på same måte som innleveringar, men utan ein dags pause imellom. For oversikt, sjå fakultetets FAQ på Mi Side eller [uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/](http://uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/)

Det er diverre ikkje mogleg å legge opp ein kollisjonsfri undervisning for *alle* emna vi har ved fakultetet, men som ein hovudregel skal alle emnar i spesialiseringa i bachelorgradene og dei anbefalte valemna vere med. Her er ein oversikt over emna som er med i fargekodesystemet. For oppdaterte listar sjå fargekodesystemet si nettstad.

Alle emne

| <b>Blå</b> | <b>Grøn</b> | <b>Raud</b> | <b>Gul</b> | <b>Blå</b> | <b>Grøn</b> | <b>Raud</b> | <b>Gul</b> |
|------------|-------------|-------------|------------|------------|-------------|-------------|------------|
| Ex.Phil    | BIO113      | BIO111      | BIO110     | Ex.Phil    | BIO113      | BIO114      | BIO112     |
| BIO202     | BIO201      | BIO114      | BIO112     | GEOV113    | GEOF130     | BIO291      | GEOV112    |
| GEOF120    | GEOF130     | BIO280      | BIO210     | GEOF254    | GEOV108     | GEOV272     | GEOV107    |
| GEOV113    | GEOV101     | BIO291      | GEOV112    | GEOV109    | GEOV241     | GEOV103     | INF121     |
| GEOV115    | GEOV108     | GEOF110     | GEOF212    | GEOV222    | INF100      | GEOV106     | INF234     |
| GEOF211    | GEOV241     | GEOV111     | GEOV276    | INF170     | INF102      | MAT101      | KJEM100    |
| GEOV254    | INF100      | GEOV272     | GEOV104    | INF270     | INF109      | MAT111      | KJEM110    |
| GEOV102    | INF102      | GEOV103     | GEOV107    | KJEM210    | KJEM202     | MAT160      | KJEM120    |
| GEOV109    | INF109      | GEOV105     | INF112     | MAR250     | MAT236      | MAT261      | MAR253     |
| GEOV222    | KJEM131     | GEOV106     | INF121     | MAT212     | MNF115      | MOL204      | MAT254     |
| GEOV225    | KJEM202     | GEOV260     | INF234     | MAT221     | PHYS101     | NATDIDA/PED | MNF140     |
| GEOF252    | KJEM203     | INF101      | KJEM100    | MOL200     | PHYS110     | PHYS111     | NANO200    |
| INF170     | MAT131      | INF142      | KJEM110    | MOL301     | PTEK100     | PHYS117     | PHYS116    |
| INF270     | MAT236      | KJEM130     | KJEM120    | PHYS115    | PTEK213     | PTEK211     | PTEK202    |
| KJEM210    | MNF110      | KJEM212     | KJEM122    |            | PTEK218     |             | STAT101    |
| MAR250     | MNF115      | KJEM250     | MAR253     |            | PTEK231     |             | STAT110    |
| MAR252     | MNF130      | MAT101      | MAR258     |            | RDID100     |             | STAT220    |
| MAT121     | PHYS101     | MAT111      | MAT254     |            |             |             |            |
| MAT212     | PHYS102     | MAT112      | MNF140     |            |             |             |            |
| MAT213     | PHYS110     | MAT160      | MOL201     |            |             |             |            |
| MAT221     | PHYS112     | MAT252      | NANO100    |            |             |             |            |
| MOL100     | PTEK100     | MAT261      | NANO200    |            |             |             |            |
| MOL200     | PTEK213     | MOL204      | PHYS116    |            |             |             |            |
| MOL301     | PTEK218     | NANO160     | PTEK202    |            |             |             |            |
| PHYS114    | PTEK231     | NATDIDA/PED | PTEK203    |            |             |             |            |
| PHYS115    | RDID100     | PHYS111     | PTEK214    |            |             |             |            |
| PTEK212    | STAT200     | PHYS113     | STAT101    |            |             |             |            |
|            |             | PHYS117     | STAT110    |            |             |             |            |
|            |             | PTEK211     | STAT111    |            |             |             |            |
|            |             |             | STAT220    |            |             |             |            |

Haust

Vår

| <b>Blå</b> | <b>Grøn</b> | <b>Raud</b> | <b>Gul</b> |
|------------|-------------|-------------|------------|
| BIO202     | BIO201      | BIO111      | BIO110     |
| GEOF120    | GEOV101     | BIO280      | BIO210     |
| GEOV115    | INF100      | GEOF110     | GEOF212    |
| GEOF211    | INF109      | GEOV111     | GEOV276    |
| PTEK218    | KJEM131     | GEOV105     | GEOV104    |
| PTEK231    | NATDIDA/PED | GEOV106     | INF112     |
| RDID100    | PHYS111     | PTEK214     | STAT101    |
| PTEK212    | STAT200     | PHYS113     | STAT110    |
|            | PHYS117     | STAT110     | STAT220    |
|            | PTEK211     | STAT111     |            |
|            |             | STAT220     |            |

Utanfor fargekodesystemet:

|         |         |
|---------|---------|
| MOL202  | PTEK226 |
| MNF170  | KJEM225 |
| PTEK251 | MOL203  |

**Kva gjer du for å kunne utnytte systemet?**

1. Finn frem studieplanen til ditt studieprogram.
2. Merk deg fargekodane dei obligatoriske emna i planen tilhører.
3. Når du har bestemt deg for kva for nokre av emna du vil velje inn, finn du fargane dei tilhørar.
4. Forsøk i fyrste omgang å plassere dei ulike valemna inn i semester der dei obligatoriske emna har andre farger, sånn at du kvart semester leser eit emne frå kvar av fargekategoriene. Hugs at det ikkje er nokre bestemte emne som er "riktige", og at du derfor i utgangspunktet står heilt fritt når du gjer dette valet.
5. Går ikkje dette, kan du i ein del tilfelle lese to emnar i same fargekategori. Dette vil derimot krevje at du sjekkar ut undervisningstider og eksamensdataar meir i detalj.

Døme: Du er student på bachelorprogrammet i geologi og skal begynne å planlegge ditt tredje semester. I studieplanen er GEOV103 det einaste obligatoriske emne dette semesteret, i tillegg til to valemne. Ettersom GEOV103 er eit raudt emne kan dei to andre emna vere gul,

blå eller grøn. Om du vel emne som er ulik farge dette semesteret vil du vere sikker på at verken fellesundervisninga eller eksamen kolliderer mellom desse emna.

OBS! Hugs at gruppeundervisning, lab og liknande kor du kan vele mellom fleire tidar, *ikkje følgjer* systemet med fargekategoriar. Her blir det opp til deg å finne undervisningstidar som passer best inn i din timeplan. I nokre tilfelle må du rekne med enkelte kollisjonar i undervisninga mellom til eksempel grupper og førelesningar. Dette bør derimot ikkje vere avgjerande for ditt val av emne.

Om nokre emne mot formodning ikkje følgjer fargekodesystemet kan du kontakte Infosenteret for realfagsstudentar.

**Berre på Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet**

Vi gjer merksam på at dette systemet med fargekategoriar berre gjelder for emne ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet her ved Universitet i Bergen

# Årsstudium i naturvitenskaplege fag

## ÅRMN ÅRSSTUDIUM I NATURVITSKAPLEGE FAG

**Omfang:** 1-årig (60 SP)  
**Oppstart:** Haust

### Introduksjon:

Har du planar om å emne i løpet av eitt år? Vil du supplere tidlegare utdanning eller fordjupe deg innanfor eit fagområde? Ønskjer du undervisningskompetanse i eit nytt fag? Dei naturvitenskaplege faga har stor spennvidd og dekkjer fag som biologi, kjemi, molekylærbiologi, nanoteknologi, fysikk, geofysikk, geologi, datavitskap, dattateknologi, matematikk, meteorologi og oceanografi, petroleum- og prosessteknologi. På årsstudiet i naturvitenskaplege fag kan du velje å konsentrere deg om berre eitt fag, eller du kan kombinere emne frå fleire fagområde. Innanfor dei ulike faga er det mange spennande emne å velje mellom.

### Målgruppe:

Årsstudium i naturvitenskaplege fag er eit studie for deg som berre skal studere ved UiB i eitt år, og som ikkje har planar om å ta ein grad. Årsstudiet er for deg som:

- ønskjer å ta emne som gir deg undervisningskompetanse i fag i skolen
- ønskjer å supplere tidlegare utdanning eller fordjupe deg innanfor eit fagområde

Dersom du vurderer årsstudium fordi du er usikker på om du vil fullføre ei bachelograd, eller er usikker på hvilket studieprogram du skal søkje deg inn på, bør du tenke om igjen. Du kan når som helst slutte på eit program og få ei karakterutskrift som viser alle emne du har tatt eksamen i. Det er også mogleg å bytte program. Fordelane med studieprogramma er at du får eit ferdig oppsett utdanningsprogram, og du er garantert plass på emna i dette programmet.

### Oppbygging av studiet.

Du set sjølv saman studieplanen din med emne frå dei naturvitenskaplege faga ut frå forkunnskapane dine. Emna du vel blant er altså ein del av det ordinære emnetilbodet. Du treng ikkje ta ex.phil. eller andre

førstesemesteremne dersom du berre skal studere eitt år ved universitetet. Det er fleire måtar å fylle eit årsstudium på:

### Fagstudium

I eit eittårig fagstudium kan du velje eitt fag i begge semestra som utgjer til saman 60 studiepoeng. Du står da fritt til å setje saman emne innan faget.

### Fritt valde emne

I løpet av studieåret set du saman emne sjølv. Du kan velje om du vil inkludere ex.phil. og andre førstesemesteremne, du kan ta med emne frå berre eitt av dei naturvitenskaplege faga, eller du kan kombinere emne frå fleire fag. Innanfor visse rammer kan du også velje blant andre opne emne ved UiB

### Undervisningskompetanse

I løpet av studieåret kan du ta ein tilrådd kominasjon av emne, for å få opptaksgrunnlag til Praktisk Pedagogisk Utdanning (PPU). Sjå gjerne anbefalt emnekominasjon til dei ulike undervisningsfaga uner kap. Lærarutdanning.

### Overgangsordning:

Du har høve til å byte studieprogram haust og vår. Informasjon om kva for program som er opne for intern overgang og korleis du søker, finn du på uib.no. Avlagde eksamenar vil kunne brukast i ein bachelograd viss du søker overgang til eit bachelorprogram på eit seinare tidspunkt. Men ver klar over at eit slik overgang kan føre til at du må bruke meir enn tre år på å oppnå ein bachelograd. Viss du for eksempel tek 60 SP med emne som ikkje inngår i programmet du søker overgang til, og dette studieprogrammet har mindre enn 60 SP valfrie emne, vil du måtte bruke meir enn tre år på å oppnå ein bachelograd.

### Kontaktinformasjon:

Ta gjerne kontakt med informasjonssenteret for realfagsstudentar:

Epost: studierettleiar.mnfa@uib.no

Telefon: 55 58 30 30

# Bachelorprogram

## BAMN-BIO BACHELORPROGRAM I BIOLOGI

Omfang: Treårig (180 SP)  
Oppstart: Haust

### Mål og innhold

Bachelorprogrammet i biologi plasserer de klassiske biologidisiplinene i et bredt og moderne perspektiv. Gjennom studiet oppnår studentene en bred faglig kompetanse og praktisk erfaring i forskning. Dette oppnås gjennom laboratorieundervisning med moderne forskningsmetodikk, feltarbeid og selvstendige oppgaver. I forhold til tidligere studieplaner er det lagt stor vekt på evolusjonsteori, økologi og molekylærbiologi som er integrert i de enkelte fagene og behandles i egne emner. Undervisningen er knyttet til forskningen som foregår ved UiB, og det er lagt spesiell vekt på marin biologi som er et satsningsområde ved universitetet. Målsetningen for studieprogrammet i biologi er å gi studenter en bred og allsidig utdannelse som kombinerer ny forskning innen zoologi, botanikk, fysiologi og mikrobiologi med molekylærbiologi, evolusjonsteori og evolusjonær økologi.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Bachelorgraden i biologi inneholder: 20 SP innføringsemne (Ex.phil, MAT101/111), 90 SP spesialisering i biologi (KJEM100/110, MOL100, BIO110, BIO111, BIO112, BIO113, BIO114, BIO201 og BIO202) og 70 SP valgfrie emner. Studieprogrammet starter med et innføringsemne i kjemi (KJEM100 evt. KJEM110) som går inn i spesialiseringen. Det anbefales at de som har lite kjemikunnskaper følger KJEM100 og at de som har gode kjemikunnskaper følger KJEM110. Emnet BIO110 viser hvordan organismer og biologiske prosesser formes og kan forklares ut fra et evolusjonært perspektiv ved bruk av genetikk, økologi og molekylære betraktninger. For både planter (BIO112, BIO114), dyr (BIO111, BIO113) og mikroorganismer (BIO113) undervises det i bygning og struktur, systematikk og biodiversitet, og organismenes fysiologi i forhold til miljøet de lever i. I artskunnskapen legges det vekt på norsk fauna og flora. Det molekylære grunnlaget (MOL100) for moderne biologi blir grundig behandlet, med spesiell vekt på cellefunksjoner, stoffskifte, gener og genteknologi. I emnene BIO201 og BIO202 flyttes fokuset over på relasjonene og prosessene i bestander, samfunn, økosystem og i globale mønstre både i terrestre og marine systemer.

### Tilrådd studieplan

Studieveg 1: For studentar med lite kjemikunnskap

| 6. V | Val         |                   |         |
|------|-------------|-------------------|---------|
| 5. H |             |                   |         |
| 4. V | BIO110      | BIO201            | BIO202  |
| 3. H | BIO112      | BIO113            | BIO114  |
| 2. V | KJEM110/Val | BIO111            | MOL100  |
| 1. H | Ex. phil.   | MAT101/<br>MAT111 | KJEM100 |

Studieveg 2: For studentar med god kjemikunnskap

| 6. V | Val       |                   |         |
|------|-----------|-------------------|---------|
| 5. H |           |                   |         |
| 4. V | Val       | BIO201            | BIO202  |
| 3. H | BIO112    | BIO113            | BIO114  |
| 2. V | BIO110    | BIO111            | MOL100  |
| 1. H | Ex. phil. | MAT101/<br>MAT111 | KJEM110 |

Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for programmet.

Studieplanar for opphold på Svalbard sjå side 12.

### Administrativt ansvarleg

Ta gjerne kontakt med studierettleiar ved institutt for biologi: [Beate.Rensvik@bio.uib.no](mailto:Beate.Rensvik@bio.uib.no), Tlf 55 58 22 41

### Delstudium i utlandet

Valgfriheten i studieprogrammets 5. og 6. semester kan benyttes til internasjonal utveksling. UiB har etablert samarbeidsavtaler med en rekke universiteter på flere kontinenter, og flere avtaler vil bli inngått de nærmeste årene. Studentene vil få hjelp til å finne utenlandske læresteder som passer med deres egne planer. Verdt å nevne er Universitetsenteret på Svalbard for interesserte innan arktisk biologi.

### Yrkesvegar

Mange biologer arbeider innen natur- og miljøforvaltning, havbruk, skoleverk, offentlig forvaltning, industri, miljøorganisasjoner og i medie- og konsulentbedrifter. I de fleste tilfellene åpner det seg flere muligheter for dem som har fullført mastergrad. Etter endt masterstudium har man i tillegg til en tung faglig fordypning på et valgt felt innen biologien lært selvstendighet og en rekke praktiske og akademiske ferdigheter som er nyttige i arbeidslivet

# BAMN-DTEK BACHELORPROGRAM I DATATEKNOLOGI

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

## Mål og innhold

I dag er datamaskiner og internett ein integrert del av samfunnsstrukturen. Sjølv om dei fleste av oss er avanserte brukarar av denne infrastrukturen, krev det likevel spesialkompetanse for å vidareutvikle og drive teknologien som held alt saman. Bachelorstudiet i datateknologi gir deg grunnleggjande kunnskapar til å arbeide innanfor dette området. Studiet inneholder mellom anna tema som programmering, web-teknologi, nettverk, databasar og operativsystem. Bachelorstudiet er spesielt ved at du står ganske fritt i val av emne, også emne frå andre fagområde. Du kan velje ei brei tverrfagleg utdanning, eller ei smal utdanning med mange IT-emne. Dei siste semestra av studiet opnar for ulike spesialiseringar, mellom anna med tanke på vidare masterstudi. Aktuelle retningar kan vere software-utvikling, kommunikasjonsteknologi, datagrafikk, og ulike biologiske problemstillingar.

I undervisninga legg vi opp til at studenten sjølv må vere aktiv gjennom øvingar og prosjektarbeid, i tillegg til at vi også held tradisjonelle førelæsningar. Studiet er teknologisk orientert med vekt på bruksmåtar, der eit av hovudmåla er å forberede studenten til å kunne jobbe med og delta i utvikling av større programsystem. Sidan datateknologi er prega av raske teknologiske omskiftingar, er utdanninga lagt opp til at studenten tileignar seg fundamentale metodar som varar lengre enn dagsaktuell spesifikk teknologi.

## Bioinformatikk som studiemoglegheit innafor bachelorprogrammet datateknologi

Bioinformatikk er eit fagområde i skjæringspunktet mellom informatikk og biologi. Teknikkar og metodar frå informatikk blir brukte for å løysa problem som er relaterte til molekylærbiologisk forsking, spesielt analyse av den store datamengda som blir produsert. I tillegg til at generelle informatiske metodar blir brukt, er det behov for spesialiserte metodar. Innafor blant anna funksjonell genom- og proteinforsking blir det stadig utvikla nye teknologi som krev nye bioinformatiske metodar. Studiemoglegheiten bioinformatikk skal spesielt førebu studentar til eit masterstudium i bioinformatikk. Om du vil sjå meir om tilrådde forkunnskapar og tilrådd studieplan for bioinformatikk som studiemoglegheit, kan du lese meir på denne sida: [www.uib.no/](http://www.uib.no/)

## Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i datateknologi er ei spesialisering på til saman 100 studiepoeng. I tillegg må minst 30 sp. veljast blant valfrie MAT- og INF-emne på 100- og 200- nivå (med unntak av INF109).

## Tilrådd studieplan

| 6.V | Val/INF/MAT | Val/INF/MAT         | Val/INF/MAT |
|-----|-------------|---------------------|-------------|
| 5.H | Val         | Val                 | Val         |
| 4.V | Val         | INF142              | INF112      |
| 3.H | HiB:TOD077* | STAT101/<br>STAT110 | INF102      |
| 2.V | INF101      | MNF130              | INF111      |
| 1.H | Ex. phil.   | MAT101/<br>MAT111   | INF100      |

*Emne merkte lysgrått er obligatoriske førstesemesteremne i BAMN-DTEK.. Emne merka mørkegrått inngår i spesialiseringen for bachelorprogrammet \*Emne TOD077 blir tatt ved Høgskulen i Bergen.*

## Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studieveileder@ii.uib.no](mailto:studieveileder@ii.uib.no) Tlf: 55 58 40 93.

## Delstudium i utlandet

Ønskjer du å ta delar av studiet i utlandet, bør du gjere det i løpet av det tredje året. Vi har i dag avtalar med University of Bologna (Italia), Università degli studi di Roma III (Italia), Makerere University (Uganda), Universitetet i Uppsala (Sverige), Charles University, Praha - (Tsjeckia) og University of Newcastle (Australia). Universitetet i Bergen har dessutan mange andre utvekslingsavtalar.

## Yrkesvegar

Du vil gjennom studiet kvalifisere deg for ei rekke ulike datarelaterte jobbar både innanfor privat verksemde og offentleg forvalting. Aktuelle arbeidsstader kan vere i reine IT-bedrifter, men også innanfor andre verksemder, som i finans- og bankvesen, oljeindustri, forsikring, konsulentverksemde m.m. Arbeidsoppgåvane spenner vidt, men nokre typiske eksempel er programmering, systemutvikling, internett, og oppgåver knytt til datatryggleik. Graden gir også grunnlag for undervisningskompetanse i informatikk for skoleverket.

## BAMN-DVIT BACHELORPROGRAM I DATAVITENSKAP

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

### Mål og innhold

Utvikling av avanserte IT-løysingar føreset ofte datafaglege kunnskapar som er baserte på god matematisk forståing av metodane som vert nytta. Bachelorstudiet i datavitskap gir deg akkurat denne typen kunnskap. Dei første semestra av studiet er retta mot å lære dataprogrammering og grunnleggjande matematikk-kunnskapar. Seinare semester gjev grunnlag for spesialisering innan ulike retningar. Studiet vektlegg fundamental kunnskap og krev god matematisk bakgrunn og interesse. Sidan datateknologi er prega av raske teknologiske omskiftingar, legg utdanninga opp til at studenten tileignar seg fundamentale metodar som varar lengre enn dagsaktuell spesifikk teknologi. Du får også eit godt grunnlag for å bli ein av dei som utviklar informasjonsteknologien vidare. Gjennom studiet oppnår studentane ei brei fagleg kompetanse og praktisk røynsle, og ei god førebuing til vidare studiar på master- og doktornivå. Moglege retningar finn du under omtalene av masterstudia.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i datavitskap er ei spesialisering på til saman 110 studiepoeng. I tillegg må minst 30 SP. med INF-emne på 100- og 200- nivå veljast mellom valfrie emne (med unnatak av INF109) og minst 10 SP. mellom MAT-emne på 100- og/eller 200- nivå.

### Tilrådd studieplan

| 6. V | Val-INF   | Val-INF | Val-INF |
|------|-----------|---------|---------|
| 5.H  | INF121    | Val     | Val-MAT |
| 4. V | Val       | MAT220  | INF142  |
| 3. H | MAT221    | STAT110 | INF102  |
| 2. V | MAT121    | MNF130  | INF101  |
| 1. H | Ex. phil. | MAT111  | INF100  |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske førstesemesteremne i BAMN-DVIT. Emne merka mørkegrått inngår i spesialiseringen for bachelorprogrammet*

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet om du har spørsmål: studieveileder@ii.uib.no eller tlf: 55 58 40 93.

### Delstudium i utlandet

Ønskjer du å ta delar av studiet i utlandet, bør dette gjerast i løpet av det tredje året. Vi har i dag avtalar med University of Bologna (Italia), Università degli studi di Roma III (Italia), Makerere University (Uganda), Universitetet i Uppsala (Sverige), Charles University, Praha - (Tsjekkia) og University of Newcastle (Australia). Universitetet i Bergen har dessutan mange andre utvekslingsavtalar.

### Yrkesvegar

Studiet kvalifiserer både for jobb innanfor IT-industrien og for ei vidare forskarkarriere. Aktuelle arbeidsgivarar vil vere reine IT-bedrifter, men også andre delar av næringslivet, slik som finans- og bankvesen, oljeindustrien, forsikring, konsulentverksemd, m.m. Arbeidsoppgåvene spenner vidt, men nokre typiske eksempel er programmering, systemutvikling, internett, og oppgåver knytte til datasikkerheit. Graden gir også grunnlag for undervisningskompetanse i informatikk for skoleverket.

## BAMN-PHYS BACHELORPROGRAM I FYSIKK

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

### Mål og innhold

Fysikk er et grunnleggende fag som beskriver hele naturen, fra de fjerneste galakser til atomkjernenes indre. Fysikken er også fundamentet for andre naturvitenskaper og for all moderne teknologi. Fysisk institutt har mange studieretninger med et stort spenn fra teoretisk og eksperimentell fysikk og modellering til tema knyttet til dagens teknologi og industri. Studieprogrammets primærfag er fysikk, og programmets målgruppe er studenter med generell interesse for fysikk- og matematikkbaserte fag. Studiet behandler fysikkens teoretiske grunnlag, eksperimentelle metoder, og naturvitenskapelige og teknologiske anvendelser. Det legges vekt på analytisk tenkning, teoretisk og praktisk problemløsning. Du får trening i skriftlig og muntlig presentasjon av forskjellige problemstillinger og formidling av løsningene til andre. Ettersom fysikere er storbrukere av informasjonsteknologi anbefales bl.a. informatikk som et støttefag. Studiet vil gi kandidater med kvalifikasjoner som er etterspurt i hele samfunnet.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i fysikk er en spesialisering på tilsammen 90 SP, bestående av følgende emner: PHYS110, PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114, PHYS117, enten PHYS115 eller PHYS116, og 20 SP blant emnene MAT111, MAT112, MAT121, MAT131 og MAT212. Studenter som ikke har forkunnskaper i programmering anbefales et programmeringsemne tilsvarende INF100 eller INF109 i en bachelorgard i fysikk.

### Tilrådd studieplan

| 6. V | Val      | Val         | Val     |
|------|----------|-------------|---------|
| 5. H | PHYS117  | PHYS115/116 | Val     |
| 4. V | PHYS112  | PHYS113     | PHYS114 |
| 3. H | MAT212   | PHYS110     | PHYS111 |
| 2. V | MAT112   | MAT121      | MAT131  |
| 1. H | Ex. Phil | MAT111      | MNF 140 |

Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for programmet. Alle matematikkemner som er ført opp er nødvendige for videre fysikkstudier.

For studieplan for opphold på Svalbard, sjå side 11.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66.

### Delstudium i utlandet

I dette bachelorprogram er det mulig å legge inn et utenlandsopphold eller et semester ved Universitetssenteret på Svalbard (UNIS). Et eventuelt utenlandsopphold passer best i 6. semester. Det finnes i dag mange alternativ for deg som ønsker å ta et semester eller to av utdanningen i et annet land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utenfor Europa. På bachelorprogram i fysikk velger vi tillegg ut spesielle samarbeidsuniversiteter for å finne det fagtilbudet som passer best for våre studenter. På den måten får du tilbud om et tilrettelagt utenlandsopphold som blir integrert i graden.

### Yrkesvegar

Kandidater med solide basiskunnskaper i matematikk og fysikk er en mangelvare på arbeidsmarkedet, bl.a. i industrien, forskning, skoleverket og forvaltning. Fysisk institutt har en sterk forankring i nysgjerrighetsdrevne grunnforskning som er helt sentral for vår forståelse av naturen og som dessuten danner grunnlaget for fremtidens teknologi og dermed viktige deler av verdiskapingen i samfunnet

## BAMN-GEOV BACHELORPROGRAM I GEOVITENSKAP

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

### Mål og innhold

Innen det som i skolen blir definert som geofag er det to ulike bachelorprogram ved Universitetet i Bergen: Bachelorprogrammet i Meteorologi og oseanografi blir undervist ved Geofysisk institutt (Allégt. 70) og studerer havet og atmosfæren. Bachelorprogrammet i Geovitenskap som omtales her, tar for seg den faste jords sammensetning og utvikling, og blir undervist på Institutt for Geovitenskap, (Realfagbygget, Allegt. 41). Programmet i geovitenskap gir, i likhet med programmet i petroleumsteknologi, utdannelse som blant annet vil være relevant for petroleumsindustrien. Programmet gir en bred innføring i fagets sentrale disipliner for å oppnå en forståelse av hvordan jorden har endret seg i tid og rom på global, regional, og lokal skala. Konsekvenser de geologiske prosessene har for miljø og klima, samt dannelse og utvinning av ressurser som olje og gass, er også viktige tema. Programmet har to studieretninger; geologi og geofysikk. Disse er nært beslektet, og geologer og geofysikere arbeider mot de samme mål. Forskjellen er grovt sett at geofysikk i større grad benytter seg av fjernmåling av fysiske egenskaper som for eksempel bølgeutbredelse (seismikk) og magnetiske, gravimetriske og elektriske felt for å studere jorden og dens ressurser, mens geologi baserer seg mer på direkte observasjoner av bergarter og løsmassar i naturen og laboratoriet. Felles for begge er at innsamling og analyse av feltdata er et sentralt element ved siden av modellering, eksperimentelle og metodiske studier. Studiet kombinerer en bred teoretisk plattform med praktisk arbeid gjennom en rekke felt- og metodekurs der ekskursjoner i inn- og utland inngår som en viktig del av undervisningen. Begge studieretningane er basert på eit felles grunnlag i geofysiske og geologiske disiplinar, samt emne i basisfag som matematikk, kjemi og fysikk, og i nokre høve også biologi, statistikk og informatikk. Frå 4. semester vel studentane i geofysikk mellom to ulike fordjupinger som gir ulike emneval; enten mot geofagleg orientert problemløysing eller alternativt ein meir matematisk-fysisk fordjuping mot teori og metodikk.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i Geovitenskap er ei spesialisering på til saman 90 studiepoeng. For dei som vel geologi retninga inneholder spesialiseringa emna: GEOV111, GEOV101, GEOV102, GEOV103, GEOV104, GEOV105, GEOV107 og 2 av de 3 emna GEOV106/GEOV108/GEOV109.

For dei som vel geofysikk retninga er de første tre semestra like, men fra 4. semester kan studentane velje mellom to fordjupinger:

For fordjuping i geologisk retning inneholder spesialiseringa emna: GEOV111, MAT121, GEOV101, GEOV112, GEOV113, GEOV102, GEOV104, GEOV107 og GEOV272.

For fordjuping i matematiske retning inneholder spesialiseringa emna: GEOV111, MAT121, GEOV101, GEOV112, GEOV113, MAT131, GEOV254, GEOV276 og GEOV115.

### Tilrådde valemne

For studentar som tek den geologiske retninga vert det anbefalt å ta en del basisfag som: kjemi (KJEM 100, KJEM 110, KJEM 120, KJEM122, KJEM 130 og KJEM 131), matematikk (MAT 112, MAT 121, MAT 212), statistikk (STAT 101, STAT 110), fysikk (PHYS 101, PHYS 111), petroleumsteknologi (PTEK100), informatikk (INF 109) og biologi (BIO113).

For studentar som tek den geofysiske retninga vert det anbefalt å ta en del basisfag som: fysikk (PHYS101, PHYS111, PHYS113), statistikk (STAT101, STAT110, STAT111), geologi (GEOV103, GEOV105, GEOV108), informatikk (INF109), matematikk (MAT112, MAT236), petroleumsteknologi (PTEK100) og for nokre studentar kjemi (KJEM110, KJEM130, KJEM131). Elles bør valemna velgast i forhold til planlagt fordjuping og eventuell masterstudium. Inntil 10 SP på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgaden.

Sjå tilrådd studieplan neste side.

## Tilrådd studieplan Bachelorprogram i geovitenskap – retning geofysikk

*Studieveg 1: matematikkfordjuping*

|             |                 |                |                       |
|-------------|-----------------|----------------|-----------------------|
| <b>6. V</b> | <b>GEOV276</b>  | <b>GEOV115</b> | <b>Val</b>            |
| <b>5. H</b> | <b>GEOV254</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>            |
| <b>4. V</b> | <b>MAT131</b>   | <b>Val</b>     | <b>MAT112/val</b>     |
| <b>3. H</b> | <b>GEOV112</b>  | <b>GEOV113</b> | <b>Val</b>            |
| <b>2. V</b> | <b>GEOV101</b>  | <b>MAT121</b>  | <b>GEOV111</b>        |
| <b>1. H</b> | <b>Ex.phil.</b> | <b>MAT111</b>  | <b>MNF140/PHYS101</b> |

*Studieveg 2: geologifordjuping*

|             |                 |                      |                    |
|-------------|-----------------|----------------------|--------------------|
| <b>6. V</b> | <b>Val</b>      | <b>Val</b>           | <b>Val</b>         |
| <b>5. H</b> | <b>GEOV272</b>  | <b>GEOV107</b>       | <b>GEOV108/Val</b> |
| <b>4. V</b> | <b>GEOV102</b>  | <b>GEOV104</b>       | <b>Val</b>         |
| <b>3. H</b> | <b>GEOV112</b>  | <b>GEOV113</b>       | <b>Val</b>         |
| <b>2. V</b> | <b>GEOV101</b>  | <b>MAT121</b>        | <b>GEOV111</b>     |
| <b>1. H</b> | <b>Ex.phil.</b> | <b>MAT111/MAT101</b> | <b>KJEM100/110</b> |

Emne merkt lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkt mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for programmet

## Tilrådd studieplan Bachelorprogram i geovitenskap – retning geologi

|             |                 |                           |                             |
|-------------|-----------------|---------------------------|-----------------------------|
| <b>6. V</b> | <b>Val</b>      | <b>Val</b>                | <b>GEOV109*/Val</b>         |
| <b>5. H</b> | <b>GEOV107</b>  | <b>GEOV106*</b>           | <b>GEOV108*</b>             |
| <b>4. V</b> | <b>GEOV104</b>  | <b>GEOV105</b>            | <b>Val</b>                  |
| <b>3. H</b> | <b>GEOV103</b>  | <b>Val</b>                | <b>Val</b>                  |
| <b>2. V</b> | <b>GEOV101</b>  | <b>GEOV102</b>            | <b>GEOV111</b>              |
| <b>1. H</b> | <b>Ex.phil.</b> | <b>MAT101/<br/>MAT111</b> | <b>KJEM100/<br/>KJEM110</b> |

Emne merka lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merka mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for programmet. \* To av emna GEOV106/GEOV108/GEOV109 er obligatoriske i spesialiseringssdelen.

Studieplanar for opphold på Svalbard sjå side 12.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for geovitenskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: Studierettleiar@geo.uib.no

### Delstudium i utlandet

Det er i dag muligheiter for delstudiar i ulike deler av verden; Norden (København, Island), Europa (Nederland, Southampton, Wales, Tyskland ), USA (Hawaii, Montana) og Australia. Studentar vert anbefalt å reise ut i 6.semester (retning geologi) eller 5.semester (retning geofysikk). Studium i utlandet krev ein del planlegging, ta derfor kontakt med studierettleiaaren på programmet ditt så tidleg som mogleg. Verdt å nemne er Universitetssenteret på

Svalbard, som gir moglighet for studiar i unike geologiske omgivnadar. Ta kontakt med studierettleiar for godkjenning.

### Yrkesvegar

Studiet gir kunnskap og kompetanse som kvalifiserer for ulike yrke. Sentrale arbeidsområde er ressursforvaltning, leiting og utvinning av olje og gass, samt klima og miljø. I skuleverket er "Geofag" eit linjefag i den vidaregåande skulen. Geovitenskaplege kandidatar er etterspurde innan forsking (private og offentlege institusjonar), petroleumsindustrien, private bedrifter, konsulentverksemder, offentleg forvalting (kommune, fylke, stat) og skoleverket.

# BAMN-HAV BACHELORPROGRAM I HAVBRUKSBIOL

Omfang: Treårig (180 SP)  
Oppstart: Haust

## Mål og innhold

Havbruksnæringa er den næringa i Noreg som veks raskast, og både offentlege og private interesser har satsa mykje. Nærings sjølv og forsking og utvikling (FoU) som skjer i samband med ho, er peikt ut som eit hovudsatsingsområde for landet vårt.

Havbruksnæringa har vore, og vil i aukande grad vere bygd på kunnskap. Eit breitt og høgt kunnskapsnivå er naudsynt for å kunne nytte nye artar i oppdrett. Studiet i havbruk gir grunnleggjande kunnskap om, og forståing av, norske oppdrettsartar. Det blir lagt vekt på samspelet mellom fiskebiologi, anatomi, fysiologi, ernæring og miljøtilhøve. Vidare tileignar du deg kunnskap om norsk havbruksnæring, lovverk og forvalting, og du får innsyn i internasjonalt havbruk. Du får praktisk erfaring frå oppdrettsverksemder saman med god innsikt i etikk og velferd hos akvatiske organismar. Studiet gir grunnleggjande kunnskapar frå relevante område innan allmenn kjemi, biologi, mikrobiologi, biokjemi/molekylærbiologi, statistikk og matematikk.

## Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i havbruksbiologi er ei spesialisering på 130 SP. Dei to første studieåra gir ei allsidig utdanning i biologi og kombinerar den nyaste forskinga innan zoologi og mikrobiologi med molekylærbiologi, evolusjonsteori og evolusjonær økologi. Innføringsemnet BIO110 viser korleis organismar og biologiske prosesser formast og kan forklaast ut frå eit evolusjonært perspektiv. For både dyr (BIO111, BIO114) og mikroorganismar (BIO113) undervises det i bygning, struktur, systematikk, biodiversitet, og organismane fysiologi i forhold til miljøet de lever i. Artskunnskapen legg vekt på norsk fauna og flora. Det molekylære grunnlaget (MOL100) for moderne biologi blir gjennomgått, med vekt på cellefunksjonar, stoffskifte, genar og genteknologi. Emna BIO201 og BIO202 har fokus på relasjonane og prosessane i bestandar, samfunn og økosystem. BIO280 gir innføring i fiskebiologi. Tredje studieår gir fagleg spesialisering innan havbruk med emna MAR250 Innføring i havbruksbiologi, MAR253 Ernæring hos akvatiske organismar, BIO291 Fiskebiologi – fysiologi, MAR251 Etikk og velferd hos akvatiske organismar og MAR252 Praksisperiode, lovverk og forvaltning i havbruksbiologi.

## Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: For studentar med lite kjemikunnskap*

| 6V | Havbruksemne |               | BIO110/Val  |
|----|--------------|---------------|-------------|
| 5H | Havbruksemne |               |             |
| 4V | BIO280       | BIO201        | BIO202      |
| 3H | STAT101/Val  | BIO113        | BIO114      |
| 2V | MOL100       | BIO111        | KJEM110/Val |
| 1H | Ex. phil.    | MAT101/MAT111 | KJEM100     |

*Studieveg 2: For studentar med god kjemikunnskap*

| 6V | Havbruksemne |               | Val        |
|----|--------------|---------------|------------|
| 5H | Havbruksemne |               |            |
| 4V | BIO280       | BIO201        | BIO202     |
| 3H | STAT101/Val  | BIO113        | BIO114     |
| 2V | MOL100       | BIO111        | BIO110/Val |
| 1H | Ex. phil.    | MAT101/MAT111 | KJEM110    |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for programmet*

## Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 58 44 00

## Dellstudium i utlandet

Instituttet vil leggje tilrette for studieopphold i utlandet som kan erstatte delar eller supplere delar av bachelorgraden. Dette gjørast fortrinnsvis 3. vår. Vi arbeider også med eventuelt å leggje til rette for studieopphold i mastergraden i havbruksbiologi.

## Yrkesvegar

Bachelorgraden i havbruksbiologi kvalifiserar til vidare studiar og arbeid i havbruk, men kan også nyttast som grunnlag for andre biologiske fag. Bachelorprogram i havbruksbiologi er særskilt tilrettelagt for mastergradsstudie i havbruk, ernæring hos fisk, kvalitet og foredling av sjømat, samt profesjonsstudium i fiskehelse. Bachelorprogram i havbruksbiologi gir både praktisk og teoretisk kunnskap som kan brukast ved fleire nivå i bransjen.

# BATF-IMØ BACHELORPROGRAM I INFORMATIKK-MATEMATIKK-ØKONOMI

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

## Mål og innhold

På bachelorstudiet i informatikk-matematikk-økonomi, lærer du korleis du modellerer økonomiske problemstillingar med metodar frå matematikk, statistikk, informatikk og samfunnsøkonomi. Utdanninga gir deg innsikt i alle desse faga slik at du kan analysere og modellere ein konkret situasjon. I dei tre første semestra følgjer du emne frå alle dei tre fagområda, og i dei tre siste semestra spesialiserer du deg i samfunnsøkonomi, statistikk eller informatikk. Samfunnsøkonomi dreier seg om korleis vi faktisk brukar ressursane våre, som til dømes arbeidskraft og produksjonsutstyr. Men faget tar også opp korleis vi bør bruke ressursane våre. Døme på problemstillingar er kva som er samanhengen mellom arbeidsløyse og inflasjon, og kva som er "rett" billettpolis på bussen. I statistikk brukta på økonomi ønskjer vi å beskrive samanhengar kvantitativt med matematiske uttrykk. På det grunnlaget lagar vi så prognosar. Det kan gjelde renta på studielånet eller mengda av torsk nokre år fram i tida. Dei fleste konstantane som inngår i formlane, er funne ved å studere korleis fenomena har utvikla seg i fortida. Det er klart at dei er usikre, og denne uvissa forplantar seg i prognosane. Statistiske metodar hjelper oss til å ha ei mening om kor sikre slike prognosar er. På studiet i informatikk lærer du korleis du kan modellere ulike problemstillingar ved bruk av datamaskinar. Vi legg vekt på programmering og utvikling av effektive metodar for å løyse problema. Modelleringa kan utformast ved hjelp av eit datamaskinprogram eller som ein matematisk formulering. Implementering av løysingsmetodane på datamaskin står sentralt i studiet.

## Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i informatikk, matematikk og økonomi er følgjande emne: Dei tre første semestra består av innføringsemnet Ex.phil. og følgjande fagemne: MAT111, INF100, MAT112,

MAT121, ECON110, STAT110, ECON 210, INF170. Frå fjerde semester velgjer studentane ei av tre fordjupingar som gir grunnlag for å søke opptak til mastergrad. I fordjupingane inngår desse emna i spesialiseringa: Statistikk: STAT111, MAT160, ECON340, STAT220, STAT210, MAT131. Samfunnsøkonomi: STAT200/STAT111, ECON130, ECON340, ECON230, ECON290. I tillegg må eit av valemna være eit ECON-emne. Informatikk: MNF130, STAT111, INF101, ECON310, INF270, INF102. I tillegg må eit av valemna være eit INF-emne. Studenter som tar MAT101 istedenfor MAT111 i første semesteret må regne med å bruke noe mer tid på studiet. Det er utarbeidet forslag til alternativt studieløp for disse studentene.

## Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: Steinar Heldal  
Tlf 55 58 4025

## Delstudium i utlandet

Viss du ønskjer å ta delar av studiet i utlandet, vil vi rå deg til å gjere dette i sjette semester. Vi har i dag avtalar med mellom anna Lunds universitet (Sverige), University of Waterloo (Canada) og University of Newcastle (Australia). Universitetet i Bergen har også mange andre avtalar både i og utanfor Europa.

## Yrkesvegar

Både offentlig sektor og privat sektor har behov for økonomer med solid bakgrunn innanfor matematikk, informatikk, statistikk og økonomi. Naturlege arbeidsplassar for ferdige kandidatar er bank- og forsikringsnæringa, IKT-næringa, offentlig forvaltning, forsking og undervisning.

**Sjå tilrådd studieplan på neste side.**

## Tilrådd studieplan

|            |      | Statistikk                | Samfunnsøkonomi  | Informatikk |
|------------|------|---------------------------|------------------|-------------|
| Felles del | 6. V | STAT210                   | ECON290          | Val         |
|            |      | Val                       | Val              | Val         |
|            |      | Val                       | Val              | Val         |
|            | 5. H | STAT220                   | ECON230          | INF102      |
|            |      | ECON340                   | ECON340          | INF270      |
|            |      | MAT160                    | Val              | ECON310     |
|            | 4. V | STAT111                   | ECON130          | INF101      |
|            |      | MAT131 eller ECON261/361* | STAT200/ STAT111 | STAT11      |
|            |      | Val                       | Val              | MNF130      |
|            | 3. H | STAT110                   | ECON210          | INF170      |
|            | 2. V | MAT112                    | MAT121           | ECON110     |
|            | 1. H | Ex. Phil.                 | MAT111           | INF100      |

\* Emna ECON261, ECON361 og ECON316 går uregelmessig.  
 Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet

## BAMN-KJEM BACHELORPROGRAM I KJEMI

Omfang: Treårig (180 SP)  
Oppstart: Haust

### Mål og innhold

Bachelorprogrammet i kjemi gir ei grundig innføring i de ulike retningane innan kjemifaget, både i forhold til den tradisjonelle inndelinga i organisk, uorganisk, fysikalsk og teoretisk kjemi og i forhold til moderne, tverrfaglige bruk av kjemikunnskap. Den praktiske dimensjonen i kjemifaget blir dekkja i laboratoriekurs som gir grundig opplæring i syntes, analyse og fysikalske målingar. Støttefag innan matematikk, fysikk og biologi gir bredda som trengs for å vurdere kjemiske perspektiv i større problemstillingar, og kommunisere kjemi i ulike samanhengar. Programmet inkluderar alle element som trengs for å oppnå nemninga Eurobachelor i kjemi, og følgjar dermed ein internasjonal standard i oppbygging og innhold.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav for å oppnå bachelorgrad i kjemi er totalt 180 SP der 90 SP (1½ års studium) er spesialisering innan kjemi, 50 SP er obligatoriske emne som inkluderer ex.phil, matematikk/statistikk, fysikk og molekylærbiologi og 40 SP er frie valemne.

Spesialisering i kjemi (90 studiepoeng):

- KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM140, KJEM210, KJEM250, KJEM299 Bachelorprosjekt.
- Obligatoriske emne i tillegg til spesialiseringa (50 studiepoeng):
  - PHYS102/(PHYS112), MOL100, MAT101, Ex.phil og eit matematikk/statistikk-emne (minst eitt av emna MAT121, STAT101, STAT110 eller INF109). (PHYS112 vert anbefalt i staden for PHYS102 for studentar med sterk fysikk-bakgrunn frå vidaregåande skule).
  - Frie valemne (40 SP): Det er anbefalt å velje PHYS101 i tredje semester (studentar med sterk fysikk-bakgrunn frå vidaregåande skule vert anbefalt å velje PHYS111) for å ha eit godt grunnlag for å ta PHYS102/(PHYS112) i fjerde semester.

### Tilrådde valemne

Val av frie valemne (totalt 40 studiepoeng):  
I det første semesteret blir studentar med mangefull kjemibakgrunn frå vidaregåande skule anbefalt å velje KJEM 100. Dette emnet kan inngå som fritt valemne i bachelorgrad i kjemi. Studentar med Kjemi 2 eller svært god bakgrunn frå Kjemi 1 blir anbefalt å starte direkte på emnet KJEM110 som inngår som obligatorisk emne i bachelorgraden.

Det er anbefalt å velje PHYS101 som fritt valemne i tredje semester (studentar med sterk fysikk-bakgrunn frå vidaregåande skule vert anbefalt å velje PHYS111) for å ha eit godt grunnlag for å ta PHYS102/(PHYS112) i fjerde semester.

Dersom ein tek PHYS101/(PHYS111) og BIO110 som frie valemne, oppfyller ein krava til undervisningskompetanse i naturfag i tillegg til kjemi for vidaregåande skule.

Valemna bør elles veljast i forhold til planlagt masterstudium. For studentar som vurderer å fortsetje på masterprogram i kjemi, er det nyttig å bruke valemna til å oppnå ein fagprofil i tråd med ynskjet for masteroppgave. Nokre få av dei obligatoriske emna på mastergrad vert undervist berre kvart andre år. For dei som ønskjer å gå vidare på mastergrad, kan det i nokre tilfelle vere naudsynt å leggje nokre av desse som valemne heilt på slutten av bachelorprogrammet.

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studierettleiar@kj.uib.no](mailto:studierettleiar@kj.uib.no)  
Tlf 55 58 34 45.

### Delstudium i utlandet

Dersom du ynskjer eit utanlandsopphald under bachelorstudiet, kan du ta kontakt med studierettleiar.

### Yrkesvegar

Med kjemiutdanning vil du blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar:

Kjemisk industri, petroleumsindustri, matvareindustri, helsesektor, forsking, undervisning, offentlege kontrollorgan og forvalting.

## Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: For studentar som har Kjemi 2(3KJ) eller tilsvarende frå vidaregåande skule:.*

|            |                               |                                 |  |
|------------|-------------------------------|---------------------------------|--|
| <b>6.V</b> | <b>KJEM250</b>                | <b>KJEM299</b>                  | <b>Val/BIO110<sup>(4)</sup></b>            |
| <b>5.H</b> | <b>KJEM210</b>                | <b>Val</b>                      | <b>Val</b>                                 |
| <b>4.V</b> | <b>KJEM122</b>                | <b>MOL100<sup>(3)</sup></b>     | <b>PHYS102/(PHYS112)<sup>(3)</sup></b>     |
| <b>3.H</b> | <b>KJEM120</b>                | <b>KJEM140</b>                  | <b>PHYS101/PHYS111/Val<sup>(2,4)</sup></b> |
| <b>2.V</b> | <b>KJEM130</b>                | <b>KJEM131</b>                  | <b>MAT121/Val<sup>(1,3)</sup></b>          |
| <b>1.H</b> | <b>Ex. Phil<sup>(3)</sup></b> | <b>MAT101/111<sup>(3)</sup></b> | <b>KJEM110</b>                             |

*Studieveg 2: For studentar som ikkje har Kjemi 2 (3KJ) eller tilsvarende frå vidaregåande skule:*

|            |                               |                                   |  |
|------------|-------------------------------|-----------------------------------|--|
| <b>6.V</b> | <b>KJEM250</b>                | <b>KJEM299</b>                    | <b>MOL100<sup>(3)</sup></b>              |
| <b>5.H</b> | <b>KJEM210</b>                | <b>Val</b>                        | <b>Val</b>                               |
| <b>4.V</b> | <b>KJEM122</b>                | <b>MAT121/Val<sup>(1,3)</sup></b> | <b>PHYS102/(PHYS112)<sup>(3)</sup></b>   |
| <b>3.H</b> | <b>KJEM120</b>                | <b>KJEM140</b>                    | <b>PHYS101/PHYS111/Val<sup>(2)</sup></b> |
| <b>2.V</b> | <b>KJEM130</b>                | <b>KJEM131</b>                    | <b>KJEM110</b>                           |
| <b>1.H</b> | <b>Ex. Phil<sup>(3)</sup></b> | <b>MAT101/111<sup>(3)</sup></b>   | <b>KJEM100<sup>(5)</sup></b>             |

*Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen. Emne merkte lysegrått er obligatoriske i tillegg til spesialiseringen.  
Emne merkte kvite, er frie valemne.*

<sup>(1)</sup> Obligatorisk matematikk-/statistikkemne: Minst eitt av emna MAT121 (V), STAT 101/110 (H) eller INF 109 (H/V).

<sup>(2)</sup> Anbefalt valemne: PHYS 101/(PHYS111) bør veljast som basis for PHYS102/(PHYS112). Studentar med sterk fysikkbakgrunn frå vidaregåande skule blir anbefalt å velje PHYS111 og PHYS112.

<sup>(3)</sup> Ex.phil, MAT101/111, PHYS102/(PHYS 112), MOL 100 og matematikk-/statistikkemne er obligatoriske i bachelorgraden, men inngår ikkje i grunnlaget for berekning av snittkarakter for opptak til mastergrad.

<sup>(4)</sup> Val av PHYS 101/(PHYS111) og BIO110 gir ein emnekombinasjon som oppfyller krava til undervisningskompetanse i naturfag i tillegg til kjemi for vidaregåande skule.

<sup>(5)</sup> For dei som ikkje har Kjemi 2 (3KJ) frå vidaregåande skule bør KJEM100 veljast som fritt valemne i 1. semester.

## BAMN-MATF BACHELORPROGRAM I MATEMATISKE FAG

Omfang: Treårig (180 SP)

Oppstart: Haust

### Mål og innhold

Bachelorprogrammet i matematiske fag er 3-årig (180 studiepoeng). Primærfaget i bachelorprogrammet er matematikk. Målgruppa for programmet er deg med allmenn interesse for matematiske fag, fysikk og naturvitenskap. Studiet tek for seg det teoretiske grunnlaget for matematikken, og bruk av matematikk til å modellere fenomen innan naturvitenskap og teknologi.

Det blir lagt vekt på trening i analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløsing, samt trening i skriftleg og munnleg presentasjon av problemstillingar og løysingar til andre. Du vil elles lære å bruke informasjonsteknologi og å eksperimentere med datamodellar, derfor er informatikk med som støttefag. Studiet gir kvalifikasjonar som er etterspurde i samfunnet. Med trening i bruk av matematisk tankegang og kjennskap til innhaldet i den matematiske verktøykassa vil du stille sterkt i tilfelle du seinare ønsker å gå over til andre fagområde og problemstillingar, samtidig som du har eit prima utgangspunkt for å fortsette med eit vidare studium i anvend og utrekningsorientert matematikk, rein matematikk eller statistikk.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i matematiske fag er ei spesialisering på til saman 90 studiepoeng, bygd opp av følgjande emne: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT131 Differensiallikningar I, STAT110 Grunnkurs i statistikk, INF100 Grunnkurs i programmering, samt eit av kursa MAT212 Funksjonar av fleire variable eller STAT111 Statistiske metodar. I tillegg er det krav om eit prosjektskrivingskurs MAT292, MAT264 eller eit tilsvarande prosjektarbeidskurs av 10 studiepoengs omfang. Det niande kurset kan veljast fritt blant kurs i matematikk og statistikk, men vi tilrår særleg at ein vel kurset MAT160 Reknealgoritmar I (for vidare studiar innan Anvendt og beregningsorientert matematikk), MAT211 Reell analyse/MAT220 Algebra (Ren matematikk) eller STAT210 Statistisk inferanse/STAT220 Stokastiske prosessar

(Statistikk).

### Tilrådde valemne

Studentane står fritt når det gjeld val av andre emne, men ein bør velje støttefag med tanke på kva som trengst på arbeidsmarknaden, eller med tanke på fagleg retning på det vidare studiet. Valemne bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Sjå nærmare under dei einskilde masterprogramma. Inntil 10 SP på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Administrativt ansvarleg

Matematisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34.

### Delstudium i utlandet

Valfridommen i 4., 5. og 6. semester kan nyttast til å ta eit studieopphald i utlandet. Det finst i dag mange alternativ for deg som ønskjer å ta eit semester eller to av utdanninga i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtaler, både i og utanfor Europa. På bachelorprogrammet i matematiske fag vel vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversitet for å finne det fagtilbodet som passer best for våre studentar. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

### Yrkesvegar

Etter å ha teke bachelorprogrammet i matematikk vil du ha kompetanse som er etterspurd innan bransjar som industri, forsking, skoleverk og forvalting. Innsikt i matematiske/statistiske metodar har vore, og kjem til å vere, ein føresetnad for grunnforskning i fag som er sentrale for vår forståing av naturen og samfunnet. Framvekst av kraftige datamaskiner med stor reknekraft har ført til at enda fleire fag er blitt storbrukarar av avanserte matematiske modellar. Denne utviklinga tilseier at kandidatar med solide grunnkunnskapar i matematikk vil bli ettertrakta arbeidskraft på stadig fleire område av arbeidsmarknaden.

## Tilrådd studieplan

*Minimumskrava til bachelorgrad i matematiske fag*

|                                  |                           |                                   |                            |
|----------------------------------|---------------------------|-----------------------------------|----------------------------|
| <b>6.V</b>                       | <b>MAT292/<br/>MAT264</b> | <b>Val</b>                        | <b>Val</b>                 |
| <b>5.H</b> <b>Val/utveksling</b> |                           |                                   |                            |
| <b>4.V</b>                       | <b>Val MAT/<br/>STAT</b>  | <b>STAT111/val<br/>Utveksling</b> | <b>Val/<br/>utveksling</b> |
| <b>3.H</b>                       | <b>MAT121/Val</b>         | <b>STAT110</b>                    | <b>INF100*</b>             |
| <b>2.V</b>                       | <b>MAT112</b>             | <b>MAT121</b>                     | <b>MAT131</b>              |
| <b>1.H</b>                       | <b>Ex.phil.</b>           | <b>MAT111</b>                     | <b>INF100/<br/>MNF140</b>  |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for bachelorprogrammet.*

\*MAT220 kan erstatte INF100 om du oppfyller breddekravet i graden gjennom eit anna emne. Ta kontakt med studierettleiar@math.uib.no viss du vil bytte INF100 med MAT220.

Her er nokre døme på studieplanar:

### Alternativ 1:

*Tilrådd studieplan for bachelorprogram med tanke på master i anvend og utrekningsorientert matematikk*

|            |                 |                |                |
|------------|-----------------|----------------|----------------|
| <b>6.V</b> | <b>MAT264</b>   | <b>MAT252</b>  | <b>Val</b>     |
| <b>5.H</b> | <b>MAT234</b>   | <b>STAT110</b> | <b>Val</b>     |
| <b>4.V</b> | <b>MAT213</b>   | <b>MAT260</b>  | <b>MAT230</b>  |
| <b>3.H</b> | <b>MAT212</b>   | <b>MAT160</b>  | <b>PHYS111</b> |
| <b>2.V</b> | <b>MAT112</b>   | <b>MAT121</b>  | <b>MAT131</b>  |
| <b>1.H</b> | <b>Ex.phil.</b> | <b>MAT111</b>  | <b>INF100</b>  |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for bachelorprogrammet.*

### Alternativ 2:

*Tilrådd studieplan for bachelorprogram med tanke på master i ren matematikk*

|            |                 |                    |                    |
|------------|-----------------|--------------------|--------------------|
| <b>6.V</b> | <b>MAT292</b>   | <b>Val</b>         | <b>Val</b>         |
| <b>5.H</b> | <b>MAT242</b>   | <b>STAT110/Val</b> | <b>Val</b>         |
| <b>4.V</b> | <b>MAT220*</b>  | <b>Val</b>         | <b>INF100</b>      |
| <b>3.H</b> | <b>MAT212</b>   | <b>MAT211*</b>     | <b>STAT110/Val</b> |
| <b>2.V</b> | <b>MAT112</b>   | <b>MAT121</b>      | <b>MAT131</b>      |
| <b>1.H</b> | <b>Ex.phil.</b> | <b>MAT111</b>      | <b>Val</b>         |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for bachelorprogrammet.*

\*Emna MAT211 og MAT220 er obligatoriske opptak til alle masterprogram i ren matematikk.

### Alternativ 3:

*Tilrådd studieplan for bachelorprogram med tanke på master i statistikk*

|            |                 |                |                   |
|------------|-----------------|----------------|-------------------|
| <b>6.V</b> | <b>MAT292</b>   | <b>STAT220</b> | <b>Val</b>        |
| <b>5.H</b> | <b>STAT210</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>        |
| <b>4.V</b> | <b>Val</b>      | <b>STAT111</b> | <b>Val</b>        |
| <b>3.H</b> | <b>Val</b>      | <b>STAT110</b> | <b>INF100</b>     |
| <b>2.V</b> | <b>MAT112</b>   | <b>MAT121</b>  | <b>MAT131</b>     |
| <b>1.H</b> | <b>Ex.phil.</b> | <b>MAT111</b>  | <b>Val/INF100</b> |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringssdelen, og er obligatoriske emne for bachelorprogrammet.*

# BAMN-GEOF BACHELORPROGRAM I METEOROLOGI OG OSEANOGRAFI

**Omfang:** Treårig (180 SP)

**Oppstart:** Haust

## Mål og innhold

Bachelorprogrammet i meteorologi og oseanografi er 3-årig (180 studiepoeng). Primærfagene i studieprogrammet er matematikk, fysikk, meteorologi og oseanografi. Målgruppen for programmet er studenter med interesse for meteorologi, oseanografi og klima. Ettersom fagene er brukere av informasjonsteknologi anbefales informatikk som støttefag. Kjemi er et viktig støttefag for dem som ønsker å gå videre med masterstudier i kjemisk oseanografi. Fagområdet oseanografi omfatter studiet av fenomener i havet og sjøvannets fysiske og kjemiske egenskaper. Havets rolle for klimaet og klimaendringer er også et sentralt tema. Meteorologi omfatter studiet av værsystemer, fysiske prosesser i atmosfæren, klima og klimaendringer. I både meteorologi og oseanografi bruker vi de fysiske lovene formulert i matematiske ligninger for å beskrive og forklare fenomener i naturen.

## Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i meteorologi og oseanografi er ei spesialisering på til saman 90 studiepoeng, bestående av følgjande emne:  
MAT112, MAT121, MAT131, PHYS111, GEOF110, GEOF120, GEOF130 og 20 SP blant emna:  
MAT212, STAT110, PHYS110, PHYS112, PHYS113, MAT236/PHYS116 og GEOF236 (emneliste). MAT212 i 3. semester er å anbefala. GEOF236 er obligatorisk for vidare masterstudium i kjemisk oseanografi, normalt 5. semester.

## Tilrådde valemne

GEOF210, GEOF211, GEOF212, GEOF230, MAT213, MAT160, PHYS110, KJEM100, BIO202 OG INF109. Valemner bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Nokre masterprogram har spesielle faglege opptakskrav. Inntil 10 sp på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

## Tilrådd studieplan

| 6. V | Val           | Val     | Val           |
|------|---------------|---------|---------------|
| 5. H | Val           | Val     | Val           |
| 4. V | GEOF110       | GEOF120 | Val emneliste |
| 3. H | Val emneliste | PHYS111 | GEOF130       |
| 2. V | MAT112        | MAT121  | MAT131        |
| 1. H | Ex. phil      | MAT111  | MNF140        |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

Studieplanar for opphold på Svalbard sjå side 11.

## Administrativt ansvarleg

Geofysisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studierettleiar@gfi.no

## Delstudium i utlandet

Valfridomen i programmet kan ein nyta for å ta eit studieopphold på Svalbard eller i utlandet. UiB har mange utvekslingsavtalar både i og utafor Europa som kan nyttas til å studere eit semester eller to i eit anna land. På Bachelorprogram i meteorologi og oseanografi har vi i tillegg utvalde samarbeidsuniversitet der fagtilbuda passar spesielt godt. Utanlandsoppholdet blir integrert i graden.

## Yrkesvegar

Bachelorprogrammet i meteorologi og oseanografi utdanner kandidater som er meget etterspurte innen bransjer som oljeindustri, forskning, skoleverket, værvarsling og i miljørettet arbeid. Kandidater med solide grunnkunnskaper i matematikk og fysikk er en mangelvare på arbeidsmarkedet. Vi driver grunnforskning i fag som er helt sentrale for vår forståelse av naturen, og som dessuten danner grunnlaget for fremtidens teknologi. Fagene våre er dermed viktige for verdiskapingen i samfunnet

## BATF-MIRE BACHELORPROGRAM I MILJØ- OG RESSURSFAG

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Høst

### Mål og innhold

Programmet inneholder 30 SP på førstesemesterstudium, 90 SP med fordypning innenfor et fag eller en godkjent fagkombinasjon (1 ½ års studium), og 60 SP fra andre fag. Studentene velger emnekombinasjonene sine blant de tilbud som til enhver tid blir gitt, og/eller emner som er godkjent som likeverdige. Programmet kombinerer miljø- og ressursemner både fra naturvitenskapene og fra fagene økonomi, historie, geografi og psykologi, og involverer fem fakulteter. Gjennom stor grad av valgfrihet åpnes det for kombinasjon av emner som gir grunnlag for opptak til masterstudier i flere fag. Tilnærming til mange samfunnsorienterte problemområder krever bred kompetanse basert på kunnskap fra fagdisipliner som finnes ved flere fakulteter ved UiB. Programmet er basert på en slik erkjennelse. Både selve samfunnet og de utfordringer samfunnet møter, er i stadig endring. Dette setter krav til bred kompetanse for å øke evnen til tilpassing og fleksibilitet både hos enkeltpersoner, i yrkesutøvelsen og for samfunnet generelt. Studieprogrammet skal fylle følgende behov:

- Styrke studentens tverrfaglige bakgrunn.
- Bedre egenkompetanse for videre valg.
- Øke anvendeligheten av kandidatenes kompetanse for næringsliv og for offentlig forvaltning.
- Bedre samfunnets tilgang på faktisk tverrfaglig kompetanse på høyt nivå.
- Fremheve betydningen av tverrfakultær tilnærming til samfunnsaktuelle problemstillinger.
- Tilby en bachelorgard som kan være grunnlag for flere ulike mastergrader.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i miljø- og ressursfag er en spesialisering på tilsammen 90 studiepoeng. Emnene i bærekraftig utvikling (MNF 115), kjemi (KJEM 100), marine økosystem (BIO202), ressursforvaltning og miljø (GEO 281), samt økonomi (ECON 100) er obligatoriske (til sammen 50 stp). Studenten skal videre velge to emner (tverr. fag 1 og 2, hvert 10 stp) for å øke tverrfakultær bakgrunn blant flere valg: miljø- og risikopersepsjon (PSYK 240), miljø- og ressursøkonomi (ECON 216) og miljø, klima og

menneskets historie (MNF110). I tillegg skal det velges 20 stp (spes. valg 1 og 2) innen spesifiserte miljø- og ressursemner fra en valgt fordypning. Eksempler på fordypninger er biologi, miljøkjemi, geografi eller samfunnsøkonomi. Valgfriheten er altså stor og vil kunne gi kombinasjoner som tilfredsstiller krav til opptak på ulike masterstudium. Semester for valgfrie emner tilpasses tilgjengelighet og egne ønsker. Studenter som skal gå videre på realfagsstudier må fylle deres opptakskrav (for eksempel matematikk), mens studenter fra andre fakultet vil få dispensasjon fra kravet.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no), Tlf 55 58 44 00

### Delstudium i utlandet

Det finnes i dag mange alternativer for de som ønsker å ta et semester eller to av utdanningen sin i et annet land. UiB har mange utvekslingsavtaler, både i og utenfor Europa. På bachelorprogrammet i miljø- og ressursfag velger vi i tillegg ut spesielle samarbeidsuniversiteter for å finne det fagtilbuddet som er best for våre studenter. På den måten får du tilbud om et tilrettelagt utenlandsopphold som blir integrert i graden.

### Yrkesvegar

Programmet vektlegger økt samfunnsorientering, erkjennelse av betydningen av flerfaglig og tverrfaglig orientering til problemløsning, og fører til bredere kompetanse og økt anvendbarhet for næringsliv og forvaltning. Studentene får bedre tverrfakultær valgkompetanse inn mot en forskerkarriere. Tverrfaglig utdanning gir godt grunnlag for å utvikle bedriftsspesifikk kompetanse.

**Sjå tilrådd studieplan neste side.**

## Tilrådd studieplan

Grunnlag for opptak til master i biologi:

| 6. V | Val/<br>UNIS      | Val/<br>UNIS              | Val/<br>UNIS |
|------|-------------------|---------------------------|--------------|
| 5. H | BIO112/<br>BIO114 | GEO281                    | ECON100      |
| 4. V | BIO202            | BIO201                    | Tverrfag 2   |
| 3. H | BIO112/<br>BIO114 | MAT101/MAT111/<br>STAT101 | BIO113       |
| 2. V | Tverrfag 1        | BIO110                    | BIO111       |
| 1. H | Ex. Phil          | KJEM100/<br>KJEM110       | MNF115       |

Grunnlag for opptak til master i miljøkjemi:

| 6. V | KJEM122                  | KJEM140*            | Val**             |
|------|--------------------------|---------------------|-------------------|
| 5. H | KJEM140*                 | KJEM202             | GEO281            |
| 4. V | KJEM130                  | KJEM131             | Tverrfag 2        |
| 3. H | KJEM120                  | ECON100             | MAT101/<br>MAT111 |
| 2. V | Spesialval 1/<br>KJEM110 | Tverrfag 1          | BIO202            |
| 1. H | Ex. Phil                 | KJEM100/<br>KJEM110 | MNF115            |

\*uavklart om dette vil gå høst eller vår pr. 25.03.10

\*\* kan ta KJEM250 som valgemne v. 6 semester, men kan også legges inn som en del av mastergraden

Grunnlag for opptak til master i samfunnsøkonomi:

| 6. V | Val ECON             | ECON290             | Val        |
|------|----------------------|---------------------|------------|
| 5. H | ECON210              | ECON230             | ECON240    |
| 4. V | Tverrfag/<br>ECON216 | ECON130             | Tverrfag 1 |
| 3. H | GEO281               | KJEM100/<br>KJEM110 | Val        |
| 2. V | ECON110              | MAT101/<br>MAT111   | BIO202     |
| 1. H | Ex. Phil             | ECON100             | MNF115     |

Grunnlag for opptak til master i geografi:

|      |                   |                     |                   |
|------|-------------------|---------------------|-------------------|
| 6. V | GEO204/<br>GEO206 | GEO291              | GEO282            |
| 5. H | GEO123/<br>GEO215 | ECON100             | GEO281            |
| 4. V | GEO115            | GEO131              | GEO111/<br>GEO121 |
| 3. H | GEO112            | KJEM100/<br>KJEM110 | VALG              |
| 2. V | Tverrfag 1        | Tverrfag 2          | BIO202            |
| 1. H | Ex. Phil          | MAT101/<br>MAT111   | MNF115            |

## BAMN-MOL BACHELORPROGRAM I MOLEKYLÆRBIOL

Omfang: Treårig (180 SP)  
Oppstart: Haust

### Mål og innhold

Molekylærbiologi og biokjemi er to sider av same fagområde, faget der dei levande organismane si molekylære oppbygging, kjemi og fysikk vert studert. Molekylærbiologar studerar dei biologiske makromolekyla DNA, RNA, protein og karbohydrat og andre organiske molekyl i levande celle. Faget er basert på teknologi som tillet isolering og studie av biologiske makromolekyl og metodar for å studera kva funksjonar slike molekyl har i levande celler og organismer. Bachelorprogrammet i molekylærbiologi har som mål å gje studentane både eit brent teoretisk grunnlag for å forstå basale problemstillingar og solid kunnskap om fagets eksperimentelle metodar. Evolusjonære perspektiv står sentralt i undervisinga. Gjennom studiet vil studentane få trening i å lese relevant faglitteratur kritisk. Det er også lagt vekt på øving i skriftleg og munnleg fremstilling av faget.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i molekylærbiologi er ei spesialisering på tilsaman 100 SP i tillegg til 20 SP innføringsemne og 60 valfrie studiepoeng. Spesialiseringa består av 60 sp molekylærbiologi, 30 sp kjemi og 10 sp matematikk/statistikk. Spesialiseringsemne i molekylærbiologi (60 sp): MOL100 Innføring i molekylærbiologi, MOL200 Metabolisme; reaksjoner, regulering og kompartmentalisering, MOL201 Molekylær cellebiologi, MOL202 Eksperimentell molekylærbiologi, MOL203 Genstruktur og funksjon, MOL204 Anvendt

bioinformatikk. Spesialiseringsemne i kjemi (30 sp): KJEM110 Kjemi og energi, KJEM130 Organisk kjemi, valfritt emne i kjemi (10 sp). I første semesteret bør studentar som har liten bakgrunn i kjemi ta kjemikurset KJEM100 Kjemi i naturen. KJEM110 Kjemi og energi bygger på Kjemi 2 eller bestått KJEM100, og kan takast første semester dersom ein er kvalifisert for det. Spesialiseringsemne i matematikk/statistikk (10 sp): Dette kjem i tillegg til det obligatoriske innføringsemnet i matematikk (MAT101/MAT111), men kan ellers veljast fritt (eks. MAT121, STAT101/STAT110).

### Tilrådde valemne

Dei 60 frie studiepoenga kan vere frå andre fagretningar eller samansett av andre emne enn dei tilrådde (sjå under). Valemne bør veljast etter interesse og evt. i forhold til planlagt masterstudium. Nokre masterprogram har spesielle faglege

opptakskrav. Inntil 10 SP på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

Tilrådde valemne i molekylærbiologi er MOL 231 Prosjektoppgåve og MOL 270 Bioetikk. Andre emne i molekylærbiologi kan og vere relevant å ta mot slutten av bachelorgraden.

Emne i kjemi som KJEM131 Organisk syntese og analyse, KJEM120 Grunnstoffenes kjemi, KJEM122 Syntetisk uorganisk kjemi, KJEM210 Kjemisk termodynamikk og KJEM212 Molekylære drivkrefter.

Biologiske emne som BIO110 Innføring i evolusjon og økologi, BIO113 Mikrobiologi og andre biologisk emne valt etter interesse.

Emne i matematikk, statistikk, fysikk og informatikk kan og være nyttig. Nivå på valemne avheng av forkunnskap

- sjekk alltid forkunnskapskrav og tilrådde forkunnskapar før du veljer emne.

### Tilrådd studieplan

*Studieveg 1: For studentar som ikkje har 3KJ eller tilsvarande*

| 6 V | Val       | Val               | Val         |
|-----|-----------|-------------------|-------------|
| 5 H | Val       | MOL204            | MOL203      |
| 4 V | Val       | MOL202            | MOL201      |
| 3 H | Val       | Val<br>MAT/STAT   | MOL200      |
| 2 V | KJEM110   | KJEM130           | MOL100      |
| 1 H | Ex. phil. | MAT111/<br>MAT101 | KJEM100/Val |

*Studieveg 2: For studentar som har 3KJ eller tilsvarande*

| 6 V | Val       | Val               | Val     |
|-----|-----------|-------------------|---------|
| 5 H | Val       | MOL204            | MOL203  |
| 4 V | Val       | MOL202            | MOL201  |
| 3 H | Val       | Val<br>MAT/STAT   | MOL200  |
| 2 V | KJEM130   | KJEM Val          | MOL100  |
| 1 H | Ex. phil. | MAT111/<br>MAT101 | KJEM110 |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsemnet, og er obligatoriske emne for programmet.*

**Fortsetter neste side.**

### **Administrativt ansvarleg**

Molekylærbiologisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studierettleiar@mbi.uib.no](mailto:studierettleiar@mbi.uib.no)

Tlf 55 58 45 29.

### **Delstudium i utlandet**

Valfridomen i det 6. semesteret kan med fordel nyttast til internasjonal utveksling. Det finst i dag mange alternativ for deg som ønsker å ta litt av utdanninga di i eit anna land. Universitetet i Bergen har mange utvekslingsavtalar, både i og utanfor Europa. I bachelorprogrammet i molekylærbiologi har vi i tillegg valgt ut særskilde samarbeidsuniversitet for å finna det fagtilbodet som passar best for deg. På den måten får du tilbod om eit tilrettelagt utanlandsopphald som blir integrert i graden.

Molekylærbiologisk institutt tilbyr tilrettelagte delstudium ved University of Cape Town, Sør-Afrika, McGill University, Canada og James Cook University, Australia. I tillegg har instituttet avtalar med fleire europeiske universitet.

### **Yrkesvegar**

Molekylærbiologar arbeidar innan forsking og undervisning ved universitet og statlege høgskolar. Universitetssjukehus og andre større sjukehus sysselset også molekylærbiologar. I tillegg jobbar molekylærbiologar i bedrifter innan til dømes matforskning, oljeindustri, marin forsking, kosttilskot, rettsgenetikk, miljøforskning og medisin.

Molekylærbiologar kan også jobbe i internasjonal farmasøytisk og bioteknologisk industri og forsking. For eksempel har kandidatar med ei grad i molekylærbiologi frå UiB fått jobb i Tyskland, Nederland og Australia. Molekylærbiologar arbeidar dessutan innan administrasjon og undervisning i den vidaregåande skole og i offentlig forvaltning.

## BAMN-NANO BACHELORPROGRAM I NANOTEKNOLOGI

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

### Mål og innhold

Teknologiske nyvinningar har gjort det råd å måle og systematisk endre strukturar og prosessar som skjer på ein skala frå 0,1 til 100 nanometer. Dette opnar for heilt spesielle eigenskapar som ofte er styrt av kvantemekanikken sine lover. Medan nanovitskapen er oppteken av korleis ein kan oppnå ønskete eigenskapar gjennom manipulasjon på nanometer-skala, handlar nanoteknologi om praktisk utnytting av material, strukturar og komponentar basert på nanovitskap. Studiet gir teoretisk forståing og praktisk kompetanse innan den naturfaglege basisen for nanoteknologi. Vidare får du ei innføring i det særmerkte for nanovitskap og nanoteknologi, gjennom døme og arbeid på moderne laboratorium. Du vil også møte etiske og samfunnsmessige problemstillingar knytt til teknologi.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Krav til bachelorgraden i nanoteknologi er ein fagleg spesialisering på til saman 120 SP som består av følgjande emnar: KJEM110, KJEM120, MAT111, MAT112, MOL100, MOL200, NANO100, NANO160, NANO200. Minst eit av fysikkpara [PHYS101 og PHYS102] eller [PHYS111 og PHYS112]. Minst eit av emna: INF100, INF109, STAT101 eller STAT110. I tillegg må bachelorgraden i nanoteknologi inneholde minst eit av laboratorieemna KJEM122, KJEM131 eller PHYS114. Ver merksam på at KJEM130 er obligatorisk forkunnskapskrav til KJEM131.

### Tilrådde valemne

Fire valemne på til saman 40 stp bør veljast i forhold til planlagt masterstudium. Ein bør tidleg ta kontakt med studierettleiar for å få døme på gode fagkombinasjonar. Inntil 10 SP på 300-nivå kan inngå i den valfrie delen av bachelorgraden.

### Tilrådd studieplan

| 6.V | Val       | Val                              | Val     |
|-----|-----------|----------------------------------|---------|
| 5.H | NANO200   | INF100/INF109<br>STAT101/STAT110 | Val     |
| 4.V | NANO160   | PHYS102/<br>PHYS112              | Val     |
| 3.H | KJEM120   | PHYS101/<br>PHYS111              | MOL200  |
| 2.V | NANO100   | MAT112                           | MOL100  |
| 1.H | Ex. phil. | MAT111                           | KJEM110 |

*Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringdelen, og er obligatoriske emne for programmet.*

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studierettleiar@nano.uib.no, studieveileder@nano.uib.no, Tlf: 55 58 34 46.

Ekspedisjonen på Kjemisk institutt, tlf: 55 58 34 44.

### Delstudium i utlandet

Det er lagt opp til at du kan ta 6. semester i studiet utanlands. Bachelorprogrammet i nanoteknologi har ein tilrettelagt utvekslingsavtale med Det interdisiplinære nanosenteret (iNano) ved Universitetet i Århus.

### Yrkesvegar

Med utdanning innan nanoteknologi/nanovitskap vil du blant anna kunne arbeide innan følgjande bransjar: Forsking, teknologisk industri, undervisning, offentlege kontrollorgan og forvalting. Med ein bachelorgrad i nanoteknologi har du eit godt grunnlag for å gå vidare på masterstudium i nanovitskap. Dersom du avsluttar studiane etter fullført bachelorgrad, er det breidda i realfagsbakgrunnen som er ditt største konkurransefortrinn.

# BAMN-PTEK BACHELORPROGRAM I PETROLEUM- OG PROSESSTEKNOLOGI

**Omfang:** Treårig (180 SP)  
**Oppstart:** Haust

## Mål og innhold

Programmet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi med geologi for å gi eit solid fagleg fundament for arbeid i olje- og gassindustrien. I starten av studiet blir det lagt stor vekt på å gi deg eit godt grunnlag i dei basisfaga som er nødvendige for å gi ei djupare forståing for dei fysiske og kjemiske prosessane som er knytte til olje- og gassutvinning. Fagfeltet petroleumsteknologi er særleg retta mot reservoarksildring og modellering av strøyming i porøse media i undergrunnen, mens fagfeltet prosessteknologi konsentrerer seg om transport og vidareforedling av olja og gassen etter at råvarene har kome til overflata. Studieprogrammet skal utnytte forsking og ekspertise i fysikk, matematikk, kjemi, og geologi til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse innanfor petroleum- og prosessteknologi, og danne grunnlag for vidare spesialisering (mastergrad).

## Obligatoriske emne/spesialisering

I byrjinga av studiet blir det lagt stor vekt på å gi deg eit godt grunnlag i nokre viktige «verktøyfag» innanfor matematikk, geologi, generell og fysikalsk kjemi og mekanikk. Det gir deg eit godt fundament til spesialiseringsemna seinare i bachelorprogrammet, og ein eventuell mastergrad. Som valemne vil dei fleste ha nytte av noko statistikk og informatikk. Krav til bachelorgraden i Petroleum- og prosessteknologi er ei spesialisering på til saman 120 studiepoeng: PTEK100, MAT112, MAT121, KJEM110, KJEM210, PHYS111, GEOV101, PTEK202, PTEK211 og PTEK212 + eit av emna PHYS112 eller PHYS114 og eit av emna PTEK203 eller GEOV260. Studentar utan Kjemi 2 tar KJEM100 før KJEM110. MAT101 eller MAT111 er obligatorisk. MAT111 vert tilrådd alle, studentar med svak matematikkbakgrunn frå vidaregåande skole vert tilrådd å ta begge emna (gir til saman 15 SP).

## Tilrådde valemne

MAT131, MAT160, MAT212, MAT236, MAT252, MAT254, MAT255, KJEM130, KJEM202, KJEM203, KJEM220, GEOV111, GEOV276, GEOV103, GEOV104, GEOV107, STAT110, STAT200, INF109, PHYS113, PTEK205, PTEK213, PTE214, PTEK218, PTEK226, PTEK231, PTEK251 og MNF170. Elles bør valemne velgast i forhold til et eventuell masterstudium. Ved å ta emna GEOV104 og GEOV107 kan du kvalifisera deg til å ta eit masterprogram i geologi.

## Tilrådd studieplan

| 6. V | Val                 | Val     | PTEK203/<br>GEOV260 |
|------|---------------------|---------|---------------------|
| 5. H | Val                 | KJEM210 | PTEK202             |
| 4. V | PHYS112/<br>PHYS114 | Val     | PTEK212             |
| 3. H | PHYS111             | KJEM110 | PTEK211             |
| 2. V | MAT121              | MAT112  | GEOV101             |
| 1. H | Ex. phil            | MAT111  | PTEK100             |

Emne merkte lysegrått er obligatoriske for alle studieprogram ved fakultetet. Emne merkte mørkegrått er spesialiseringsemna, og er obligatoriske emne for programmet.

## Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [studieveileder.ppt@ift.uib.no](mailto:studieveileder.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64.

## Delstudium i utlandet

Dersom du ønskjer eit utanlandsopphald under bachelorstudiet, kan du ta kontakt med studierettleiar eller fagleg rettleiar. Det finst i dag konkrete avtaler med University of Alberta (Canada) og University of Western Australia. Det er også mogleg å få eit opphold ved Universitetssenteret på Svalbard. Det passer best å ta utanlandsopphald i det 5. eller 6. semesteret.

## Yrkesvegar

Petroleumsnæringa vil i åra framover trenge ein ny type kompetanse som reflekterer både samfunnsutviklinga og dei problemkompleksa som industrien strevar med. Forskningsbasert og tverrfagleg utdanning er det som trengst for å gi den rette faglege bakgrunnen for å løyse dei utfordringane som petroleumsnæringa kjem til å støtte på.

Alderssamansetjinga innanfor den internasjonal petroleumsnæringa er også eit teikn på at det er sterkt behov for nyrekrytting. Utdanninga kvalifiserer deg til eit vidt spekter av stillingar i oljeselskap og serviceselskap i oljenæringa, innanfor både leiting og produksjon av olje og gass, og innanfor vidareforedlinga av petroleumsprodukta i prosessindustrien. I tillegg til olje- og gassindustrien finst det også jobbar innan kjemisk, metallurgisk og mekanisk prosessindustri. Dessutan vil det vere eit behov for kvalifisert personell hjå styresmaktene til å styre og evaluere oljeaktivitetene.

# Profesjonsstudiar

## MAMN-FISK Profesjonsstudium i fiskehelse

**Grad:** Master i fiskehelse  
**Omfang:** Femårig (300 SP)  
**Oppstart:** Haust

### Mål og innhold

Fiskehelsestudiet har ei naturvitenskapleg basis og profil. Studentane skal gjennom forskingsbasert undervisning lære om akvatiske organismars biologi, om patogene, og om innverknad av miljøfaktorar, dvs om forhold som kan medføre utvikling av sjukdom og skade. Studentane skal lære framtidsretta og hensiktsmessige metodar for diagnostikk, samt gis ei grundig innsikt i førebygging og behandling av sjukdom og skader hos akvatiske organismar. Utdanninga innan fiskehelse skal dekke eit brent spekter som omfattar virke innan havbruksnæringen, fiskehelsetenesta, forvaltning, samt utdannings- og forskingsinstitusjonar. Utdanninga skal særleg gi innsikt i akvatiske organismars biologi og interaksjonar mellom disse, patogene, og ytre miljøfaktorar. Vidare, skal utdanninga famne den primære fiskehelsetenesta og gi innsikt i organisering og lovverk knytte til oppdrett og sjukdom. Studiet skal bidra til å skjerpe studentanes etiske refleksjonar og bevisstheit om dyrehald og dyreforsøk, fremme respekt og forståing for biologiske forhold og gi innsikt i globale miljø- og helseperspektiv. Gjennom faglig fordjuping skal studentane utvikle sjølvstendig kritisk, vitskapelig tenking og bevisst tilnærming, tolking og framstilling av forskingsresultat. Programmet skal tilfredsstille de krav som settes til autorisasjon som fiskehelsebiolog, og det stilles derfor strenge krav til studiets innhold og de fleste element i studieplanen er derfor obligatorisk. Studentar som har oppnådd master i fiskehelse får den lovbeskytta tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Mattilsynet. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidatar som har fått tildelt tittelen har same rettar som veterinærar når det gjeld å behandle sjukdom i havbruksnæringen. Tittelen gir avgrensa reseptrett.

### Opptakskrav

Generell studiekompetanse+ REALFA

### Obligatoriske emne/spesialisering

Mastergraden i fiskehelse omfattar:

- Eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på 60 eller 30 SP og
- Emne på til saman 240 eller 270 SP

Første del av studiet gir grunnleggande kunnskap frå relevante område innan allmenn kjemi, biologi, mikrobiologi, biokjemi/molekylærbiologi,

matematikk, og dessutan fiskebiologi og kunnskap om det marine økosystemet. Vidare gis det faglig spesialisering innan havbruksbiologi med innføring i emne som havbruksbiologi, ernæring hos fisk, og fiskefysiologi. spesialiseringa hald fram med ein praksisperiode i havbruksnæringen, lovverk og forvaltning, etikk og velferd hos akvatiske organisme samt bakteriologi. Siste 2 år av studiet gir fagleg fordjuping i alle aspekt knytte til helse og sjukdom (virus, bakteriar, sopp og parasitter) hos akvatiske organismar med vekt på førebyggande tiltak, diagnostikk og behandling. I tillegg skal studenten skrive eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på enten 30 eller 60 studiepoeng.

### Tilrådd studieplan

| Oppgåve |                         |   |  |
|---------|-------------------------|---|--|
| 9.H     | Oppgåve/<br>Val*        | Oppgåve/<br>Semesteroppgåve<br>(15 SP)* | Oppgåve/<br>Val*                           |
| 8.V     | <b>MAR271</b>           | <b>MAR274</b>                           | <b>MAR370 (5SP)</b><br><b>MAR371 (5SP)</b> |
| 7.H     | <b>MAR273</b>           | <b>MAR270</b>                           | <b>BIO381</b>                              |
| 6.V     | <b>MAR272</b>           | <b>MAR251</b>                           | <b>MAR252</b>                              |
| 5.H     | <b>BIO291</b>           | <b>MAR250</b>                           | <b>MAR253</b>                              |
| 4.V     | <b>BIO280</b>           | <b>BIO201</b>                           | <b>BIO202</b>                              |
| 3.H     | <b>STAT101/<br/>Val</b> | <b>BIO113</b>                           | <b>BIO114</b>                              |
| 2.V     | <b>MOL100</b>           | <b>Val</b>                              | <b>BIO111</b>                              |
| 1.H     | <b>Ex phil</b>          | <b>MAT101/<br/>MAT111</b>               | <b>KJEM110/<br/>KJEM110</b>                |

\*Masteroppgåva er på 30 eller 60 SP. For 60 SP oppgåve, tar studentane ikkje valmenne og semesteroppgåve. For 30 SP oppgåve, tar studentane semesteroppgåve, samt valfrie emne på 15 SP.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar for spørsmål: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 58 44 00

### Yrkesvegar

Gjennomført masterprogram i fiskehelse gir den lovbeskyttede tittelen Fiskehelsebiolog (Aquamedicine biologist), etter søknad til Statens dyrehelsetilsyn. Fiskehelsebiolog er sidestilt med tittelen veterinær i norsk lovverk og kandidater som har fått tildelt tittelen har samme rettigheter som veterinærar når det gjeld å behandle sykdom i havbruksnæringen. Utdanningen kvalifiserer for arbeid i havbruksnæringen, fiskehelsetjenesten, forvaltning og institusjoner innan utdanning og forskning.

# Integrert lærarutdanning

## MAMN-LÆRE Lærarutdanning med master i naturvitenskap

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Grad:</b>     | Master i naturvitenskap og matematikk-integritt praktisk-pedagogisk utdanning |
| <b>Omfang:</b>   | Femårig (300 SP)  |
| <b>Oppstart:</b> | Haust   |

### Mål og innhold

Lektorutdanninga med master i naturvitenskap er ei femårig integrert lærarutdanning (300 studiepoeng). Utdanninga er ei lektorutdanning som fører fram til graden master i naturvitenskap og matematikk - integrert praktisk-pedagogisk utdanning. Den integrerte lektorutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdanner lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med solid fagkunnskap i minst to universitetsfag. Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløsing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng. Studiet skal gi vitskaplege funderte kunnskapar og evner i det faget studenten tek mastergrad i. Det skal gi ei god innføring i vitskapelege arbeidsmåtar og forskingsmetodar, og trening i sjølvstendig arbeide med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløsing, trening i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevars læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring. I lektorutdanninga med master i naturvitenskap vel studenten ei av syv studierettingar. Alle studierettingane gir studenten grunnlag for undervisningskompetanse i to programfag i vidaregåande skule. De fleste studierettingane gir også grunnlag for undervisningskompetanse i fellesfaget naturfag i

vidaregåande skole. Utdanninga avsluttes med ei masteroppgåve i matematikk, fysikk, kjemi eller biologi avhengig av studieretning.

### Opptakskrav

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må du oppfylle krav om realfag (ALMREA) Politiattest (jfr. forskrift ved opptak til høgare utdanning).

### Obligatoriske emne/spesialisering

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte nedanfor. Studenten vel studieretning i starten av 2. semester. Kva emne i fag og fagdidaktikk som er obligatoriske avhenger av kva studieretning som er valt. Sjå nedanfor. Alle studentar må gjennomføre et obligatorisk lab-sikringskurs før første praksisperiode kor studenten skal stå for undervisning. Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timer undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytt til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis. Studiet avsluttes med ei 30 studiepoengs masteroppgåve. Dette kan vere ei oppgåve med skoleretta eller reint fagleg profil. Det kan det også veljast ei fagdidaktisk oppgåve. I så tilfelle tilrådast det at studenten tar 10 SP emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

### Administrativt ansvarleg

Matematisk institutt. Ta kontakt med Studiekonsulent Marianne Jensen,  
Epost: [studieveileder.laerer@mnfa.uib.no](mailto:studieveileder.laerer@mnfa.uib.no)

### Yrkesvegar

Fullført og greidd studium medfører sertifisering som lærar. Utdanninga kvalifiserer først og fremst for undervisningsarbeid med undervisningsstilling som lektor i skulen.

Sjå tilrådde studieplanar på dei neste sidene.

## 1. Fysikk og matematikk, med masteroppgåve i fysikk eller matematikk:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT121, MAT112, MAT131, MAT212, STAT110, PHYS110, PHYS111, PHYS112, PHYS113, PHYS114, PHYS115, GEOF120/130, INF100
- RDID100, NATDID201, MATDID200, PHYSDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201

I tillegg må det veljast ett MAT-emne og tre PHYS- eller MAT-emne avhengig av kva fag ein skal ta masteroppgåva i.

| År | Sem | Masteroppgåve i fysikk eller matematikk |         |             | Praksis           |
|----|-----|---|---------|-------------|-------------------|
| 5V | 10  | MATXXX                                  | PHYS115 | PHYS/MATXXX |                   |
| 5H | 9   | PHYSDID200   PEDA114                    | Val     | PHYS/MATXXX |                   |
| 4V | 8   | MATDID200                               | PEDA113 | MNF201      | 5 veker tilpasset |
| 4H | 7   | PHYS/MATXXX                             | GEOF120 | INF100      | 7 veker           |
| 3V | 6   | NATDID201   PEDA112                     | PHYS110 | STAT110     | 5 dagar           |
| 3H | 5   | PHYS112                                 | PHYS113 | PHYS114     |                   |
| 2V | 4   | RDID100                                 | MAT212  | PHYS111     |                   |
| 2H | 3   | MAT131                                  | MAT112  | MAT121      | 5 dagar           |
| 1V | 2   | PEDA111                                 | Ex.phil | MAT111      |                   |
| 1H | 1   |   |         |             | 5 dagar           |

I tillegg må det veljast et MAT-emne og tre PHYS- eller MAT-emne avhengig av kva fag ein skal ta masteroppgåva i.

## 2. Fysikk, matematikk og naturfag, med masteroppgåve i fysikk:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT121, MAT112, MAT131, MAT212, STAT110, PHYS101, PHYS102, PHYS114, PHYS115, BIO110, MOL100, KJEM110, KJEM100/130
- RDID100, NATDID201, MATDID200, PHYSDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201

I tillegg må det veljast fem PHYS-emne.

| År | Sem | Masteroppgåve i fysikk |              |         | Praksis           |
|----|-----|------------------------|--------------|---------|-------------------|
| 5V | 10  | PHYSXXX                | PHYSXXX      | STAT110 |                   |
| 5H | 9   | PHYSDID200   PEDA114   | PHYSXXX      | PHYSXXX |                   |
| 4V | 8   | MATDID200              | PEDA113      | MNF201  | 5 veker tilpasset |
| 4H | 7   | KJEM110*/130           | PHYS114      | PHYSXXX | 7 veker           |
| 3V | 6   | NATDID201   PEDA112    | KJEM100*/110 | PHYS115 | 5 dagar           |
| 3H | 5   | PHYS102                | MOL100       | MAT131  |                   |
| 2V | 4   | RDID100                | MAT212       | PHYS101 |                   |
| 2H | 3   | BIO110                 | MAT112       | MAT121  | 5 dagar           |
| 1V | 2   | PEDA111                | Ex.phil**    | MAT111  |                   |
| 1H | 1   |                        |              |         | 5 dagar           |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

\*\* Ex.phil, og enten prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære eller 10 SP emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikkI tillegg må det veljast fem PHYS-emne.

### 3. Matematikk, naturfag og eitt realfag til, med masteroppgåve i matematikk:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT121, MAT112, MAT212, STAT110, PHYS101, PHYS102, BIO110, MOL100, KJEM110, KJEM100/130
- RDID100, NATDID201, MATDID200, og eit av emna PHYSDID200, KJEMDID200, BIODID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201

I tillegg må det veljast fire MAT-emne. Det må også veljast fire emne i linjefaget. For kva emne som gir grunnlag for undervisningskompetanse i dei ulike faga, sjå fakultetets tilrådingar i starten av Studiehandboka.

| År | Sem | Masteroppgåve i matematikk |           |              | Praksis           |
|----|-----|----------------------------|-----------|--------------|-------------------|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i matematikk |           |              |                   |
| 5H | 9   | MATXXX                     | MATXXX    | Linjefag     |                   |
| 4V | 8   | PHYS/KJEM/<br>BIODID200    | PEDA114   | MATXXX       | 5 veker tilpasset |
| 4H | 7   | MATDID200                  | PEDA113   | MNF201       | 7 veker           |
| 3V | 6   | MATXXX                     | Linjefag  | Linjefag     | 5 dagar           |
| 3H | 5   | NATDID201                  | PEDA112   | MAT212/221   | STAT110           |
| 2V | 4   | PHYS102                    | MOL100    | KJEM110*/130 |                   |
| 2H | 3   | RDID100                    | PHYS101   | KJEM100*/110 | 5 dagar           |
| 1V | 2   | BIO110                     | MAT112    | MAT121       |                   |
| 1H | 1   | PEDA111                    | Ex.phil** | MAT111       | 5 dagar           |

forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

\*\* Ex.phil, og enten prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære eller 10 SP emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk. For nærmare informasjon om val av linjefag, sjå Mi side.

I tillegg må det veljast fire MAT-emne. Det må også veljast fire emne i et av faga fysikk, kjemi elle biologi (linjefaget). For kva emne som gir grunnlag for undervisningskompetanse i dei ulike faga, sjå kapittel om Lærarutdanning

### 4. Kjemi, biologi og naturfag, med masteroppgåve i kjemi:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT101/111, KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM210, KJEM212/250, PHYS101, PHYS102, BIO110, BIO111, BIO112/201, BIO113, BIO114, MOL100
- RDID100, NATDID201, NATDID202, BIODID200, KJEMDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201

I tillegg må det veljast to KJEM-emne.

| År | Sem | Masteroppgåve i kjemi |           |             | Praksis           |
|----|-----|-----------------------|-----------|-------------|-------------------|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i kjemi |           |             |                   |
| 5H | 9   | KJEMXXX               |           |             |                   |
| 4V | 8   | KJEMDID200            | PEDA114   | KJEM212/250 | 5 veker tilpasset |
| 4H | 7   | BIODID200             | NATDID202 | PEDA113     | 7 veker           |
| 3V | 6   | KJEM122               |           |             |                   |
| 3H | 5   | NATDID201             | PEDA112   | KJEM120     | 5 dagar           |
| 2V | 4   | KJEM110               |           |             |                   |
| 2H | 3   | RDID100               |           |             | 5 dagar           |
| 1V | 2   | BIO110                |           |             |                   |
| 1H | 1   | PEDA111               |           |             | 5 dagar           |

forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

\*\* Ex.phil, og enten prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære eller 10 SP emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

I tillegg må det veljast to KJEM-emne.

## 5. Biologi, kjemi og naturfag, med masteroppgåve i biologi:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT101/111, MOL100, KJEM110, KJEM120, KJEM130, KJEM131, KJEM100/MOL200, PHYS101, PHYS102, BIO110, BIO111, BIO112, BIO113, BIO114, BIO201, BIO202
- RDID100, NATDID201, NATDID202, BIODID200, KJEMDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201

| År | Sem | Masteroppgåve i biologi |           |         |                 | Praksis           |
|----|-----|-------------------------|-----------|---------|-----------------|-------------------|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i biologi |           |         |                 |                   |
| 5H | 9   | BIOXXX                  | KJEM120   | BIO114  |                 | 5 veker tilpasset |
| 4V | 8   | KJEMDID200              | PEDA114   | Val     | KJEM131         | 7 veker           |
| 4H | 7   | BIODID200               | NATDID202 | PEDA113 | MNF201          |                   |
| 3V | 6   | BIO201                  | BIO202    | BIO202  | Val             | 5 dagar           |
| 3H | 5   | NATDID201               | PEDA112   | BIO113  | BIO112*/MOL200  |                   |
| 2V | 4   | KJEM110                 |           | KJEM130 | PHYS102         | 5 dagar           |
| 2H | 3   | RDID100                 |           | PHYS101 | KJEM100*/BIO112 |                   |
| 1V | 2   | BIO110                  |           | MOL100  | BIO111          | 5 dagar           |
| 1H | 1   | PEDA111                 |           | Ex.phil | MAT101/111      |                   |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

## 6. Kjemi, matematikk og naturfag, med masteroppgåve i kjemi:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT112, MAT121, STAT110, KJEM110, KJEM120, KJEM122, KJEM130, KJEM131, KJEM210, KJEM212/250, PHYS101, PHYS102, BIO110, MOL100
- RDID100, NATDID201, MATDID200, KJEMDID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201
- I tillegg må det veljast to KJEM-emne og to MAT/STAT-emne.

| År | Sem | Masteroppgåve i kjemi |         |          |                            | Praksis           |
|----|-----|-----------------------|---------|----------|----------------------------|-------------------|
| 5V | 10  | Masteroppgåve i kjemi |         |          |                            |                   |
| 5H | 9   | MAT/STATXXX           |         | KJEMXXX  | KJEM210*/KJEMXXX           |                   |
| 4V | 8   | KJEMDID200            | PEDA114 | PHYS102  | KJEM212 (ikkje *)/ KJEM250 | 5 veker tilpasset |
| 4H | 7   | MATDID200             |         | PEDA113  | MNF201                     | 7 veker           |
| 3V | 6   | MAT/STATXXX           |         | KJEM122  | KJEM131                    |                   |
| 3H | 5   | NATDID201             | PEDA112 | KJEM120  | STAT110*/KJEM210           | 5 dagar           |
| 2V | 4   | KJEM110               |         | KJEM130  | MOL100                     |                   |
| 2H | 3   | RDID100               |         | PHYS101  | KJEM100*/STAT110           | 5 dagar           |
| 1V | 2   | BIO110                |         | MAT112   | MAT121                     |                   |
| 1H | 1   | PEDA111               |         | Ex.phil* | MAT111                     | 5 dagar           |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

## 7. Biologi, matematikk og naturfag, med masteroppgåve i biologi:

Følgjande emne er obligatoriske:

- MAT111, MAT112, MAT121, STAT110, KJEM110, KJEM100/130, PHYS101, PHYS102, MOL100, BIO110, BIO111, BIO112, BIO113, BIO114, BIO201, BIO202
- RDID100, NATDID201, MATDID200, BIODID200
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- Ex.phil, MNF201

I tillegg må det veljast eit BIO-emne og to MAT/STAT-emne.

| År | Sem | Masteroppgåve i biologi |         |           | Praksis              |
|----|-----|-------------------------|---------|-----------|----------------------|
| 5V | 10  | BIO114                  | STAT110 | BIOXXX    |                      |
| 5H | 9   |                         |         |           |                      |
| 4V | 8   | BIODID200               | PEDA114 | BIO201    | BIO202               |
| 4H | 7   | MATDID200               |         | PEDA113   | Prosjektemne         |
| 3V | 6   | MATXXX                  |         | MATXXX    | KJEM110*/130         |
| 3H | 5   | NATDID201               | PEDA113 | BIO112    | BIO113               |
| 2V | 4   | PHYS102                 |         | BIO111    | MOL100               |
| 2H | 3   | RDID100                 |         | PHYS101   | KJEM100*/<br>KJEM110 |
| 1V | 2   | BIO110                  |         | MAT121    | MAT112               |
| 1H | 1   | PEDA111                 |         | Ex.phil** | MAT111               |

\* forkunnskapar i kjemi mindre enn 3KJ

\*\* Ex.phil, og enten prosjektemne i Vitskapsteori, teknologi og forskingslære eller 10 SP emne/spesialpensum knytt til metodar eller forskingsfelt i fagdidaktikk.

I tillegg må det veljast eit BIO-emne og to MAT/STAT-emne. For studentar på kull04 og kull05 gjeld krava til obligatoriske emne og spesialisering som er omtalt i den førre studieplanen. Sjå nærmere informasjon på Mi side.

## **MAMN-4LÆRE Integrert adjunktutdanning med matematikk og naturfag**

---

|                  |  |
|------------------|--|
| <b>Grad:</b>     | Bachelor i naturvitenskap- integrert praktisk-pedagogisk utdanning |
| <b>Omfang:</b>   | Fireårig (240 SP)  |
| <b>Oppstart:</b> | Haust  |

### **Mål og innhold**

Adjunktutdanninga i matematikk og naturfag er ei fireårig integrert lærarutdanning (240 studiepoeng). Utdanninga fører fram til graden Bachelor i naturvitenskap - integrert praktisk- pedagogisk utdanning. Den integrerte lærarutdanninga utgjer eit profesjonsstudium som utdannar lærarar for mellomtrinnet og ungdomstrinnet i grunnskulen og for den vidaregåande skulen. Utdanninga kombinerer praktisk-pedagogisk opplæring med god fagkunnskap i minst to universitetsfag. Studiet skal gi eit solid grunnlag i dei respektive vitskapsfaga med vekt på fagleg forståing, problemløysing og forståing for metodar og tenkjemåtar i faga. Vidare skal studiet gi grundig kunnskap i fagdidaktikk og pedagogikk, gi kunnskap om skulefaga og fremje dugleikar for praktisk yrkesutøving. Studiet skal dessutan gi ei grunnleggjande forståing av vitskapsfaga og skulefaga i ein samfunnsmessig og kulturell samanheng. Studiet skal gi vitskaplege funderte kunnskapar og evner i matematikk og naturvitenskap. Undervisninga er forskingsbasert og omhandlar det teoretiske grunnlaget for faga, så vel som faga sine metodar. Det vert lagt vekt på analytisk tenking, teoretisk og praktisk problemløysing, trenings i skriftleg og munnleg presentasjon og tilrettelegging for læring. Studiet skal utdanne lærarar som er ansvarlege og kompetente til å ta medansvar for elevars læring og utvikling. I studiet vert det lagt vekt på å utvikle kompetanse til vidare fagleg og profesjonell utvikling. Såleis er det eit mål å fremje kritisk refleksjon og samtalekulturar kring fag, undervisning og læring. Adjunktutdanninga i matematikk og naturfag har ei sterk matematikk- og naturfagsutdanning som basis og gjev grunnlag for undervisningskompetanse i matematikk og naturfag i ungdomsskulen. I tillegg gjev den moglegheit for å bygge vidare med ei fagleg spesialisering, eller eit tredje skulefag på topp.

### **Opptakskrav**

Generell studiekompetanse eller realkompetanse. I tillegg må studenten ha realfagskravet (REALFA). Politiattest (jfr. forskrift ved opptak til høgare utdanning).

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

I programmet inngår obligatoriske emne i fag, fagdidaktikk og pedagogikk. Desse emna er spesifiserte nedanfor. Alle studentar må gjennomføre et obligatorisk lab-sikringskurs før første praksisperiode kor studenten skal stå for undervisning. Når det gjeld praksis, er det obligatorisk med 15 dagars skuleerfaring fordelt på tre semester og undervisningspraksis samansett av om lag 120 timer undervisning fordelt på to semester. Både skuleerfaring og undervisningspraksis er knytt til emne som inngår i programmet. For nærmare informasjon, sjå emneplan for praksis. Før avslutta studium skal studenten foreta ein munnleg presentasjon der studenten drøfter ei sjølvvalt problemstilling knytt til skole og læring i eit fag, inkludert studentens eiga grunngjevne ståstad. Obligatoriske emne:

- MAT101 eller MAT111, MAT121, MAT112, STAT110, BIO110, MOL100, PHYS101, PHYS102, KJEM110, et av emna KJEM100/120/130, samt et valfritt MAT-/STAT-emne
- PEDA111, PEDA112, PEDA113, PEDA114
- RDID100, NATDID201, NATDID202, MATDID200
- Ex.phil, MNF201

### **Administrativt ansvarleg**

Studiekonsulent Marianne Jensen, Matematisk institutt, [studieveileder.laerer@mnfa.uib.no](mailto:studieveileder.laerer@mnfa.uib.no)

Fortsetter neste side.

**Yrkesvegar**

Fullført og greidd studium medfører sertifisering som lærar. Utdanninga kvalifiserer først og fremst for undervisningsarbeid med undervisningsstilling som adjunkt i skulen.

**Tilrådd studieplan**

| <b>År</b> | <b>Sem</b> |           |         |                      | <b>Praksis</b> |
|-----------|------------|-----------|---------|----------------------|----------------|
| 4V        | 8          | NATDID202 | PEDA114 | Val                  | Val            |
| 4H        | 7          | MATDID200 |         | PEDA113              | MNF201         |
| 3V        | 6          |           | Val     | Val                  | Val            |
| 3H        | 5          | NATDID201 | PEDA112 | MATXXX**             | STAT110        |
| 2V        | 4          |           | PHYS102 | KJEM110*/<br>KJEM130 | MOL100         |
| 2H        | 3          | R DID100  |         | PHYS101              | KJEM100*/110   |
| 1V        | 2          | BIO110    |         | MAT121               | MAT112         |
| 1H        | 1          | PEDA111   |         | Ex.phil**            | MAT111         |

\* forkunnskapar mindre enn 3KJ, \*\* MAT221 vert tilrådd

Starter du med MAT101? Sjå Mi side for alternativt studieløp

# Masterprogram

## MASTERPROGRAM I BIOLOGI

### MAMN-BIODI Masterprogram i biologi - Biodiversitet, evolusjon og økologi

**Grad:** Master i biologi - biodiversitet, evolusjon og økologi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

#### Mål og innhold

Studieprogrammet skal gi studentane ei bred innføring i økologisk, evolusjonær eller systematisk forsking. Programmet gir undervisning i tema som omhandler skalaen frå enkeltindivid til biogeografimønstre, og studentane kan fordjupe seg i både teoretiske og anvendte problemstillingar. Gjennom val av emne og det sjølvstendige arbeidet skal studentane opparbeide seg spesialkompetanse. I arbeidet med mastergradsoppgåva skal studentane få trening i vitskapelig arbeidsmetodikk. Etter endt studie skal kandidatane ha fått innsikt i kunnskapsproduksjon og ha utviklet evna til kritisk tenking basert på faglig funderte kunnskapar.

#### Opptakskrav

Opptakskrav er bachelorgrad i biologi eller tilsvarende utdanning. Anna bakgrunn vil kunne bli vurdert som tilstrekkelig for opptak avhengig av spesialisering studenten vel. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søker til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

#### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet omfattar 60 SP med emne og ei masteroppgåve tilsvarende 60 SP. Du skal velje rettleiar i løpet av det første semesteret. Emna BIO300 (10 SP) og BIO301 (10 SP) er obligatoriske. Det er undervisning i desse emna høvesvis haust og vår, og dei skal takast i løpet av det første året på masterprogrammet. Innhaldet i

emna vil dekkje tema frå alle involverte forskingsgrupper. Eit viktig føremål med dei felles emna er å gi deg trening i teknikkar som er nødvendige i arbeidet med den sjølvstendige masteroppgåva. Dei resterande 40 SP kan veljast blant andre relevante emne. Desse emna skal også førebu deg for masteroppgåva og det er sterkt tilrådd at du vel dei i samarbeid med rettlearen. Programmet organiserast og administrerast av Institutt for biologi, som i tillegg godkjenner rettleiar og mastergradsprosjekt. Studiet består av 60 SP med emne og ei mastergradsoppgåve tilsvarende 60 SP. Studentane skal velje rettleiar i løpet av det første semesteret. Opptak skjer normalt kvar haust.

#### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve     | Oppgåve | Oppgåve     |
|------|-------------|---------|-------------|
| 3. H | Val/oppgåve | Oppgåve | Oppgåve     |
| 2. V | BIO301      | Val     | Oppgåve/val |
| 1. H | BIO300      | Val     | Val         |

#### Administrativt ansvarleg

Institutt for Biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no), Tlf 55 58 22 24

#### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid i offentleg forvalting, næringsliv, skoleverk og for vidare doktorgradsstudium.

## MAMN-BIOGEO Masterprogram i biologi - Geobiologi

---

**Grad:** Master i biologi - geobiologi

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Målet med masterprogram i biologi - geobiologi er å gi innsikt i og forståing av fundamentale problemstillingar i geobiologi som omhandlar det komplekse samspelet mellom geo- og biosfæren. Dei spenner frå grunnleggande tema som livets opphav, grenser for liv og korleis liv tilpassar seg ytre miljøfaktorar, til tema av stor samfunnsmessig viktighet som berekraftig forvaltning av naturressursar og miljø, og bioteknologisk bruk av organismar/biologisk materiale frå naturlege miljø. Studiet skal gi innsikt og erfaring med bruk av biologisk metodikk på tokt, i felt og i laboratoriet. Tradisjonelle metodar for dyrking og karakterisering av organismar i kombinasjon med molekylærbiologi og bioinformatikk er viktige verktøy for å få kunnskap om biodiversitet og organismane sine eigenskapar og funksjonar i ulike habitat. Ved å gjennomføre ei sjølvstendig vitskapleg masteroppgåve skal du lære å planlegge og gjennomføre eksperiment, samt vurdere og diskutere resultata i lys av teoriar og hypotesar.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i biologi, eller tilsvarande utdanning. MIK200 eller MIK201 må inngå i bachelorgraden eller som ein del av mastergraden. Studentar med bachelorgrad i geologi eller andre realfagsdisiplinar kan takast opp dersom studentens biologiske bakgrunn vurderast som tilfredstillande for den masteroppgåva studenten vel. Gjennomsnittskarakteren på spesialiseringa i bachelorstudiet eller tilsvarande, må normalt være C eller betre.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: Kursdel og

mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng.

Kursdel: emna BIO300 - Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett, MIK202-Mikrobiell økologi eller MAR210-Akvatisk økologi, geologidelen av GEOL344 er obligatoriske. Dei andre emna skal vere på 200- eller 300-talsnivå. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 SP på 100-nivå. Valemne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samråd med rettleiar, for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

| 4.V | Oppgåve  | Oppgåve           | Oppgåve |
|-----|----------|-------------------|---------|
| 3.H | Val      | Oppgåve           | Oppgåve |
| 2.V | GEOV344* | Val               | Oppgåve |
| 1.H | BIO300   | MAR210/<br>MIK202 | Val     |

\*geologidelen av GEOV344 (5 sp)

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost studie@bio.uib.no  
Tlf 55 58 22 41

### Yrkesvegar

Masterprogrammet vil gjere deg skikka til å gå inn i et breitt utval av stillingar, mellom anna innan forsking ved universitet, høgskular og andre offentlege og private institusjonar, innan industri, konsulentverksemrd, offentleg forvalting og i skuleverket.

## MAMN-BIOMI Masterprogram i biologi - Mikrobiologi

---

**Grad:** Dette masterprogrammet fører fram til graden master i biologi - mikrobiologi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Mikrobiologi er læra om de mikroskopiske organismeformene: virus, bakteriar, sopp, eincella algar og protozoar. Sentralt i faget er studiet av mikroorganismaneas eigenskapar og deira funksjonar i ulike miljø. Faget spenner frå grunnforsking til nytting av mikroorganismane i praktisk og kommersiell samanheng. Det har stor samfunnsmessig betyding. Målet med mastergraden er å gi innsikt i faget gjennom teori, eksperimenter og annen relevant verksemd, slik at studenten får ei heilhetlig forståing av mikroorganismaneas liv.

Mastergraden med mikrobiologi skal gjøre studenten skikka til å gå inn i et bredt utval av stillingar der mikrobiologi er relevant

### Opptakskrav

Bachelorgrad i biologi eller tilsvarande utdanning. Annan bakgrunn kan bli vurdert som tilstrekkeleg for opptak, avhengig av kva for spesialisering du vel. MIK200 og MIK201 må inngå i bachelorgraden eller som ein del av mastergraden. Bioingeniørutdanninga fra høgskolane gir direkte opptak til mastergrad i mikrobiologi. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 58 22 24

### Obligatoriske emne/spesialisering

Mastergraden i biologi, mikrobiologi består av:

- \* eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP (eventuelt 30 SP).
- \* emne eller spesialpensum på til saman 60 SP satt saman slik:

- BIO300, MIK202 eller tilsvarande , MIK203 eller tilsvarande, er obligatorisk.
- 30 SP valfrie studiepoeng, helt eller delvis i samråd med mastergradsrettleiar.

For oppgåve på 30 SP blir spesialpensum utvida med 30 studiepoeng.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | Val     | MIK203  | Oppgåve |
| 1. H | Val     | MIK202  | BIO300  |

### Yrkesvegar

Masterprogrammet skal gjere deg skikka til å gå inn i et breitt utval av stillingar der mikrobiologi er relevant. Mikrobiologar arbeider i dag blant anna innan forsking ved universitet og høgskolar innan akvakultur, bioteknologi, offentleg forvalting, industri og i skoleverket.

# MASTERPROGRAM I FISKERIBIOLOGI OG FORVALTING

## MAMN-FIFO Masterprogram i fiskeribiologi og forvalting

**Grad:** Master i fiskeribiologi og forvalting.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Målet med programmet er å gi deg innsikt i og oversikt over fagområdet fiskeribiologi, med vekt på korleis utnytting og andre ytre faktorar verker på dei levande ressursane i havet. Når du har gjennomgått programmet skal du ha fått grunnleggande kunnskapar om systematikk, anatomi, fysiologi, åtferd, utvikling, livshistorie og økologi hos fiskar samt kunnskapar om oseanografi og marine økosystem. Du vil også ha ei basal forståing av fiskestammar sin populasjonsstruktur, fiskereiskapar sine funksjonar og seleksjonsmønster, utnyttingsstrategiar av fiskestammar frå utvalde økosystem og enklare populasjonsdynamiske modellar, samt kunnskap om korleis økologiske faktorar saman med fiskeri påverkar utviklinga av fiskestammene. Du vil også få praktisk erfaring frå fiskeribiologisk arbeid i laboratoriet, i felt og på forskingsfartøy. I tillegg vil du ha erfaring frå gjennomføring av eit forskingsarbeid basert på eit materiale innsamla i laboratorium eller felt, alternativt på tidsseriar av biologiske data. Masteroppgåva kan også vere basert på utvida litteraturstudie.

### Opptakskrav

Bachelorgrad eller tilsvarande, helst i biologi eller havbruksbiologi. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no), Tlf 55584410.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i fiskeribiologi og forvalting omfattar emne på til saman 60 studiepoeng. Dei obligatoriske emna er BIO280 Fiskebiologi I - Systematikk og anatomi (10 stp), MAR230 Fiskeriøkologi (10 stp), MAR330 Ansvarleg fangst (5 stp), BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett (10 stp) og MAR331 Fiskeriforvalting (10 stp). Viss du har tatt nokon av desse emna tidlegare, vel du andre emne i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

|      | Oppgåve |        |             |
|------|---------|--------|-------------|
| 4. V | Oppgåve |        |             |
| 3. H | Oppgåve |        |             |
| 2. V | MAR331  | BIO280 | Oppgåve/val |
| 1. H | BIO300  | MAR230 | Val         |

### Yrkesvegar

Studiet skal gi eit godt grunnlag for vidare doktorgradsstudium innan fiskeribiologi og tilgrensande fagfelt med moglegheiter for forskarstillingar ved universitet, høgskolar og forskingsinstitutt som Havforskingsinstituttet, samt for arbeid i offentleg forvalting, næringsliv og skoleverk.

# MASTERPROGRAM I HAVBRUKSBIOLGI

## MAMN-HAV Masterprogram i havbruksbiologi

**Grad:** Master i Havbruksbiologi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Hovudopptak haust, suppleringsopptak vår.

### Mål og innhald

Målet med programmet er å gi deg omfattende vitskapleg og praktisk kompetanse innan samspele mellom miljø og utvikling, vekst og reproduksjon hos sentrale artar i oppdrett. Problemstillingane blir normalt definerte innan yngelproduksjon og "juvenile" fase av laksefisk og marine artar i oppdrett. Ein fokuserer også på livshistoriestrategiar, spesielt på reproduksjonsfysiologi og ontogeni (smoltifisering og metamorfose). Du får innsikt i og erfaring med arbeid med bl.a. fysiologi, endokrinologi, histologi og molekylære metodar. Du får også praktisk kunnskap om intensive og ekstensive oppdrettssystem, norske lover og forskrifter som er relatert til oppdrettsnæringa og ei oversikt over internasjonal akvakultur.

### Opptakskrav

Bachelorgrad eller tilsvarende i biologi, havbruk eller molekylærbiologi. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i havbruksbiologi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 30 eller 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 eller 90 SP sett saman av følgjande obligatoriske emne: MAR250 Innføring i havbruksbiologi, MAR251 Praksisperiode, lovverk og forvalting i akvakultur og MAR251 Etikk og velferd hos akvatiske organismar, MAR350 Spesialisering i havbruksbiologi (10 studiepoeng), BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett. Dersom du har tatt desse emna eller tilsvarende emne tidlegare, vel du andre emne i samråd med rettleiaren og instituttet. Dersom du vel ei kort oppgåve, må du setje av 15 SP til å skrive ei semesteroppgåve, ein litteraturstudie eller ein populærvitenskapleg artikkel.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | MAR350  | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | MAR251  | MAR252  | Oppgåve |
| 1. H | BIO300  | MAR250  | Valemne |

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid som stipendiatur, juniorforskar ved forskingsinstitutt eller større selskap, produksjonsansvarlig ved oppdrettsanlegg, saksbehandlar innan offentlig forvalting, konsulent, lektor (dersom ein i tillegg har pedagogiske fag), rådgivar i havbruksrelaterte spørsmål.

# MASTERPROGRAM I ERNÆRING

## MAMN-NUERN Masterprogram i ernæring - Ernæring hos akvatiske organismar i oppdrett

**Grad:** Master i ernæring - ernæring hos akvatiske organismar i oppdrett.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Målet med programmet er å gi ei djup og omfattande innsikt innan ernæring av fisk og andre akvatiske dyr i oppdrett (skjel, krepsdyr etc.). Problemstillingane definerast innan ernæring av stamfisk (før og føringsregime, vitellogenese, eggkvalitet) og yngel (embryonalutvikling, endogen føring, levende før, startfør), førressursar, vekst og kvalitet av matfisk, samt innan ernæring og fiskehelse (ernæringsmangel, interaksjonar med miljøtilhøve, ernæringsimmunologi, produksjonslidingar) som og omfattar ernæringstoksikologi. Studiet er knytt til NIFES Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning.

### Opptakskrav

Du bør ha bachelorgrad eller tilsvarende innan havbruksbiologi, biologi, biokjemi, kjemi eller molekylærbiologi, men studiet er ope for alle som har ein bachelorgrad innan naturvitenskap frå eit norsk universitet eller ei tilsvarende utdanning. Det er ein fordel dersom studentane tar MAR250 og MAR253 eller tilsvarende Emne som ei del av sin Bachelorgrad. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkjavar til eit program enn det er plassar, vil søkjavarane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkjavarar tilbod om studieplass

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 58 44 00

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i ernæring hos akvatiske organismar i oppdrett omfattar ei sjølvstendig vitskapleg oppgåve på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Obligatoriske emne er: BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett (10 SP), MAR250 Innføring i havbruk (10 SP), MAR352 Næringsmiddelkjemi og analyse (15 SP) eller MOL202 Eksperimentell molekylærbiologi (10 SP) og MAR253 Ernæring hos fisk (10 SP). Resterande emne må veljast i samråd med rettleiaren og programstyret.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve       | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------------|---------|---------|
| 3. H | Oppgåve       | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | MAR352/MOL202 |         | Val     |
| 1. H | MAR253        | BIO300  | MAR250  |

### Yrkesvegar

Stipendiat, juniorforskar ved forskingsinstitutt eller større selskap, produktutviklar innan oppdretts-, fiskeforedlings-, og næringsmiddelindustri, saksbehandlar innan offentleg forvalting, konsulent, lektor (under føresetnad av pedagogiske fag), rådgjevar i ernæringsrelaterte spørsmål.

## MASTERPROGRAM I FYSIKK

### MAMN-FYHYD Masterprogram i fysikk - Akustikk

**Grad:** Master i fysikk - akustikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

#### Mål og innhold

Akustikk er læra om lyd - både høyrleg og ikkje høyrleg. Faget har mange spesialitetar og bruksområde og inngår som ein del av ei rekke andre fagdisiplinar, som f.eks. musikk, vibrasjon- og støyførebygging, arkitektur, medisin, psykologi, seismologi, elektronikk, materialprøvning, olje- og reservoarteknologi, fiskeri og fiskeressursovervakning, miljø og klimaovervakning. Ved Hydroakustikkgruppen i Bergen er interessa særleg retta mot bruk av ultralyd i teknologi, havforsking og oseanografi, forutan grunnforskning. Sistnemnde område omfattar "ikkje-lineær akustikk", som er fenomen som opptrer i svært intens lyd; sjokkdanning, akustiske straumar og kavitasjon, og studium av vibrasjoner i piezoelektriske materiale. Masteroppgåver i akustikk omfattar som oftast både teori, eksperiment og numerisk simulering og blir til ein viss grad utført i samarbeid med verksemder og institusjonar som Havforskningsinstituttet, Simrad, Christian Michelsen Research AS og Nansensenteret.

#### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Tilrådde valemne i bachelorgraden: PHYS271 Akustikk og INF109 Dataprogrammering for naturvitenskapen (Alternativt INF100). Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

#### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i hydroakustikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP.
- emne og eventuelt spesialpensum på til saman 60 SP valt i samråd med rettleiaren.

PHYS271 og PHYS272 bør inngå i bachelor- eller mastergraden.

#### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | pensum  | oppgåve | oppgåve |
| 8. V  | pensum  | Pensum  | oppgåve |
| 7. H  | PHYS272 | Pensum  | pensum  |

| 6. V | PHYS271 | Val         | val |
|------|---------|-------------|-----|
| 5. H | PHYS117 | PHYS115/116 | val |

#### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no) Tlf 55 58 27 66

#### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forsking og utvikling, undervisning, industri og privat og offentleg forvalting.

## MAMN-FYMÅL Masterprogram i fysikk - Målevitskap og instrumentering

---

**Grad:** Master i fysikk - målevitskap og instrumentering.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Instrumentering er ein viktig del av kvardagen vår. Grensene for kva som kan målast blir stadig strekte ved å utnytte ulike kjemiske og fysiske eigenskapar hos materiale til utvikling av sensorar og instrument til ei rekke bruksområde. Spesialisering i instrumentering legg stor vekt på måleteknologi. Dette krev innsikt i prosessen som skal målast, men det er også spesielt viktig med god kunnskap om fysikken bak dei ulike måleprinsippa. Nye metodar og materiale gjer det mogleg å utvikle sensorar der ein kan trekke meir informasjon ut frå ei enkelt måling. Det blir fokusert på elektromagnetiske og nukleære måleprinsipp, samt industriell tomografi, og da spesielt brukt på fleirfasesystem.

Arbeidsmetodane, som er ein viktig del av utdanninga, spenner frå teori og modellering til eksperiment og utvikling av prototypar. Dette blir gjerne utført i nært samarbeid med industri og andre institutt som Christian Michelsen Research AS, ofte i form av eksterne master- og doktorgradsprosjekt.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk, ingeniørfag (linje elektro/automasjon) eller tilsvarande utdanning. Det er også mogleg å ta spesialisering i instrumentering i program for prosessteknologi. INF109 eller tilsvarande er tilrådd i bachelorgraden. IKT og bruk av datamaskin spelar ei stadig større rolle i instrumentering, og generell kunnskap om dette er gunstig. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i industriell instrumentering omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP samansett slik:

- Emna PHYS225 Instrumentering, PHYS327 Laboratoriekurs i instrumentering og prosessregulering og PHYS328 Utvalde emne innan måleteknologi.
- 30 SP valt i samråd med rettleiaren din. Aktuelle emne kan være blandt emna:  
\*PHYS212 Medisinsk fysikk og teknologi  
\*PHYS325 Signal- og kommunikasjonsteori og/eller  
\*spesialpensum valt i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | PHYS327 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS225 | PHYS328 | Val     |

| 6. V | TOE002  | Val     | Val    |
|------|---------|---------|--------|
| 5. H | PHYS117 | PHYS116 | TOE001 |

### Yrkesvegar

Instrumentering er tverrfagleg og blir brukt i et breitt spekter av disiplinar frå prosessindustri som olje- og gassindustri, til akvakultur, miljø, medisin og forsking i ulike felt. Ofte blir studentane tilbode jobb allereie før dei er ferdige med studia.

## MAMN-FYKJR Masterprogram i fysikk - Kjernefysikk

---

**Grad:** Master i fysikk - kjernefysikk.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Kvarkar er dei fundamentale partiklane som byggjer opp materie, og den sterke krafta verkar mellom dei. Teorien som skildrar den sterke vekselverknaden kallar ein QCD (Quantum Chromo Dynamics). Kjernematerie er berre ei form av QCD-materie, men fleire ulike fasar av QCD-materie kan, i følgje QCD, eksistere. Når tunge atomkjernar kolliderer med fart opp mot lysfarten blir tettleiken av kjernematerie så høg at protona og nøytrona "smelter". Ein reknar med at ein slik tilstand av materie under slike ekstreme trykk- og temperaturforhold svarar til ein ny QCD-fase. Denne fasen omfattar eit plasma av frie kvarkar og gluon, "Quark Gluon Plasma" (QGP), som liknar forholda i universet kort tid, nokre mikrosekund, etter "The Big Bang". Kjernefysikkgruppa ved UiB er med på å eksperimentere ved CERNs LHC-akselerator og ved RHIC-akseleratoren i Brookhaven, USA, for å studere QGP. Vi har engasjert oss for å få bygd eit fotonspektrometer og gassdetektorar for ladde partiklar. Vi utviklar både lågstøys analog og høgfarts digital elektronikk for desse detektorane (i samarbeid med Mikroelektronikkgruppa) og sanntidsprogram for å utlese elektronikk, og vi analyserer målingane.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Følgjande emne er tilrådd i bachelorgraden:  
PHYS201 Kvantmekanikk, PHYS241 Kjerne- og partikkelfysikk og eitt eller fleire av emna  
PHYS231 Strålingsfysikk, PHYS291  
Databehandling i fysikk og INF109  
Dataprogrammering for naturvitenskap (Alternativt INF100). Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i kjernefysikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP valt i samråd med rettlearen.

PHYS 201, PHYS 241 og PHYS 232 bør inngå i bachelor- eller mastergraden.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | pensum  | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | pensum  | pensum  | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS232 | Val     | val     |
| 6. V  | PHYS201 | PHYS241 | Val     |
| 5. H  | PHYS117 | PHYS115 | Val     |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forsking og utvikling, undervisning, IT, industri og medisinsk teknologi.

## MAMN-FYMIK Masterprogram i fysikk - Mikroelektronikk

---

**Grad:** Master i fysikk - mikroelektronikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Mikroelektronikk er ein viktig føresetnad for teknologiutviklinga i samfunnet vårt der produkt som mobiltelefon og stadig kraftigare PC-er er blitt ein del av dagleglivet vårt. Den fundamentale byggjesteinen i mikroelektronikken er transistoren. Til å byrje med (ca. 1970) var gjerne ein transistor nokre tidels millimeter i utstrekning eller større.

Etter kvart byrja ein å kople dei saman i elektroniske krinsar på ei silisiumskive, og chipen var eit faktum. I dag er det aktive området på ein transistor om lag. 0,1 x 0,1 mikrometer, og ein har høve til å integrere millionar av transistorar på ei brikke. Mikroelektronikk er av avgjerande verdi for forsking og utvikling innan eksperimentell fysikk og teknologi. Ved Fysisk institutt er arbeidet med mikroelektronikk knytt til design, simulering, layout, programering, produksjon og testing av analoge og digitale, integrerte krinsar. Integrasjon med detektorar og sensorar er også eit sentralt felt. Mikroelektronikkgruppa arbeider tett saman med gruppene: Målevitenskap og instrumentering, romfysikk og kjerne- og partikkelfysikk. Fellesinteressene er innan utvikling av hurtig, kompakt, låg-effekt- og strålingsherdig elektronikk for satellittinstrumentering og innan utvikling av fleirkanalselektronikk for industriell instrumentering og høgenergifyssikk.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarande utdanning. Du med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurderte dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i mikroelektronikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng
- emne og spesialpensum på til saman 60 studiepoeng, valt i samråd med rettleiarene.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | PHYS322 | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | PHYS321 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS222 | PHYS223 | Val     |

| 6. V | TOE002  | Val     | Val    |
|------|---------|---------|--------|
| 5. H | PHYS117 | PHYS116 | TOE001 |

*Emnene TOE001 Grunnleggende elektrofag 1 og TOE002 Grunnleggende elektrofag 2 er gitt ved Høgskolen i Bergen.*

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forsking og utvikling, undervisning, IT og industri.

## MAMN-FYOP Masterprogram i fysikk - Optikk og atomfysikk

---

**Grad:** Master i fysikk - optikk og atomfysikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Studieretninga kombinerer fundamentale optiske prosessar på atom- og molekylnivå med bruk innan fjernmåling og miljøovervaking, samt optiske grunnforskningsstudiar. Innan mikrofysikk kan ein studere fundamentale atomære og kvanteoptiske fenomen der vekselverknaden mellom lys og materie er hovudtema. I dei fleste høve nyttar ein vekselverknaden mellom lys og materie til å bestemme eigenskapar av gassar eller væsker, ofte for biologiske system med eksistens av organismar. Masterprogrammet i miljøoptikk og kvanteoptikk byggar på forsking som strekkjer seg frå atomære kollisjonar og resulterande lysfenomen, til studiar med relevans for marinbiologi og miljøfysikk. Fellesnemnaren på den teoretiske sida er metodar innan spreilingsteori for lys og partiklar. Dei eksperimentelle metodane som blir brukt lokalt i Bergen, er baserte på måling av lysspreiing og strålingstransport i ulike media. I tillegg kjem fleire teknikkar som blir nyttar ved større eksperimentelle anlegg hos forskingspartnerar i utlandet.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du med bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurderte dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Valeme i matematikk, og/eller PHYS 291 er tilrådd i bachelorgraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i miljø- og kvanteoptikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

40 SP vel du blant emna:

PHYS261 Atomfysikk og fysikalsk optikk

PHYS263 Laboratoriekurs i optikk og atomfysikk

PHYS264 Miljøoptikk og transport av lys og partiklar

PHYS208 Faststoff-fysikk

PHYS205 Elektromagnetisme og PHYS361

Teknisk optikk,

PHYS362 Utvalde emne i fysikalsk optikk,

PHYS363 Utvalde emne i atomfysikk og

kvanteoptikk

PHYS365 Kvanteoptikk.

- Du vel 20 SP i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve             | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------------------|---------|---------|
| 9. H  | Oppgåve             | Oppgåve | Val     |
| 8. V  | Oppgåve             | Val     | Val     |
| 7. H  | PHYS261/<br>PHYS264 | PHYS263 | PHYS365 |

### Yrkesvegar

Forsking og utvikling i fundamentale kvanteprosessar og optikk, optisk måleteknikk, miljøfysikk, datamodellering, dataanalyse.

## MAMN-FYPAR Masterprogram i fysikk - Partikkelfysikk

---

**Grad:** Master i fysikk - partikkelfysikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Forskningsaktiviteten spenner over eit vidt felt av aktivitetar innan partikkelfysikk. Vi arbeider nært saman med CERN (European Organization for Nuclear Research) og andre utanlandske senter for partikkelfysikk, der vi deltek både med utvikling og installasjon av apparatur for framtidige eksperiment, så vel som med studiar av data frå pågåande og avslutta eksperiment.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i partikkelfysikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

Emna PHYS232 Eksperimentelle metodar i kjerne- og partikkelfysikk og PHYS241 Kjerne- og partikkelfysikk bør inngå

### For teori og dataanalyse:

PHYS303 Relativistisk kvantemekanikk og feltteori, PHYS341 Utvalde emne i eksperimentell partikkelfysikk, PHYS342 Kvantefeltteori og PHYS343 Kvark- og leptonfysikk, er tilrådd.

### For instrumentering:

PHYS220 Analog elektronikk, PHYS221 Digital elektronikk og PHYS225 Instrumentering  
Du vel 10 SP sjølv.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | Val     | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS232 | Val     | Val     |

| 6. V | PHYS201 | PHYS241 | Val |
|------|---------|---------|-----|
| 5. H | PHYS117 | PHYS115 | Val |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forskningsinstitusjonar, universitet og høgskolar, elektronikk- og instrumenteringsverksemder og skoleverk. Mange har også fått arbeid i informatikksektoren.

## MAMN-FYROM Masterprogram i fysikk - Romfysikk

---

**Grad:** Master i fysikk - romfysikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Energi i form av elektromagnetisk stråling og ladde partiklar strøymar kontinuerleg ut frå den nærmeste stjerna vår, sola. Denne energistraumen påverkar miljøet på og rundt kloden vår. Det berømte nordlyset skuldast vekselverknaden mellom det jordmagnetiske feltet, atmosfæren og ladde partiklar frå sola. Romfysikk handlar nettopp om det å forstå dei fysiske prosessane som finn stad i det nære verdsrommet mellom sola og jorda. I slike samanhengar nyttar ein målingar av fysiske parameter frå instrument ståande på bakken, om bord på satellittar eller på rakettar. Nokre av dei mange uløyste spørsmåla innan romforsking:

- Kva for mekanismar styrer energitrasporten frå sola til jorda?
- Korleis kan dei ladde partiklane trenge seg inn i det magnetiske hylsteret som jorda er omgitt av?
- Korleis akselererer partiklar i det jordmagnetiske systemet?
- Korleis blir atmosfæren si samansetjing påverka av energitrasport frå sola?
- Kva for elektriske straumsystem gjer seg gjeldande i det jordmagnetiske systemet?
- Korleis påverkar romvêret vår teknologiske kvardag?

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen din kvalifiserer for mastergraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i romfysikk omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng
- emne og eventuelt spesialpensum på til saman 60 SP valt i samråd med rettleiar

Emna PHYS251 Det nære verdsrommet og PHYS252 Ekspperimentelle metodar i romfysikk bør inngå i bachelor- eller mastergraden. Andre emne som inngår i mastergraden blir valt i samråd med rettleiarene ettersom den optimale fagsamansetjinga vil vere avhengig av forskingsoppgåva.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | Val     | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PHYS252 | Val     | Val     |

| 6. V | PHYS251 | Val         | Val |
|------|---------|-------------|-----|
| 5. H | PHYS117 | PHYS115/116 | Val |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forsking og utvikling, undervisning, industri, privat og offentleg forvalting.

## MAMN-FYTEO Masterprogram i fysikk - Teoretisk fysikk og energifysikk

---

**Grad:** Master i fysikk - teoretisk fysikk og energifysikk.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Masterprogrammet i teoretisk fysikk omfattar danning av teori og teoretisk modellering av strukturar, reaksjonar og prosessar innanfor eit breitt spekter av fenomen. Desse fell innanfor partikkelfysikk, kjernefysikk og atomfysikk, samt enkelte aspekt ved faste stoff sin fysikk, hydrodynamikk, energifysikk og generelle dynamiske system. Innanfor den karakteristiske skalaen for det fysiske fenomenet eller den konkrete prosessen utviklar ein matematiske modellar som i nokre tilfelle har analytiske løysingar, men i dei fleste tilfelle krev ein numeriske utrekningar eller annan simulering. I moderne akseleratorlaboratorium prøver ein å etterlikne trekk ved hendingar i det tidlege universet og vidareskaping av grunnstoffa, ein prosess som framleis finn stad i stjernene gjennom voldsam utvikling. Grensene for kjernestoffet sin eksistens blir kartlagde. Innan atomfysikk arbeider ein med modellering av oppførsel av atom under ytre påverknad, for eksempel ekstremt korte og intense laserpulsar. Vidare studerer ein samlingar av atom og molekyl og deira dynamikk og struktur og moglegheit for å utnytte kvantemekanikken til informasjonslagring og tilarbeidning.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i fysikk eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar eller ingeniørfag, kan bli vurdert dersom fysikkbakgrunnen kvalifiserer for mastergraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste oppnak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i teoretisk fysikk og modellering omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng
- emne og eventuelt spesialpensum på til saman 60 SP valt i samråd med rettleiaran din.

PHYS201 Kvantemekanikk og PHYS206 Statistisk fysikk og termodynamikk bør inngå i bachelor- eller mastergraden.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | oppgåve | oppgåve | oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | oppgåve | oppgåve |
| 8. V  | Val     | val     | oppgåve |
| 7. H  | PHYS206 | val     | val     |

| 6. V | PHYS201 | val     | val |
|------|---------|---------|-----|
| 5. H | PHYS117 | PHYS115 | val |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studieveileder@ift.uib.no](mailto:studieveileder@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 27 66

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forsking og utvikling, undervisning, datamodellering og -analyse, industri og privat og offentleg forvalting.

# MASTERPROGRAM I METEOROLOGI OG OSEANOGRIFI

## MAMN-GFFYS

### Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Fysisk oseanografi

**Grad:** Master i meteorologi og oseanografi - fysisk oseanografi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

#### Mål og innhold

Fysisk oseanografi omfattar studiet av havstraumar, havet sine fysiske eigenskapar og termodynamikk, bølgjer, frontar, virvlar samt energi- og massebalanse. Spesielt er det fokus på kystområde og polare strøk. Studiet gir moglegheiter for datainnsamling til havs med avansert instrumentering, og kombinasjon av slike observasjonar med informasjon frå satellittar og numerisk modellering. Studiet gir eit godt grunnlag for seinare arbeid med operasjonell oseanografi, kystsoneforvalting, marin økologi og klimastudiar i tillegg til vidare forsking innan fysiske prosessar i havet og undervisning.

#### Opptakskrav

Bachelor i meteorologi og oseanografi, fysikk, matematiske fag, informatikk eller tilsvarande. For å bli tatt opp på masterprogram i meteorologi og oseanografi - fysisk oseanografi må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 eller tilsvarande vere gjennomført i løpet av bachelorstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

#### Administrativt ansvarleg

Geofysisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost: [studierettleiar@gfi.uib.no](mailto:studierettleiar@gfi.uib.no).

#### Obligatoriske emne/spesialisering

Mastergraden i meteorologi og oseanografi – studieretning fysisk oseanografi omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

Emna GEOF310, GEOF330 og GEOF331 er obligatoriske + 30 SP som du vel i samråd med rettleieren. Emna GEOF210, GEOF211, GEOF230, GEOF332, GEOF335 og GEOF337 er blant dei mest aktuelle.

#### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | Val     | Val     | Oppgåve |
| 1.H  | GEOF310 | GEOF330 | GEOF331 |

#### Yrkesvegar

Studiet skal gje deg eit godt grunnlag for arbeid som fagoseanograf innanfor offentlege og private verksemder, mellom anna forskning, oljeindustri og miljøforvalting eller som lektor i grunnskule eller videregående skule (dersom du byggjer på med praktisk- og pedagogisk utdanning).

## MAMN-GFKJ

### Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Kjemisk oseanografi

---

**Grad:**

Master i meteorologi og oseanografi - kjemisk oseanografi.

**Omfang:**

Toårig (120 SP)

**Oppstart:**

Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

**Mål og innhold**

I kjemisk oseanografi lærer du om kjemiske stoff i havet og kva rolle dei speler for havet som eit drivhusgassregulerande medium. Fagretninga tek føre seg karbonkrinslaupet si rolle som pådrivar til fysiske endringar og endringar i dei fysiske vilkåra som havsirkulasjon, blanding og transport. Dette er viktig for å forstå dagens pådriv i klima og dei endringane som ein forventar framover i tid. Faget tek også føre seg kjemiske sporstoff som ein brukar for å oppnå betre kunnskap om klimasensitivitet, blandingsprosessar (isopyknal og diapyknal blanding), sirkulasjon og opphaldstid i havet (termohalin sirkulasjon). Det er stor uvisse knytt til overføringshastigkeit av klimagassar mellom luft og hav, og grenseflatedynamikk blir studert med tanke på å forbetre kunnskapen på dette feltet. Det er sterke koplingar mellom karbonkretsløp og økosystem, og eit viktig tema er å vurdere konsekvensar av endringar i desse systema.

**Opptakskrav**

Bachelor i meteorologi og oseanografi, kjemi, fysikk, matematikk, biologi eller tilsvarande. For å bli teken opp på masterprogram i meteorologi og oseanografi - kjemisk oseanografi må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet. GEOF236 må takast som ein del av bachelor- eller mastergraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

**Obligatoriske emne/spesialisering**

Mastergraden i meteorologi og oseanografi – studieretning kjemisk oseanografi i omfattar:

- eit sjølvstendig vitkapeleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

Emna GEOF230 og GEOF336 samt eit av emna GEOF310 og GEOF330 er obligatoriske (til saman 30-35 studiepoeng) + 25-30 SP som du vel i samråd med rettleiar. Emna GEOF210, GEOF211, GEOF212, GEOF332 og GEOF335 og er blant dei mest aktuelle.

**Tilrådd studieplan**

| 4.V | Oppgåve | Oppgåve         | Oppgåve |
|-----|---------|-----------------|---------|
| 3.H | Val     | Oppgåve         | Oppgåve |
| 2.V | GEOF336 | Val             | Oppgåve |
| 1.H | GEOF230 | GEOF310/GEOF330 | Val     |

**Administrativt ansvarleg**

Geofysisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost studierettleiar@gfi.uib.no

**Yrkesvegar**

Studiet skal gje deg eit grunnlag for arbeid som fagoseanograf innanfor offentlege og private verksemder, mellom anna forsking, oljeindustri og miljøforvaltning eller som lektor i grunnskole eller videregående skule (dersom du byggjer på med praktisk- pedagogisk utdanning).

## MAMN-GFKLI Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Klimadynamikk

**Grad:** Master i meteorologi og oseanografi - klimadynamikk  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Klimaet er ei statistisk skildring av korleis været varierer over tid og er typisk skildra av middelverdiar (normalar), ekstremverdiar (maksimum og minimum), og langtidsvariasjonar (trendar) av temperatur, nedbør, vind, skydekke og så vidare. Det globale klimasystemet omfattar dei fem komponentane atmosfære, hav, kryosfære (is og snø), landjord, og biosfære (plante- og dyreliv). I klimastudiet ved Geofysisk institutt blir det lagt vekt på dei fysiske prosessane som styrer klimaet, der atmosfæren og havet sine roller samt sjøisen er i fokus. Studiet vil gi deg ei brei innføring i meteorologi, oseanografi og statistikk, og du vil få god kjennskap til klimavariabilitet og moglege klimaendringar, bl.a. på grunn av endra drivhuseffekt, både globalt og regionalt. Dei utesaminerte kandidatane fra klimastudiet skal ha brei kjennskap til klimasystemet og vere i stand til å ta aktivt del i samfunnsdebatten om klimaendringar.

### Opptakskrav

Bachelor i meteorologi og oseanografi, fysikk, matematikk, statistikk eller informatikk. For å bli teken opp på masterprogram i meteorologi og oseanografi - klimadynamikk må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Mastergraden i meteorologi og oseanografi - klimadynamikk - omfattar:

- eit sjølvstendig vitkapeleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

To av emna GEOF310, GEOF326, GEOF330 er obligatoriske (vi anbefaler at ein vel å ta alle) + 35-40 SP vald i samråd med rettleiaren.

Emna GEOF210, GEOF211, GEOF212, GEOF327, GEOF328, GEOF344 og GEOF345 er dei mest aktuelle.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | oppgåve  | Oppgåve  | Oppgåve  |
|------|----------|----------|----------|
| 3. H | Val      | Oppgåve  | Oppgåve  |
| 2. V | Val      | Val      | Oppgåve  |
| 1.H  | GEOF326* | GEOF310* | GEOF330* |

\* Vel to av desse emna som obligatorisk

### Administrativt ansvarleg

Geofysisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost studierettleiar@gfi.uib.no

### Yrkesvegar

Studiet skal gje deg eit godt grunnlag for vidare arbeid som fagmeteorolog, fagoseanograf eller klimaekspert innanfor offentlege og private verksamder, mellom anna forsking, oljeindustri og miljøforvaltning eller som lektor i grunnskole eller videregående skule (dersom du byggjer på med praktisk-pedagogisk utdanning).

## **MAMN-GFMET Masterprogram i meteorologi og oseanografi - Meteorologi**

---

**Grad:** Master i meteorologi og oseanografi i - meteorologi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Meteorologi er læra om rørsler og prosessar som føregår i atmosfæren. Vi nyttar dei fysiske lovane formulerte i matematiske likningar for å skildre ulike fenomen. Gode kunnskapar i matematikk og fysikk er derfor ein føresetnad for å studere meteorologi. Ved Geofysisk institutt kan du følgje studieretning i meteorologi innan følgjande område: Studium av værsystem og bruk av numeriske modellar for å varsle utviklinga av værsistema, studium av lokale vêr- og klimatilhøve, studium av klima på større skala, og studium av strålingsprosessar i atmosfæren. Målsetjinga er primært å gi kandidatar med mastergrad i meteorologi fagleg kompetanse til å jobbe innan værvarsling eller forsking i meteorologi. Slike kandidatar vil også ha kompetanse til ei rekke andre typar jobbar, for eksempel som lærarar i grunnskolen eller videregående skole.

### **Opptakskrav**

Bachelor i meteorologi og oseanografi, bachelor i (anvendt) matematikk, bachelor i fysikk, bachelor i geofysikk eller liknande. For å bli teken opp på masterprogram i meteorologi og oseanografi - meteorologi må emna GEOF110, GEOF120 og GEOF130 eller tilsvarende vere gjennomført i løpet av bachelorstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Mastergraden i meteorologi og oseanografi - studieretning meteorologi omfattar:

- eit sjølvstendig vitskapeleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng.
- emne eller spesialpensum på til saman 60 SP satt saman slik:

emna GEOF220, GEOF310, GEOF326 og GEOF321 (til saman 40 studiepoeng) er obligatoriske + 20 SP som du vel i samråd med rettleiar. Emna GEOF211, GEOF212, GEOF322, GEOF327, GEOF328 og GEOF329 er blant dei mest aktuelle.

### **Tilrådd studieplan**

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve     |
|------|---------|---------|-------------|
| 3. H | GEOF321 | Oppgåve | Oppgåve     |
| 2. V | GEOF220 | Val     | Oppgåve     |
| 1. H | GEOF310 | GEOF326 | Oppgåve/Val |

### **Administrativt ansvarleg**

Geofysisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost studierettleiar@gsi.uib.no

### **Yrkesvegar**

Studiet skal gje deg eit grunnlag for arbeid som fagmeteorolog innanfor offentlege og private verksamder, mellom anna forsking, oljeindustri, værvarsling, miljøforvaltning eller som lektor i grunnskole eller videregående skule (dersom du bygger på med praktisk- pedagogisk utdanning).

# MASTERPROGRAM I GEOVITSKAP

## MAMN-GVDYN Masterprogram i geovitskap - Geodynamikk

**Grad:** Master i geovitskap - geodynamikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Geodynamiske prosesser kan studerast i tre ulike skalaer: globale, regionale og lokale. Globale dynamiske prosesser som føregår i jorda sitt indre, heng tett saman med geologiske prosesser på jordoverflata, der platetektonikk står sentralt. Bruk av faga geologi og geofysikk er nødvendig for å kunne forstå geodynamiske prosesser. Geofysiske metodar blir nytta til å kartlegge jorda sitt indre, medan geologiske metodar blir brukte til å forstå geologiske prosesser på overflata. I regional skala er geodynamikk viktig for bl.a. å skildre oppbygging og deformasjon av litosfæreplater. Nær aktive plategrenser er både vulkanar og jordskjelv integrerte delar av deformasjonen. Samanhengen mellom kontinental- og havbotnsskorpe er spesielt viktig for oppbygging av norsk kontinentalsokkel, særleg med tanke på petroleumsførekomstar. Aktiv deformasjon gjennom einskilde jordskjelv langs geologiske strukturar (forkastingar) blir sett på som ein del av geodynamiske prosesser i lokal skala. Seismologi, tektonikk, paleomagnetisme og magmatisk petrologi er viktige disiplinar som inngår i fagområdet, og informatikk og matematikk er viktige støttefag innan delar av studiet. Instituttet har eit omfattande samarbeid med oljeindustrien og deltek i ei rekke internasjonale forskingsprogram innan geodynamikk. Den faglege bredden ved institutter og tilknytninga til omverdenen er med å gje kandidatane spisskompetanse innan geodynamiske problemstillingar som gjer at dei kan gå ut i verda å møte dei krava som stillast til kandidatar med geofagleg bakgrunn.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarende, avhengig av disiplin og spesialisering. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet består av to komponentar:

- eit sjølvstendig vitenskapeleg arbeid (masteroppgåve) og eit spesialpensum.
- masteroppgåva har eit omfang på 60 sp. Det vert mogleg å få 30 sp oppgåve, bl.a. fellesgraden Basinmaster har det.
- Spesialpensum er sett saman av emne tilsvarende 60 sp i samråd med rettleiar. Ved val av 30 sp oppgåve aukar spesialpensummet til eit omfang på 90 sp

### Administrativt ansvarleg

Institutt for geovitenskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost Studierettleiar@geo.uib.no

### Yrkesvegar

Petroleumssindustri, statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor samt private konsulent- og forskingsinstitusjonar.

## MAMN-GVKVA Masterprogram i geovitskap - Kvartærgeologi og paleoklima

---

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Grad:</b>     | Master i geovitskap - kvartærgeologi og paleoklima. |
| <b>Omfang:</b>   | Toårig (120 SP)                                     |
| <b>Oppstart:</b> | Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.       |

### Mål og innhold

Studiet presenterer jorda si geologiske og klimatiske historie dei siste 3 millionar åra gjennom ei innføring i bl.a. paleoklimatologi, sedimentologi, stratigrafi, kjemi, brelære (glasilogi), oseanografi og geofysikk. Gjennom felt- og laboratoriekurs vil ein lære å rekonstruere og tolke endringar i prosessar og klima bakover i tid, både med låg og høg tidsoppløysing. Kvartærgeologi og paleoklimatologi ved UiB har ein sterk posisjon i internasjonal forsking og er mellom dei leiande innan fleire fagområde. Dette betyr at studentane blir ein del av eit fagmiljø med høg kompetanse innan eit fag som utviklar seg raskt. Den faglege bredden ved institutter og tilknytninga til omverdenen er med å gje kandidatane spisskompetanse innan kvartærgeologiske og paleoklimatiske problemstillingar som gjer at dei kan gå ut i verda å møte dei krava som stillast til kandidatar med geofagleg bakgrunn.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarande, avhengig av disiplin/spesialisering. For enkelte disiplinar kan også bachelorgrad i naturgeografi danne opptaksgrunnlag, dersom spesifikke krav til geovitskaplege emne i graden er oppfylt. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet består av to komponentar:

- eit sjølvstendig vitenskapeleg arbeid (masteroppgåve) og eit spesialpensum.
- masteroppgåva har eit omfang på 60 sp. Det vert mogleg å få 30 sp oppgåve.
- Spesialpensum er sett saman av emne tilsvarande 60 sp i samråd med rettleiar. Ved val av 30 sp oppgåve aukar spesialpensummet til eit omfang på 90 sp

### Administrativt ansvarleg

Institutt for geovitenskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost Studierettleiar@geo.uib.no

### Yrkesvegar

Statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor, oljeindustrien samt private konsulent- og forskingsinstitusjonar.

## **MAMN-GVMAR Masterprogram i geovitskap - Marin geologi og geofysikk**

---

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Grad:</b>     | Master i geovitskap - marin geologi og geofysikk. |
| <b>Omfang:</b>   | Toårig (120 SP)                                   |
| <b>Oppstart:</b> | Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.     |

### **Mål og innhold**

Masterprogrammet kan omfatte eit vidt spekter av klassiske underdisiplinar som paleoceanografi, sedimentologi, tektonikk, seismikk, topografi, geokjemi og magnetisme. Instituttet har tilgang til to forskingsfartøy som blir nytta i utstrekta toktarbeid. Moderne feltutstyr og avanserte laboratorium står til disposisjon og gir deg høve til å få ei utdanning i toppklasse innanfor faget. Innan marin kan du og velja ein europeisk fellesgrad: Basinmaster - hvor utveksling i 3.semester er obligatorisk. Den faglege bredden ved instituttet og tilknytninga til omverdenen er med å gje kandidatane spisskompetanse innan marine problemstillingar som gjer at dei kan gå ut i verda å møte dei krava som stillast til kandidatar med geofagleg bakgrunn.

### **Opptakskrav**

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarende, avhengig av disiplin og spesialisering.  
Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.  
For basinmaster vil det i tillegg vert krevd:  
- gode resultat frå bachelorgraden  
- eit brev med motivasjon for studiet  
- ein anbefaling frå ein vitskapleg person  
- kunne dokumentere økonomi til kost og skolepengar

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Studiet består av to komponentar:

- eit sjølvstendig vitenskapeleg arbeid (masteroppgåve) og eit spesialpensum.
- masteroppgåva har eit omfang på 60 sp. Det vert mogleg å få 30 sp oppgåve, bl.a. Basinmaster har det.
- spesialpensum er sett saman av emne tilsvarande 60 sp i samråd med rettleiar. Ved val av 30 sp oppgåve aukar spesialpensumet til eit omfang på 90 sp

### **Administrativt ansvarleg**

Institutt for geovitenskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost Studierettleiar@geo.uib.no

### **Yrkesvegar**

Dei fleste med ein mastergrad i geovitskap får for tida arbeid i oljerelatert verksemd. Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor oljerelatert verksemd, statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor og private konsulent- og forskingsinstitusjonar. Masterstudiet gir også kompetanse til arbeid innanfor nasjonale og internasjonale marine aktivitetar eller til eit doktorgradsstudium.

## **MAMN-GVBIOKJ Masterprogram i geovitskap - Geobiologi og geokjemi**

---

**Grad:** Master i geovitenskap - geobiologi og geokjemi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Studiet omfattar ulike problemstillingar innan samspelet mellom magmatiske, metamorfe, hydrotermale, geokjemiske og biologiske prosessar i moderne og tidleg geologisk tid, biologiske og (bio)geokjemiske prosessar i marine sediment, sedimentprovenans, samt forvitningsreaksjonar og vasskjemi. Marine forskingstøkt og landbasert feltarbeid i kombinasjon med laboratorieundersøkingar vil gi deg kunnskap innan fundamentale, globale petrologiske, geokjemiske og biogeokjemiske prosessar og erfaring i bruk av moderne analytiske metodar og teknikkar. Kunnskapen er viktig for å forstå jorda si utvikling gjennom tid og dannar basis for ein fornuftig og berekraftig forvalting av naturlege resursar og miljø. Eksempel på studietema er jordas tidlige miljø og utvikling, biosignaturar og tidleg liv, den djupe biosfæren, biominalisering, marine malmførekomstar, og geokjemiske og geobiologiske prosessar knytta til CO<sub>2</sub> lagring.

### **Opptakskrav**

Bachelorgrad i geovitskap, eller tilsvarande utdanning. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Studiet har to komponentar: Kursdel og masteroppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng. Studiet har ingen obligatoriske kurs. Emna skal vere på 200- eller 300-talsnivå. Valemne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samråd med rettleiarkomite, for å gje et godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### **Administrativt ansvarleg**

Institutt for geovitenskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [Studierettleiar@geo.uib.no](mailto:Studierettleiar@geo.uib.no)  
Tlf 55 58 35 19

### **Yrkesvegar**

Statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor samt private konsulent- og forskingsinstitusjonar.

## MAMN-GVPET Masterprogram i geovitskap - Petroleumsgeofag

---

**Grad:** Master i geovitskap - petroleumsgeofag.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Faga geologi og geofysikk er svært nyttige i arbeidet med å finne olje og gass, og for utvinning av slike ressursar på ein sikker og inntektsbringande måte. Geofysiske metodar blir nytta til å kartlegge strukturar i ein bergart, til dømes ved å studere korleis seismiske bølgjer, genererte i vasslaget av luftkanonar, blir reflekterte frå geologiske grenseflater i undergrunnen. I geologiske disciplinar studerer ein bergartar ved direkte observasjonar, tildømes ved å analysere kjernar frå borehol. Instituttet har tilgang til to forskingsfartøy som blir nytta i utstrekkt toktverksemrd. Fagområdet spenner frå matematisk beskriving av fysiske lover for bølgjeutbreiing, via innsamling av ulike typar data, til tolking og modellering av desse. Strukturgeologi og sedimentologi er viktige disciplinar som inngår i fagområdet, og informatikk og kjemi er viktige støttefag innan delar av studiet. Innan petroleumsgeofag kan du og velja ein europeisk fellesgrad: Basinmaster - hvor utveksling i 3.semester er obligatorisk. Den faglege bredden ved instituttet og tilknytninga til omverdenen er med å gje kandidatane spisskompetanse innan petroleumsrelaterte problemstillingar som gjer at dei kan gå ut i verda å møte dei krava som stillast til kandidatar med geofagleg bakgrunn.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i geologi, geofysikk eller tilsvarende, avhengig av disiplin og spesialisering. For enkelte disciplinar kan også bachelorgrad i kjemi eller petroleumsteknologi danne opptaksgrunnlag, dersom spesifikke krav til geovitskaplege emne i graden er oppfylt. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass. For basinmaster vil det i tillegg vert krevd:

- gode resultat frå bachelorgraden
- eit brev med motivasjon for studiet
- ein anbefaling frå ein vitskapleg person
- kunne dokumentere økonomi til kost og skolepengar.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet består av to komponentar:

- eit sjølvstendig vitenskapeleg arbeid (masteroppgåve) og eit spesialpensum.
- masteroppgåva har eit omfang på 60 sp. Det vert mogleg å få 30 sp oppgåve, bl.a. Basinmaster har det.
- spesialpensum er sett saman av emne tilsvarende 60 sp i samråd med rettleiar. Ved val av 30 sp oppgåve aukar spesialpensummet til eit omfang på 90 sp

### Administrativt ansvarleg

Institutt for geovitenskap har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost Studierettleiar@geo.uib.no

### Yrkesvegar

Oljeindustri, statlege og offentlege forvaltingsorgan, universitet og høgskolesektor samt private konsulent - og forskingsinstitusjonar.

# MASTERPROGRAM I INFORMATIKK

## MAMN-INFAG Masterprogram i informatikk - Algoritmar

**Grad:** Master i informatikk - algoritmar.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Masterretninga algoritmar tar for seg utvikling av framgangsmåtar (algoritmar) for å løyse problem raskast mogleg på ei datamaskin. Målsettinga er å finne ein mest mogleg effektiv løysingsmetode enten gjennom analyse eller gjennom praktiske testar. Studiet omfattar også ulike fundamentale aspekt ved algoritmar, som å identifisere problem som vanskeleg lar seg løye effektivt på ei datamaskin. For desse vil ein stor del av arbeidet dreie seg om utvikling av alternative løysingsmetodar. Dette kan vere algoritmar som fungerer raskt på spesielle typar inndata eller som finn ei tilnærma løysing framfor ei eksakt.

### Opptakskrav

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vanlig bachelorgrad med minst 20 SP matematikk og 60 SP informatikk. Merk at det er eigne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet om du har spørsmål: studieveileder@ii.uib.no Tlf: 55 58 40 93.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 SP, der masteroppgåva er på 60 SP. Det er mogleg å skrive masteroppgåve på 30 SP.

#### Kursdelen:

Tre emne er obligatoriske i masterstudiet:

INF234 Algoritmar

INF235 Kompleksitetsteori

INF334 Vidaregåande algoritmeteknikkar.

Dei andre emna skal vere på 200- eller 300-talsnivå. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 SP på 100-nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve       | Oppgåve     |
|------|---------|---------------|-------------|
| 3. H | INF334  | Oppgåve/val   | Oppgåve/val |
| 2. V | INF235  | INF236/INF237 | Oppgåve/val |
| 1. H | INF234  | INF210/val    | MAT221/val  |

### Yrkesvegar

IKT-teknologi blir i stadig aukande grad ein basisteknologi i all næringsverksemde og forvalting, og våre kandidatar er svært etterspurde til å vedlikehalde og utvikle IT-system. Mange får seg også jobb innan IT-industrien eller innan forsking og høgare utdanning.

## MAMN-INFBI Masterprogram i informatikk - Bioinformatikk

---

**Grad:** Master i informatikk - bioinformatikk.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Bioinformatikk er eit fagområde i skjæringspunktet mellom informatikk og biologi. Teknikkar og metodar frå informatikk blir brukt for å løyse problem relatert til molekylærbiologisk forsking, spesielt analyse av den store datamengda som blir produsert. I tillegg til at generelle informatiske metodar blir brukt, må nye metodar utviklast for å løyse dei nye problemstillingane som dukkar opp. Masterstudiet i bioinformatikk har som mål å setje studentane i stand til å vera med i denne utviklinga, samtidig som det gir ei generell informatisk utdanning.

### Opptakskrav

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 SP matematikk og 60 SP informatikk. Merk at det er eigne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng. Det er mogleg å skrive masteroppgåve på 30 studiepoeng. I kursdelen er 3 emne obligatoriske i masterstudiet:

INF234 Algoritmar

INF280 Søking og maskinlæring

INF380 Biologisk sekvens- og strukturanalyse.

Dessutan er MOL301 Biomolekyl sterkt tilrådd. Dei andre emna i kursdelen skal vere på 200- og 300-talsnivå. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 SP på 100-nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve    | Oppgåve | Oppgåve |
|------|------------|---------|---------|
| 3. H | Oppgåve    | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | INF380/val | Valemne | Valemne |
| 1. H | INF234     | INF280  | MOL301  |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet om du har spørsmål: studieveileder@ii.uib.no Tlf: 55 58 40 93.

### Yrkesvegar

Arbeidsmarknaden i bioinformatikk i Noreg er førebels mest knytt til akademia. Feltet er under oppbygging ved dei fleste norske universitet, og i tillegg vil større biologiske/medisinske sentre ha behov for bioinformatikarar. Internasjonalt er etterspørselen stor, både i akademia og i legemiddel/bioteknologisk industri. Kandidatar vil òg vere kvalifiserte for informatikkjobbar generelt.

## MAMN-INFOP Masterprogram i informatikk - Optimering

---

**Grad:** Master i informatikk - optimering.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

I studieretninga optimering studerer ein framgangsmåtar for å formulere og løyse optimeringsproblem på ei datamaskin. Under studiet vil ein lære seg både modellering, det vil sei å uttrykke praktiske problem i form av matematiske modellar, og å utvikle algoritmar for å finne løysing til modellane. Ferdige kandidatar skal ha fått solide vitskapleg funderte kunnskapar og kompetanse i informatikk generelt og i optimering spesielt. Ein skal ha fått ei god innføring i vitskaplege arbeidsmåtar og trening i sjølvstendig arbeid med omfattande og krevjande faglege oppgåver. Ein vil ha utvikla spisskompetanse innan ei spesialisering i optimering, og ein vil ha kompetanse i praktisk modellering, samt godt oversyn over andre fagområde. Spesialisering innan følgjande område Innanfor masterprogrammet i informatikk med studieretning optimering kan du velje mellom følgjande spesialiseringar:

- Diskret/kombinatorisk optimering
- Kontinuerleg optimering

I begge spesialiseringane vil det vere stort innslag av praktisk optimeringsarbeid med optimeringsproblem henta frå industri og næringslivet elles.

### Opptakskrav

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vanlig bachelorgrad med minst 20 SP matematikk og 60 SP informatikk. Merk at det er eigne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene. Fagleg minsteckrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 SP. Det er mogleg å skrive masteroppgåve på 30 SP.

Kursdelen To emne er obligatoriske:

INF234 Algoritmar

INF 270 Optimeringsmetodar

Dei andre emna skal vere på 200- eller 300-talsnivå. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 SP på 100-nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve     | Oppgåve    | Oppgåve        |
|------|-------------|------------|----------------|
| 3. H | Oppgåve/val | Oppgåve    | Oppgåve        |
| 2. V | INF371/val  | INF372/val | INF237/oppgåve |
| 1. H | INF234      | INF270     | MAT261/valemne |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet om du har spørsmål: studieveileder@ii.uib.no Tlf: 55 58 40 93.

### Yrkesvegar

IKT-teknologi blir i stadig aukande grad ein basisteknologi i all næringsverksemeld og forvalting, og kandidatar med ein mastergrad i informatikk er svært etterspurde til å vedlikehalde og utvikle IT-system. Mange får seg også jobb innan IT-industrien eller innan forsking og høgare utdanning. Dei som spesialiserer seg innan optimering, arbeider ofte med modellering, metodeutvikling og implementering innan produksjonsplanlegging, transport og andre former for industriell planlegging. Den vidaregående skulen har eit stort udekka behov for lærarar med god bakgrunn i matematikk og informatikk.

## MAMN-INFPR Masterprogram i informatikk - Programutvikling

---

**Grad:** Master i informatikk - programutvikling.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Spesialiseringa innan **programvareutvikling** legg vekt på opplæring i og bruk av moderne systemutviklingsmetodar og teknologi. Målet er å utdanne kandidatar med spisskompetanse innanfor avansert dataeknologi med fokus på praktiske problemstillingar. Spesialiseringa innan **programutviklingsteori** legg vekt på dei teoretiske grunnprinsippa og metodane som ligg under konstruksjonen og analysen av komplekse datasystem. Målet er å utdanne kandidatar med spisskompetanse innanfor avansert programmeringsteori, der hovudvekta ligg på fleksible løysingar med omsyn på teknologiske endringar og utvikling.

### Opptakskrav

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 SP matematikk og 60 SP informatikk. Merk at det er eigne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgaden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet om du har spørsmål: studieveileder@ii.uib.no Tlf: 55 58 40 93.

### Yrkessvegar

IKT-teknologi blir i stadig aukande grad ein basisteknologi i allnæringsverksem og forvaltning, og våre kandidatar er svært etterspurte til å vedlikehalde og utvikle IT-system. Mange får seg også jobb innan IT-industrien eller innan forsking og høgare utdanning. Andre moglege yrkesvegar finst i bank, forsikring, TV (til dømes Vizrt <http://www.vizrt.no/>), i konsulentverksem (til dømes CAP <http://www.no.capgemini.com/>), og i industri (f.eks. Hydro, Statoil).

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Den samla arbeidsmengda skal vere 120 studiepoeng.

#### Kursdelen

I spesialiseringa programutviklingsteori er følgjande emne obligatoriske:

- INF234 Algoritmar
- INF220 Programspesifikasjon og
- INF227 Innføring i logikk.

I tillegg er det til eit krav om minst eitt av kursa INF210 Datamaskinteorি, INF223 Kategoriteori eller INF225 Innføring i programomsetjing.

I spesialiseringa programvareutvikling er følgjande emne obligatoriske:

- INF234 Algoritmar
- MOD250 Avansert programvareteknologi (HiB) og
- MOD251 Moderne systemutviklingsmetodar (HiB)

Emna i kursdelen skal vere på 200- og 300-talsnivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 SP på 100-nivå.

### Tilrådd studieplan

*Spesialisering i programutviklingsteori (lang oppgåve på 60 SP)*

| 4. V | Oppgåve    | Oppgåve    | Oppgåve           |
|------|------------|------------|-------------------|
| 3. H | INF329/val | Oppgåve    | Oppgåve           |
| 2. V | INF227     | INF223/val | Oppgåve           |
| 1. H | INF234     | INF220     | INF210/<br>INF225 |

*Spesialisering i programvareutvikling (lang oppgåve på 60 SP)*

| 4. V | Oppgåve            | Oppgåve | oppgåve     |
|------|--------------------|---------|-------------|
| 3. H | Oppgåve/val/INF226 | Oppgåve | oppgåve     |
| 2. V | MOD252/val         | MOD251  | Oppgåve/val |
| 1. H | INF234             | MOD250  | Val/INF226  |

## MAMN-INF SI Masterprogram i informatikk - Sikker og trådløs kommunikasjon

**Grad:** Master i informatikk - sikker og trådløs kommunikasjon.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Masterstudiet i sikker og robust kommunikasjon omhandlar kodeteori, kryptografi og datatryggleik i faste og trådlause kommunikasjonssystem. *Kodeteori* handlar om metodar for å sikre data mot feil som oppstår under kommunikasjon eller lagring av data. Dette fagområdet er fundamentalt for å gjere kommunikasjonssystemet dugande og pålitelige. *Kryptografi* omfattar metodar for å sikre data mot uautorisert innsyn, endring og forfalsking, og til å lage digitale signaturar. *Datatryggleik* omfattar studie av svakheiter overfor vondsinna angrep mot kommunikasjons- og informasjonssistema. Fagområda kodeteori, kryptografi og datatryggleik er nært knytt til kvarandre, og utgjer fokusområda til Selmersenteret. Problem som er aktuelle for oppgåver spenner over eit spekter frå reine teorioppgåver som er matematiske av natur, til oppgåver med hovudvekt på utvikling og implementering av forskjellige algoritmar i kodeteori og kryptologi eller i sikker og effektiv trålaus bruk. Masterstudentar innan sikker kommunikasjon vil kvalifisere til jobbar som ekspertar innan kommunikasjons- og datatryggleik.

### Opptakskrav

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 SP matematikk og 60 SP informatikk. Merk at det er eigne krav til informatikk, matematikk og fagsamansetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studerettleiar på programmet om du har spørsmål: studieveileder@ii.uib.no Tlf: 55 58 40 93.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: Kursdel og mastergradsoppgåve. Masteroppgåva er eit sjølvstendig vitskapleg arbeid om utgjer (30 eller) 60 SP.

#### Kursdelen:

Obligatoriske emne i mastergraden i sikker og pålitelig kommunikasjon er:

- INF234 Algoritmar
- INF240 Grunnleggjande kodar

I spesialiseringa kodeteori er i tillegg følgjande emne obligatoriske:

- INF244 Grafbasert kodeteori

I spesialiseringa kryptografi er i tillegg følgjande emne obligatorisk:

- INF247 Kryptografi

I spesialiseringa datatryggleik er i tillegg følgjande emne obligatorisk:

- INF245 Sikker og trålaus kommunikasjon

Dei andre emna skal være på 200- eller 300-tals nivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva. Emna i kursdelen skal vere på 200- og 300-talsnivå. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gi eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva. Etter avtale med rettleiar, kan ein ha inntil 10 SP på 100-nivå.

### Tilrådd studieplan

#### Spesialisering i kodeteori (lang oppgåve)

| 4. V | oppgåve | Oppgåve | oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | INF244  | Oppgåve | oppgåve |
| 2. V | val     | Val     | oppgåve |
| 1. H | INF234  | INF240  | INF244  |

#### Spesialisering i kryptografi (lang oppgåve)

| 4. V | oppgåve | Oppgåve | oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | val     | Oppgåve | oppgåve |
| 2. V | INF247  | Val     | oppgåve |
| 1. H | INF234  | INF240  | val     |

#### Spesialisering i datatryggleik (lang oppgåve)

| 4. V | oppgåve | Oppgåve | oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | val     | Oppgåve | oppgåve |
| 2. V | INF245  | Val     | oppgåve |
| 1. H | INF234  | INF240  | val     |

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan forsking og utvikling, undervisning, IT og industri med ein spesiell kompetanse innan kommunikasjons- og datatryggleik.

## MAMN-INFVI Masterprogram i informatikk - Visualisering

**Grad:** Master i informatikk - visualisering.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Visualisering er eit område med stadig aukande relevans i informatikk. Avansert datagrafikk blir brukt til å gje innsikt i stor og komplekse datasett som kjem frå storskala målingar (medisinske 3D skannarar, sonar, seismiske målingar, etc), datasimuleringer (veskedynamikk, deformering av strukturar, etc.) eller kompleks modellering (dynamiske system, etc). Visualisering gjeld både utnytting og analyse av slike datasett og presentasjon av resultata. Viktige døme er volumrendering (attgjeving) av medisinske 3D bilete, visualisering av luftstraumen rundt bilar og fly, og visualisering av hierarkiske datastrukturar som t.d. filsystem.

### Opptakskrav

Enten bachelorgrad i informatikk frå Institutt for informatikk, UiB, eller ein vilkårlig bachelorgrad med minst 20 SP matematikk og 60 SP informatikk. Merk at det er eigne krav til informatikk, matematikk og fagsamsetjing i bachelorgraden i informatikk ved UiB. Studiet har eit avgrensa tal på studieplassar, og opptaket blir regulert på basis av karakterar. Studentar som tar bachelorgrad ved ein høgskule, bør vere særskild merksame på matematikkrava for opptak, matematikk er ikkje obligatorisk i alle informatikkgradar ved høgskulene. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Studiet har to komponentar: kursdel og mastergradsoppgåve. Kursdelen er organisert som ei rekkje kurs i ei logisk rekjkjefylge. Det betyr at vidaregående kurs byggjer på grunnleggjande kurs og at ein kan spesialisere seg i ulike retningar etter interesse. 5 emne er obligatoriske i mastergraden, mens det 6. kan veljast i samråd med rettleiar. Følgjande emne er ein obligatorisk del av bachelor- eller masterstudiet:

- INF251 Grafisk databehandling
- INF234 Algoritmar
- INF252 Visualisering
- INF219 Individuelt prosjekt
- INF358 Seminar i visualisering
- INF359 Utvalde emne i visualisering
- INF211 ( blir erstatta med INF251) Grafisk databehandling er ein føresetnad

(det er mogleg for dei som ikkje har tatt dette kurset eller tilsvarande i bachelorstudiet, å ta det under masterstudiet, men dette gir eit suboptimalt

opplegg). Kurset gir ein tekniske basis for studiet av visualisering. Studentane vil bli kjende med 3D datagrafikk, representasjon av grafiske data og grafikkmaskinvare. INF212 ( blir erstatta med INF252) *Visualisering* er kjernekurset i studieretninga. Kurset dekkjer persepsjonsaspekta av humant syn og prinsippa for omforming av digitale data til kunnskap ved bruk av datagrafikk og interaksjon. Kurset dekkjer eit breitt spekter av visualiseringsteknikkar basert på forma av digital informasjon som skal omformast. Normalt bør kurset takast i fyrste semester i masterstudiet. For å få grunnleggjande praksis i utvikling av visualiseringssløysingar under nøyte rettleiing er INF219 *Individuelt prosjekt* ein viktig del av masterstudiet. Eit anna viktig kurs er INF358 *Seminar i visualisering*. Studentane vil få nær kontakt med stilten i vitskaplege arbeid. I kurset vil ein både studere vitskapleg litteratur, utføre og dokumentere eige arbeid skriftleg og presentera det munnleg. Kurset INF359 *Utvalde emne i visualisering* byggjer på INF252 og vil presentere vidaregåande emne innan visualisering, spesielt emne opp mot forskinga på instituttet. Emne og eventuelt spesialpensum skal veljast i samarbeid med rettleiar for å gje eit godt grunnlag for å arbeide med masteroppgåva.

### Tilrådd studieplan

| 4.V | oppgåve | Oppgåve | oppgåve                      |
|-----|---------|---------|------------------------------|
| 3.H | Val     | Oppgåve | oppgåve                      |
| 2.V | INF219  | INF359  | Oppgåve                      |
| 1.H | INF234  | INF252  | INF358<br>(tidlegare INF212) |

Studentar som har tatt INF252 i bachelorstudiet, bør ta INF219 i 1. haust. Studentar som ikkje har tatt INF219 tidlegare, må ta det andre haust.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for informatikk. Ta gjerne kontakt med studierettleiar for spørsmål:

[studieveileder@ii.uib.no](mailto:studieveileder@ii.uib.no), Tlf: 55 58 40 93.

### Yrkesvegar

Etter fullført mastergrad i visualisering er ein vel budd for IT-relatert arbeid. Ein vil vere særleg vel skikka for FoU i visualisering og 3D-grafikk. Typiske jobbar er utvikling av system for CAD og GIS, utvikling av medisinske arbeidsstasjonar, design og utvikling av programvare for visuell analyse og utnytting av data frå industrien (t.d olje- og gassindustrien, fiskeri, bildesign). Kandidatane vil også ha kunnskap for utvikling av spel, utvikling av 3Dmodellering og forretningsgrafikk, programmering av grafikkmaskinvare, og brukargrensesnitt for alt frå mobiltelefonar til VR (virtual reality) omgivnader.

# MASTERPROGRAM I KJEMI

## MAMN-KJBIO Masterprogram i kjemi - Biofysikalsk kjemi

**Grad:** Master i kjemi - biofysikalsk kjemi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Biofysikalsk kjemi omfattar struktur- og dynamikkstudiar av biomolekyl (protein, DNA-nukleotidar, karbohydrat, lipidar). Forskingsoppgåver vil ligge i grenseområdet mellom kjemi, biokjemi, molekylær biologi og farmasi. Aktuelle problemstillingar dekkjer eit vidt spekter av tema frå medisin til miljøkjemi, for eksempel utvikling av antikreftmedikament, psykofarmaka og studiar av tungmetall i biologiske system. Mange av oppgåvene inngår i internasjonale forskingsprosjekt. Ei rekke eksperimentelle metodar blir nytta, mellom anna høgfelt NMR-spektroskopi og kromatografi (HPLC). I dei fleste oppgåvene inngår bruk av IT-basert dataanalyse og molekylgrafikk.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar, kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva. For å oppnå mastergrad i biofysikalsk kjemi, må emnet KJEM250 *Analytisk kjemi* eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i biofysikalsk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- KJEM217 *Biofysikalsk kjemi* (H), KJEM220 *Molekylmodellering* (H) og KJEM251 *NMR-spektroskopi I* (H) (på til saman 30 SP)
- Minst eitt av emna KJEM230 *Analytisk organisk kjemi* (V) og KJEM232 *Eksperimentell syntetisk kjemi* (H).
- Resten av emna vel du i samråd med rettleiaren din.

Ver oppmerksam på at KJEM217 berre blir undervist kvar andre haust. Det er derfor viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiaren din for å planleggje plasseringa av emna.

### Tilrådd studieplan (opptak haust)

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | Valemne | Valemne | Oppgåve |
| 1. H | KJEM217 | KJEM220 | KJEM251 |

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:  
[studierettleiar@kj.uib.no](mailto:studierettleiar@kj.uib.no), Tlf 55 58 34 45

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innanfor industri, forvalting og tilsyn, undervisning, forsking, farmasøytisk industri og miljørelaterte yrke.

## **MAMN-KJFYS Masterprogram i kjemi - Fysikalsk kjemi**

---

**Grad:** Master i kjemi - fysikalsk kjemi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

I fysikalsk kjemi bruker vi avanserte målemetodar i kombinasjon med termodynamiske eller molekylære modellar for å studere kjemiske prosessar. Studiet er hovudsakleg eksperimentelt, men det blir også brukt moderne dataverktøy for å modellere prosessane. Systema du skal studere varierer frå frie molekyl og molekyl på grenseflater til mikrodråpar, emulsjonar og aggregat av molekyl. Det eksperimentelle arbeidet blir utført på universitetet, ved samarbeidande industriverksemder eller internasjonale forskingsinstitusjonar. Målsetjinga for denne forskinga er å studere grunnleggjande kjemiske eigenskapar og korleis desse påverkar naturlege prosessar. Ein stor del av aktiviteten er retta inn mot industrielle problemstillingar, for eksempel innan petroleumsindustrien.

### **Opptakskrav**

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva. For å oppnå mastergrad i fysikalsk kjemi, må emna KJEM212 Molekylære drivkrefter og KJEM250 Analytisk kjemi eller tilsvarende, vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Masterprogrammet i fysikalsk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og eit emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- Emna KJEM214 Overflate- og kolloidkjemi (H) og KJEM319 Eksperimentelle teknikkar i fysikalsk kjemi (V) (på til saman 20 SP)
- 10 SP valt blant PTEK213 Reservoarteknikk II (H), KJEM220 Molekylmodellering (H) og KJEM225 Forsøksplanlegging og analyse av fleirvariable data (H).
- 30 SP blir valt i samråd med rettleiaren din.
- 

### **Tilrådd studieplan (opptak haust)**

| 4.V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-----|---------|---------|---------|
| 3.H | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
| 2.V | KJEM319 | Valemne | Oppgåve |
| 1.H | KJEM214 | Valemne | Valemne |

### **Administrativt ansvarleg**

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på

programmet dersom du har spørsmål:

[studierettleiar@kj.uib.no](mailto:studierettleiar@kj.uib.no)

Tlf 55 58 34 45

### **Yrkesvegar**

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan oljerelatert verksamhet (oljeutvinning og foredling, serviceselskap (både off- og on-shore), forskarstillingar, industri (bl.a. farmasøytsk industri), forskings- og utviklingsstillingar innan universitets- og instituttsektoren, undervisningssektoren.

## MAMN-KJMET Masterprogram i kjemi - Kjemometri

---

**Grad:** Master i kjemi - kjemometri.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Data og informasjon er to ulike omgrep. Store datasett kan innehalde liten eller ingen informasjon, og samtidig kan det vere vanskeleg å hente fram informasjon frå store datasett. Eit av hovudmåla med studiet i kjemometri er derfor å lære korleis ein ved hjelp av så få forsøk som mogleg, kan generere så mykje informasjon som mogleg. Det andre hovudmålet er å lære korleis informasjon kan hentast fram frå store, kompliserte datasett.

Kjemometriene bruker metodar frå statistikk, matematikk og informatikk for å oppnå dette.

Kjemiske problem i for eksempel prosessindustrien er gjerne komplekse og fleirvariable, og kjemometri blir derfor kalla multivariat dataanalyse.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar, kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva. For å oppnå mastergrad i kjemometri, må emna KJEM250 Analytisk kjemi og MAT121 Lineær algebra eller tilsvarende vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: studierettleiar@kj.uib.no Tlf 55 58 34 45

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i kjemometri omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Dei er sett saman slik:

- Emna KJEM225 Forsøksplanlegging og analyse av fleirvariable data (H), KJEM250 Analytisk kjemi (V) og KJEM325 Multikomponentanalyse (V) (på til saman 30 SP)
- 20 SP valt blant emna PTEK226 Prosess- og miljøkjemometri (H), KJEM212 Molekylære drivkrefter (V), MAT260 Reknealgoritmar 2 (V), MAT261 Numerisk lineær algebra (H), MAT264 Laboratoriekurs i reknevitskap (V) og STAT200 Anvend statistikk (V).
- Du vel 10 SP etter avtale med rettlearen din. Ver merksam på at KJEM325 berre blir undervist kvar andre vår. Det er derfor viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiar for å planleggje plasseringa av emna.
- Ver merksam på at det er 5 SP overlapp mellom KJEM225 og PTEK226.

### Tilrådd studieplan (opptak haust)

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | KJEM325 | KJEM250 | Oppgåve |
| 1. H | KJEM225 | Valemne | Valemne |

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan industri (f.eks. farmasøytisk og oljeretta industri eller ernærings- og prosessindustri), forvalting og tilsyn, forsking, undervisning, kjemisk analyselaboratorium.

## MAMN-KJMJL Masterprogram i kjemi - Miljøkjemi

---

**Grad:** Master i kjemi - miljøkjemi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår

### Mål og innhold

Forståing av kjemiske prosessar i naturen er grunnleggjande for å skjøne korleis dei naturlege syklusane verkar, og korleis menneskeleg aktivitet påverkar dei naturlege systema. Masterprogrammet i kjemi/miljø skal gi grunnleggjande forståing for slike prosessar og leie fram til ei forskingsoppgåve der kjemiske metodar blir brukte til å utforske ei problemstilling med miljørelevans. Dette vil ofte bety at forskinga legg vekt på uorganiske og/eller organiske, analytiske teknikkar og systemforståing, men også utvikling av miljøvenlege prosessar ("grøn kjemi", fornybare energikjelder).

### Opptakskrav

Bachelorgrad i kjemi, bachelorgrad i miljø og ressursfag med fordjuping i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillende i forhold til masteroppgåva. For å oppnå mastergrad i miljøkjemi, må emnet KJEM250 Analytisk kjemi eller tilsvarende, vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:  
studierettleiar@kj.uib.no Tlf 55 58 34 45

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i miljøkjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- KJEM202 Miljøkjemi (H) og KJEM230 Analytisk organisk kjemi (V) (til saman 20 studiepoeng)
- Minst 10 SP valt mellom KJEM203 Petroleumskjemi (H), KJEM225 Forsøksplanlegging og analyse av fleirvariable data (H) og KJEM231 Vidaregåande organisk kjemi (H).
- Ytterlegare emne blir valt i samråd med rettleiaren din.

Ver oppmerksam på at KJEM203 berre blir undervist kvar andre haust. Det er derfor viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiaren din for å planleggje plasseringa av emna.

### Tilrådd studieplan (opptak haust)

| 4. s | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. s | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. s | KJEM230 | Oppgåve | Oppgåve |
| 1. s | KJEM202 | Valemne | Valemne |

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan industri, forvalting og tilsyn, undervisning, forsking, miljøovervaking og andre miljøvernrelaterte yrke.

## MAMN-KJMOD Masterprogram i kjemi - Molekylær modellering

---

**Grad:** Master i kjemi - molekylær modellering.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Molekylær modellering skjer i eit møte mellom moderne kjemi, fysikk, matematikk og informatikk. Mens målet er å løyse kjemiske problem med utgangspunkt i fundamentale fysiske lover, så er metodane matematiske og verktøyet vårt er datamaskinar. Du som vel dette studieprogrammet vil ofte arbeide innan eitt av to område:

- 1) modellering av katalyse, eller
- 2) metodeutvikling.

Innan katalyse er siktemålet å forstå viktige industrielle eller biologiske katalysereaksjonar, gjerne som ledd i utvikling av meir effektive katalysatorar. Arbeidet vil typisk omfatte simulering av katalysereaksjonar med eksisterande dataprogram. Metodeutvikling vil vere retta mot verktøy for å tolke ulike typer spektra og bruk av desse til å studere molekyl eller nanocluster. Prosjekta er typisk tett integrert med eksperimentelle studiar.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad frå andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredstillande i forhold til masteroppgåva. For å oppnå mastergrad i molekylær modellering, må emnet MAT121 eller tilsvarende, vere gjennomført og bestått i løpet av bachelorstudiet (eller masterstudiet).

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i molekylær modellering omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- KJEM220 Molekylmodellering (H) og KJEM221 Grunnleggjande kvantemekanikk (V)/ PHYS201 Kvantemekanikk (V) (til saman 20 studiepoeng).
- Dei siste 40 studiepoenga blir valt i samsvar med rettleiren din på masterprosjektet og vil vanlegvis inkludere KJEM212 Molekylære drivkrefter (V) og KJEM321 Kvantekjemiske metodar (V).

Ver merksam på at KJEM221 og KJEM321 berre blir undervist kvar andre vår. Det er derfor viktig at du så tidleg som mogleg tek kontakt med rettleiren din for å planleggje plasseringa av emna.

### Tilrådd studieplan (oppnak haust)

| 4. V | Valemne             | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------------------|---------|---------|
| 3. H | Valemne             | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | PHYS201/<br>KJEM221 | Oppgåve | Oppgåve |
| 1. H | KJEM220             | Valemne | Valemne |

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:  
studierettleiar@kj.uib.no Tlf 55 58 34 45

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan industri, forvalting og tilsyn, forsking, undervisning, IT-relaterte yrke, yrke som har med matematiske modellering og simulering å gjere.

## MAMN-KJORG Masterprogram i kjemi - Organisk kjemi

---

**Grad:** Master i kjemi - organisk kjemi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhald

Du skal opparbeide ein solid kompetanse innan organisk kjemi med eit godt grunnlag i analyse og syntese av organiske sambindingar. Dei obligatoriske kursa dekkjer sentrale teknikkar for alle forskingsretningar innan området og gjer deg kvalifisert til eit breitt spekter av yrke. Dei valfrie emna gir høve til fordjuping i temaområdet for masteroppgåva. Sjølve masteroppgåva vil normalt ha tyngdepunktet i praktisk laboratoriearbeit, men krev også teoretisk fordjuping. Oppgåva blir gjennomført innanfor kompetanseområda marin kjemi, naturstoffkjemi, NMR-spektroskopi, organisk analyse, organisk syntese og petroleumskjemi. Forskingstema kan også bli definerte i skjeringspunktet mellom fleire av instituttet sine forskingsfelt eller inn mot fag som biokjemi, mikrobiologi, geologi eller liknande.

### Opptakskrav

Bachelorgrad i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar kan bli teken opp viss bakgrunnen din blir vurdert som tilfredsstillande i forhold til masteroppgåva. For å oppnå mastergrad i organisk kjemi, må emnet KJEM250 Analytisk kjemi eller tilsvarende, vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i organisk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- KJEM230 Analytisk organisk kjemi (V) og KJEM231 Vidaregående organisk kjemi (H).
- 10 SP valt mellom KJEM232 Eksperimentell syntetisk kjemi (H), KJEM251 NMR-spektroskopi I (H) og KJEM233 Organisk massespektrometri (H).
- 30 SP som du vel i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan (opptak haust)

| 4. V | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | KJEM230 | Oppgåve | Oppgåve |
| 1. H | KJEM231 | Valemne | Valemne |

### Administrativt ansvarleg

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:  
studierettleiar@kj.uib.no Tlf 55 58 34 45

### Yrkesvegar

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan industri (f.eks. farmasøytisk- og oljeretta industri eller næringsmiddelindustri), forvalting og tilsyn, forsking, undervisning, kjemiske analyselaboratorium.

## **MAMN-KJUOR Masterprogram i kjemi - Uorganisk kjemi**

---

**Grad:** Master i kjemi - uorganisk kjemi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Masterprogrammet i uorganisk kjemi omfattar studiar av sambindingar med eit ikkje-karbon-atom som det sentrale elementet. Forskinsoppgåver vil omfatte framstilling og karakterisering av reine uorganiske sambindingar og metallorganiske sambindingar. Dei sistnemnde inkluderer sambindingar med elektrofile metall som lanthanider, titan og aluminium. Syntese av nanostrukturerte porøse uorganisk-organisk hybridsambindingar til bruk i homogen og heterogen katalyse er også blant forskinsoppgåvene. Det same gjeld kinetiske undersøkingar, syntese av potensielle legemiddel og studiar av løysemiddel. Ein legg særleg vekt på praktisk laboratoriearbeit, og ved karakteriseringa av dei syntetiserte sambindingane bruker ein eksperimentelle metodar som IR, UV, NMR og røntgenkristallografi.

### **Administrativt ansvarleg**

Kjemisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål:  
studierettleiar@kj.uib.no Tlf 55 58 34 45

### **Opptakskrav**

Bachelorgrad i kjemi, medisinsk kjemi (farmasi) eller tilsvarande utdanning.

For å oppnå mastergrad i uorganisk kjemi, må emnet KJEM250 eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Masterprogrammet i uorganisk kjemi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- Emna KJEM231 Vidaregåande organisk kjemi (H), KJEM232 Eksperimentell syntetisk kjemi (H) og KJEM243 Kjemien til transisjonsmetalla (H) (på til saman 30 studiepoeng)
- 10 SP valt mellom emna KJEM220 Molekylærmodellering (H), KJEM230 Analytisk organisk kjemi (V), KJEM244/KJEMNANO Nanokjemi (H), KJEM251 NMR-spektroskopi I (H) og KJEM345 Strukturfastlegging ved røntgendiffraksjon (H).
- Du må velje 20 SP i samråd med rettleiaren din.

Ver merksam på at emnet KJEM243 berre blir undervist kvar andre haust og at KJEM345 og KJEM244/KJEMNANO vert undervist uregelmessig. Det er viktig at du tek kontakt med rettleiaren din for å planlegge plasseringa av emne.

### **Tilrådd studieplan (opptak haust)**

| 4. V | Oppgåve  | Oppgåve  | Oppgåve  |
|------|----------|----------|----------|
| 3. H | Valemne  | Oppgåve  | Oppgåve  |
| 2. V | Valemne  | Valemne  | Oppgåve  |
| 1. H | KJEM 232 | KJEM 231 | KJEM 243 |

### **Yrkesvegar**

Studiet skal gi deg godt grunnlag for arbeid innan industri, undervisning, forvalting og tilsyn, forsking.

# MASTERPROGRAM I ANVENDT OG UTREKNINGSORIENTERT MATEMATIKK

## MAMN-MAB Master i anvend og utrekningsorientert matematikk

|                  |  |
|------------------|--|
| <b>Grad:</b>     | Master i anvend og utrekningsorientert matematikk. |
| <b>Omfang:</b>   | Toårig (120 SP)                                    |
| <b>Oppstart:</b> | Haust (hovudopptak), vår                           |

### Mål og innhold

Målet med masterprogrammet er å:

- Gi ei opplæring i matematisk modellering av prosessar henta frå naturvitenskap, industri, ressursforvalting og andre område.
- Gi ei opplæring i metodar for analyse og kvantitativ løysing av slike modellar. Utrenningsmetodar og anvend analyse kan vere henta frå matematikk, numerisk matematikk og informatikk.
- Gi ei opplæring i vurdering av modell og utrenningsverktøy i tillegg til kunnskap om bruk innan andre fagområde. Les mer under Masteroppgåve nederst: Anvend analyse, Reknevitenskap, Bildebehandling, Hydrodynamikk og havmodellering, Inverse problem, Mekanikk og dynamiske system, Miljømatematikk, Numerisk matematikk, Reservoarmatematikk, Skoleretta matematikk.

### Opptakskrav

Alle bachelorgarder med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak: MAT111, MAT112, MAT121, MAT131, MAT212, INF100 + eit av kursa MAT213, MAT230, MAT251, MAT252, MAT160, STAT110. (OBS: Karaktersnittet på desse emna må vere minst C. Vi vil fråråde oppstart på programmet dersom karakteren i det sentrale matematikkemnet MAT212 er dårlegare enn C.) Du kan også bli teken opp på grunnlag av ei individuell vurdering. Tilrådde forkunnskapar er MAT160 Reknealgoritmar I, MAT213 Funksjonsteori og MAT230 Differensiallikningar II. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i anvend og utrekningsorientert matematikk omfattar:

- Eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) med eit omfang på 60 sp. (Ein kan også få korte oppgåver med eit omfang på 30 sp, spesialpensumet blir da auka med 30 sp.)
- Emne/spesialpensum på 60 sp (90 sp ved kort oppgåve) utarbeidd i samråd med rettleiren.

For å oppnå ein mastergrad under anvend og utrekningsorientert matematikk må emna MAT252 og MAT260 eller tilsvarende basisfag/modelleringsfag vere tekne i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Omtale av spesialiseringane

Merk at i omtala er det for kvar spesialisering oppgitt både ei liste med tilrådde forkunnskapar og ei liste med emne som er sentrale for spesialiseringa. Det er særstakt viktig å rådføre seg med ein faglærar i god tid før ein byrjar på ein mastergrad slik at ein får sett saman eit godt og relevant utval av emne som byggjer opp under arbeidet med masteroppgåva. Merk vidare at dei gitte råda for dei ulike spesialiseringane ikkje er absolutte og i samråd med faglærar kan ein lage ein plan for emne i mastergraden som avvik frå desse listene.

- **Anvend analyse** er retta mot utvikling av analytiske og konstruktive metodar for løysing av differensial- og integrallikningar frå ulike bruksområde. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230. Sentrale emne: MAT232, MAT233, MAT234.
- **Bildebehandling** rettar seg mot utvikling og analyse av numeriske metodar for handsaming av bilde frå medisinsk forsking, datateknologi og andre større simulatingsoppgåver. Tilrådde forkunnskapar: STAT110, MAT213, MAT230, MAT261. Sentrale emne: MAT234, MAT262, MAT263, INF270.

Fortsetter neste side

- **Hydrodynamikk og havmodellering** rettar seg mot analytiske og numeriske studium av bølgjer og strøymingar på industriell og geofysisk skala. Bakgrunn i fysisk oseanografi er nyttig for dei som vil studere havstraumar. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT252, MAT263. Sentrale fag: MAT233, MAT234, MAT253, MAT258.
- **Inverse problem** involverar typisk estimering av storleikar basert på indirekte målingar. Døme er dynamisk reservoar karakterisering og monitorering. Tilrådde forkunnskapar: STAT110, MAT230. Sentrale fag: MAT234, MAT254, MAT265.
- **Mekanikk og dynamiske system** rettar seg mot modellering av fysiske og biologiske system med vekt på samanhengar mellom prosessar på det mikroskopiske og det makroskopiske nivå. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT251, MAT263. Sentrale fag: MAT233, MAT252, MAT256.
- **Miljømatematikk** rettar seg mot problem knytt til inngrep i og forvaltning av miljøet. Modellering og differensiallikningar er sentrale emne. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT260, MAT261, MAT264. Sentrale fag: MAT234, MAT254.
- **Numerisk matematikk** ser på utvikling og drøfting av numeriske metodar som vert brukt i utrekningsoppgåver. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT260, MAT264. Sentrale fag: MAT236(fjerne!), MAT261, MAT360.
- **Reknevitkskap** bruker utrekningar til å søke innsikt i kompliserte fenomen som vanskeleg kan finnast bare ved teoretiske vurderingar og laboratorieeksperiment. Modellering, simulering og visualisering vert brukt i problemløysinga. Tilrådde forkunnskapar: MAT230, MAT260, MAT261. Sentrale fag: MAT263, MAT264, MAT360.
- **Reservoarmekanikk** rettar seg mot analytiske og numeriske studiar av strøyming i oljereservoar. Dette er oppgåver som ein møter i samband med utvinning av olje og gass. Tilrådde forkunnskapar: MAT213, MAT230, MAT260, MAT261, MAT264. Sentrale emne: MAT234, MAT254.
- **Skoleretta matematikk** kan vere innafor ei av spesialiseringane over. Kursdelen er på 60 sp matematikkemne og 30 sp pedagogikk - og fagdidaktikkemne. Masteroppgåva er på 30 sp, som skal gjennomførast siste semester. I tillegg må studenten fylle opptakskrava ved UiB til praktisk-pedagogisk utdanning, sjå <http://link.uib.no/?493d9>. Med eit halvt års praktisk-pedagogisk tilleggsutdanning vil ein vere formelt kvalifisert som realfagslærar i skolen.

### **Administrativt ansvarleg**

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål: [Studierettleiar@math.uib.no](mailto:Studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### **Yrkesvegar**

Masterprogrammet utdannar kandidatar som er svært etterspurde innan industri, forsking, skuleverket og i forvaltninga. Innsikt i matematiske og numeriske metodar er blitt stadig viktigare, og er ein føresetnad for grunnforsking i ei rekke fag som er sentrale for vår forståing av naturen og samfunnet rundt oss. Utviklinga av kraftige datamaskiner med stor reknekraft har ført til at stadig fleire fag er blitt storbrukarar av avanserte matematiske modellar og numeriske og matematiske verktøy. Difor er kandidatar med mastergrad i anvend og utrekningsorientert matematikk blitt ettertrakta arbeidskraft på stadig fleire område av arbeidsmarknaden.

# MASTERPROGRAM I MARINBIOLOGI

## MAMN-MARAK Masterprogram i marinbiologi - Akvatisk økologi

**Grad:** Master i marinbiologi - akvatisk økologi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Målet med programmet er å gi deg djup innsikt i og oversikt over fagområdet akvatisk økologi med vekt på individ og bestandar. Du som har gjennomgått programmet skal ha god kjennskap til akvatiske økologiske prosessar og mønster, innsikt i og erfaring med bruk av marinbiologisk metodikk i felt og i lab samt generelle metodar for å studere økologi. Du skal også ha fått opplæring i å gjennomføre ein sjølvstendig vitskapleg studie.

### Opptakskrav

Bachelorgrad eller tilsvarende i for eksempel biologi, molekylærbiologi, havbruk, kystsoneforvalting, matematikk eller kjemi. Det er ein fordel om du har tatt MAR210 Akvatisk økologi eller MIK202 Mikrobiell økologi som ein del av bachelorgraden.

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 584410

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i akvatisk økologi omfattar emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Dei obligatoriske emna er:

- MAR211 Marin floristikk og faunistikk
- BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett
- MAR310 Marine metodar og
- MAR210 Akvatisk økologi eller MIK202 Mikrobiell økologi.

Dei resterande emna vel du i samråd med rettleiaren.

### Tilrådd studieplan

| 4V  | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve           |
|-----|---------|---------|-------------------|
| 3.H | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve           |
| 2.V | MAR211  | Valemne | Valemne           |
| 1.H | BIO300  | MAR310  | MAR210/<br>MIK202 |

### Yrkesvegar

Mange biologar arbeider innan natur-, miljø- og ressursforvalting, forsking, havbruk, skoleverk, industri, miljøorganisasjonar og i medie- og konsulentverksemder. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheiter for dei som har fullført masterprogrammet. Studiet skal gi eit godt grunnlag for arbeid i offentleg forvalting, næringsliv og skoleverk og for vidare doktorgradsstudium innan akvatisk økologi og tilgrensande fagfelt

## MAMN-MARBI Masterprogram i marinbiologi - Marin biodiversitet

---

**Grad:** Master i marinbiologi - marin biodiversitet.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Formålet med masterstudiet i marin biodiversitet er å gi deg ei djup innsikt i og oversikt over fagområdet marin biodiversitet og samfunnsøkologi. Du som har gjennomgått programmet, skal ha god kjennskap til flora og fauna i norske og nordiske havområde, innsikt i og erfaring med bruk av marinbiologisk metodikk i felt og i lab samt generelle metodar for å studere biodiversitet. Du skal også ha fått opplæring i å gjennomføre ein sjølvstendig vitskapleg studie.

### Opptakskrav

3-årig bachelorgrad eller tilsvarande, helst i biologi. Dersom bachelorgraden er i andre fag, må han innehalde BIO110 Innføring i evolusjon og økologi, BIO112 Botanikk og BIO202 Marine økosystem eller tilsvarande emne. Det er ein fordel om du tek MAR212 Marin samfunnsøkologi - Organismar og habitat som ein del av bachelorgraden. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søker til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i marin biodiversitet omfattar emne eller spesialpensum på til saman 60 SP. Dei obligatoriske emna er:

- MAR211 Marin floristikk og faunistikk,
- BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett
- MAR310 Marine metodar
- MAR212 Marin samfunnsøkologi -Organismar og habitat.

Dei resterande emna vel du i samråd med rettleiaren din.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve                    | Oppgåve        | Oppgåve                   |
|------|----------------------------|----------------|---------------------------|
| 3. H | <b>MAR211/<br/>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b>            |
| 2. V | <b>MAR211/<br/>Oppgåve</b> | <b>Val</b>     | <b>Val</b>                |
| 1. H | <b>BIO300</b>              | <b>MAR212</b>  | <b>MAR310/<br/>MAR211</b> |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 584410

### Yrkesvegar

Mange biologar arbeider innan natur-, miljø- og ressursforvalting, forsking, havbruk, skoleverk, industri, miljøorganisasjonar og i medie- og konsulentverksemder. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheiter for dei som har fullført masterprogrammet. Studiet skal gi eit godt grunnlag for arbeid innan offentleg forvalting, næringsliv, skoleverk og for vidare doktorgradsstudium innan marin biodiversitet og tilgrensande fagfelt

## MAMN-MARFI Masterprogram i marinbiologi - Fiskebiologi

---

**Grad:** Master i marinbiologi - fiskebiologi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Målet med programmet er å gi deg innsikt i og oversikt over fagområdet fiskebiologi. Du som gjennomgår programmet skal få god kjennskap til marinbiologi og i tillegg spesialisere deg innan fysiologi og anatomi, fiskeåtferd, genetikk og systematikk eller larveøkologi. Du skal også få opplæring i å gjennomføre ein sjølvstendig vitskapleg studie.

### Opptakskrav

Bachelorgrad eller tilsvarande i biologi, havbruk eller molekylærbiologi.

- Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Innan masterprogrammet i fiskebiologi kan du velje mellom tre spesialiseringar. For alle spesialiseringane er følgjande emne obligatoriske:

- MAR211 Marin floristikk og faunistikk,
- BIO300 Biologisk dataanalyse og forsøksoppsett
- MAR310 Marine metodar
- BIO280 Fiskebiologi I Systematikk og anatomi.

I tillegg kjem følgjande obligatoriske emnepakkar for dei enkelte spesialiseringane:

.

### Fysiologi og anatomi:

BIO291 Fiskebiologi II - Fysiologi

### Fiskeåtferd:

MAR210 Akvatisk økologi, MAR337 Fiskeåtferd

### Larveøkologi:

MAR210 Akvatisk økologi, MAR351 Marin yngelproduksjon, MAR338 Fiskelarveøkologi.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | MAR211  | BIO280  | Valemne |
| 1. H | BIO300  | MAR211  | MAR310  |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for biologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost: [studie@bio.uib.no](mailto:studie@bio.uib.no)  
Tlf 55 584410

### Yrkesvegar

Mange biologar arbeider innan natur-, miljø- og ressursforvalting, forsking, havbruk, skoleverk, industri, miljøorganisasjonar og i medie- og konsulentverksemder. I dei fleste tilfella opnar det seg langt fleire moglegheter for dei som har fullført masterprogrammet. Studiet skal gi eit godt grunnlag for arbeid innan offentleg forvalting, næringsliv og skoleverk og for vidare doktorgradsstudium innan fiskebiologi og tilgrensande fagfelt

# MASTERPROGRAM I MATEMATIKK

## MAMN-MATAG Masterprogram i matematikk - Algebra/algebraisk geometri

|                  |  |
|------------------|--|
| <b>Grad:</b>     | Master i matematikk - algebra/algebraisk geometri. |
| <b>Omfang:</b>   | Toårig (120 SP)                                    |
| <b>Oppstart:</b> | Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.      |

### Mål og innhold

Algebra er eit klassisk felt som er knytt til studiet av polynom i fleire variablar. Feltet har oppstått for å løye abstrakte problem som stammar frå nærliggjande fagfelt som fysikk, kjemi, og etter kvart informatikk, samt andre deler av matematikken, som talteori. Algebraisk geometri er eit område der ein nyttar algebra for å studere visse geometriske objekt. Nokre av problemstillingane går fleire hundreår tilbake, men det finst også bruk av algebraisk geometri for å forklare og løye problem som oppstår innan kodeteori og fysikk.

### Opptakskrav

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT211 Reell analyse, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT220 Algebra, samt minst eitt av kursa MAT224 Kommutativ algebra, MAT242 Topologi eller MAT243 Mangfaldigheitar. Spesielt tilrår vi at MAT224 fullføres før opptak. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på denne mastergraden dersom karakterane i dei sentrale matematikkursa MAT211, MAT212, MAT220 og MAT224/MAT242/MAT243 er dårlegare enn C.) Tilrådde forkunnskapar: MAT213 Funksjonsteori og MAT221 Diskret matematikk. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søker til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i algebra/algebraisk geometri omfattar:

- 1) Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 studiepoeng.
- 2) Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP, valt i samråd med rettlearen din, blant emna MAT214 Kompleks funksjonsteori, MAT225 Talteori, MAT242 Topologi, MAT321 Algebraisk geometri I, MAT322 Algebraisk geometri II, MAT341 Algebraisk topologi og/eller andre relevante kurs. MERK: For å oppnå ein mastergrad i matematikk - algebra/algebraisk geometri - må kurset MAT224 Kommutativ algebra samt minst eitt av kursa MAT242 Topologi eller MAT 243 Mangfaldigheitar eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Administrativt ansvarleg

Matematisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### Yrkesvegar

Masterprogrammet i rein matematikk gir ein teoretisk tyngde som er etterspurd i mange yrke, for eksempel innanfor følgjande verksemder: Tele- og informatikk, oljerelatert verksemd, forvalting, finans og forsikring, undervisning. Du kan til dømes arbeide som lektor viss du også tek praktisk-pedagogisk utdanning. Går du vidare med doktorgrad, er forskarstillingar innan universitet og høgskolar aktuelle.

## **MAMN-MATAN Masterprogram i matematikk - Matematisk analyse**

---

**Grad:** Master i matematikk - matematisk analyse.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Den opphavlege tydinga av omgrepet "matematisk analyse" er nært knytt til funksjonar av ein eller fleire reelle variablar, men moderne analyse inneheld fleire andre emne, delvis av ein noko meir abstrakt natur, så som generell topologi, mål- og integralteori og funksjonsanalyse. I staden for å studere individuelle funksjonar, er såkalla funksjonsrom eit sentralt tema. Vektorane i rommet er funksjonar definert over eit gitt område. Sentrale idear frå endeleig dimensjonal lineær algebra, spelar ei viktig rolle. Ein er også interessert i å undersøke rom av ein meir kompleks art, der en rett linje ikkje nødvendigvis er den kortaste vegen mellom to punkt, og der ikkje alle rørsler er tillat. Slike rom har opphav i moderne fysikk, og studiet av slike, som kallast geometrisk analyse, ligg i krysningen mellom matematisk analyse, differensialgeometri og differensiallikningar. Spørsmål knytte til konvergens, integrasjon, derivasjon, approksimasjon og løysingar av partielle differensiallikningar blir studert både i funksjonsrom og i ulike geometriske strukturar.

### **Opptakskrav**

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT211 Reell analyse, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT213 Funksjonsteori og MAT220 algebra. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på denne mastergraden dersom karakterane i dei sentrale matematikkursa MAT211, MAT212 og MAT213 er dårlegare enn C.) Tilrådde forkunnskapar:  
MAT215 Mål- og integralteori  
MAT243 Mangfaldigheter.  
Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste oppnak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Mastergrad i matematisk analyse omfattar:

- 1) Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men ein kan også gi oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 SP
- 2) Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP valt i samråd med rettlearen din blant emna: MAT214 Kompleks funksjonsteori, MAT215 Mål- og integralteori, MAT311 Generell funksjonalanalyse, MAT342 Differensialgeometri og/eller andre relevante kurs. MERK: For å oppnå ein mastergrad i matematikk - matematisk analyse - må emna MAT214 Kompleks funksjonsteori og MAT215 Mål- og integralteori (eller tilsvarende) vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### **Administrativt ansvarleg**

Matematisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### **Yrkesvegar**

Masterprogrammet i rein matematikk gir ein teoretisk tyngde som er etterspurd i mange yrke, for eksempel innanfor følgjande verksemder: Tele- og informatikk, oljerelatert verksemd, forvalting, finans og forsikring, undervisning. Du kan til dømes arbeide som lektor viss du også tek praktisk-pedagogisk utdanning. Går du vidare med doktorgrad, er forskarstillingar innan universitet og høgskolar aktuelle.

## MAMN-MATTO Masterprogram i matematikk - Topologi

---

**Grad:** Master i matematikk - topologi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Topologi er ei grein av matematikken der ein studerar geometriske former som kurver, flater og høgare dimensjonale rom. Slike objekt førekjem naturlig innan nærliggjande fagfelt, til dømes fysikk. Ein topologisk analyse kan då til dømes gje informasjon om utviklinga av eit fysisk system. Eit av dei sentrale topologiske problema er å klassifisera geometriske former. Dette vert ofte gjort ved å introdusere såkalla algebraiske invariantar, som måler kvalitative geometriske fenomen. Det er dermed ein nær samanheng mellom fagfelta topologi og algebra.

### Opptakskrav

MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, MAT211 Reell analyse, MAT212 Funksjonar av fleire variable, MAT220 Algebra, MAT242 Topologi eller MAT243 Mangfaldigheitar. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på denne mastergraden dersom karakterane i dei sentrale matematikkursa MAT211, MAT212, MAT220 og MAT242/MAT243 er dårlegare enn C.) Tilrådde forkunnskapar: MAT213 Funksjonsteori, INF223 Kategoriteori. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i topologi omfattar:

- 1) Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 studiepoeng, men det kan bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 studiepoeng. Spesialpensumet blir da auka med 30 SP
- 2) Emne eller spesialpensum på til saman 60 SP valt i samråd med rettleiar blant emna MAT214 Kompleks funksjonsteori, MAT224 Kommutativ algebra, MAT225 Talteori, MAT321 Algebraisk geometri I, MAT322 Algebraisk geometri II, MAT341 Algebraisk topologi, MAT342 Differensialgeometri og/eller andre kurs på 200-nivå eller høgare Merk: For å oppnå ein mastergrad i matematikk - topologi, må kursa MAT242 Topologi og MAT243 Mangfaldigheitar (eller tilsvarende) vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Administrativt ansvarleg

Matematisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### Yrkesvegar

Masterprogrammet i rein matematikk gir ein teoretisk tyngde som er etterspurd i mange yrke, for eksempel innanfor følgjande verksemder: Tele- og informatikk, oljerelatert verksemd, forvalting, finans og forsikring, undervisning. Du kan til dømes arbeide som lektor viss du også tek praktisk-pedagogisk utdanning. Går du vidare med doktorgrad, er forskarstillingar innan universitet og høgskolar aktuelle.

## **MAMN-MATSK Masterprogram i matematikk – Skoleretta matematikk**

---

**Grad:** Master i matematikk – skoleretta matematikk.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Man spesialiserer seg enten i algebra/algebraisk geometri, matematisk analyse eller topologi. Se målformuleringene for hver av dem. I tillegg får man teoretiske kunnskaper og praktiskpedagogiske ferdigheter for arbeid som matematikklærer i skolen. Med et halvt års praktisk-pedagogisk tilleggsutdanning vil man være formelt kvalifisert som realfagslærer i skolen.

### **Opptakskrav**

Enhver bachelorgrad med følgende matematisk forkunnskaper eller tilsvarende kvalifiserer til opptak: MAT111, MAT112, MAT121, MAT211, MAT212, MAT220. I tillegg kreves også følgende emner eller tilsvarende:  
En av MAT242, MAT243 eller MAT213. I tillegg må studenten fylle opptakskravene ved UiB til praktisk-pedagogisk utdanning i matematikk og et av fagene fysikk, kjemi, biologi eller naturfag, se <http://link.uib.no/?493d9>

En bør ha et videregående kurs innen algebra, topologi, eller matematisk analyse. Mer spesifikt tilrår en følgende forkunnskaper: En eller flere av MAT224, MAT242, MAT243 eller MAT213  
Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søker til et program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste oppbak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Studiet har to komponenter: Kursdel og mastergradsoppgave. For studieretning skolerettet matematikk består kursdelen av 60 SP matematikkemner og 30 SP pedagogikk- og fagdidaktikkemner.

Følgende emner er obligatoriske for de forskjellige studierettingene:

#### *Algebra/algebraisk geometri:*

MAT224 og minst eitt av MAT242 eller MAT243

#### *Matematisk analyse*

MAT214 og MAT215

#### *Topologi:*

MAT242 og MAT243

### **Skolerettet matematikk:**

En av de tre kombinasjonene ovenfor. Hvilken av dem velges i samråd med veileder. Videre inngår 1. semester praktisk pedagogisk utdanning (PPU) innenfor matematikk og fysikk/kjemi/biologi/naturfag. De andre emnene skal være på 200- eller 300 tallsnivå. Etter avtale med veileder, kan en ha inntil 10 SP på 100-nivå. Valgtemner og eventuelt spesialpensum skal velges i samråd med veileder, for å gi et godt grunnlag for å arbeide med masteroppgaven

### **Administrativt ansvarleg**

Matematisk Institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### **Yrkesvegar**

Masteprogrammet i ren matematikk gir solide ferdigheter i selvstendig arbeid, i å tilegne seg sammensatt og teknisk stoff, samt i å resonnere omkring og presentere dette. Dette er egenskaper som er etterspurte og viktige i yrkeslivet, og gir vårt kandidater stor fleksibilitet og tilpasningsevne til forskjellige yrker. Som eksempler kan nevnes yrker innen tele- og informatikk, oljerelatert virksomhet, finans og forsikring, forvaltning samt undervisning. Du kan for eksempel arbeide som lektor dersom du også gjennomfører praktisk-pedagogisk utdanning. Går du videre med doktorgrad er forskerstillingar innen høyskoler og universiteter aktuelle.

# MASTERPROGRAM I MOLEKYLÆRBIOLINI

## MAMN-MOL Masterprogram i molekylærbiologi

**Grad:** Dette masterprogrammet fører fram til graden master i molekylærbiologi.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak), suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Molekylærbiologi handlar om dei biologiske makromolekyla og dei livsprosessane der desse inngår. Vi studerer den molekulære oppbygginga, kjemien og fysikken til DNA, RNA, protein, karbohydrat og lipid for å kunne forstå deira plass og funksjon i dei levande organismane. Forskinga er i stor grad retta mot basale problemstillingar som; genorganisering og uttrykking, proteinstruktur og funksjon, kromatinstruktur, utviklingsbiologi, toksikologi, strukturelle og funksjonelle aspekt ved bakteriar og virus, kreftforsking, proteom- og genomforsking. Genteknologi og bioinformatikk er viktige verktøy i vår forsking. Masterprogrammet i molekylærbiologi skal gje deg eit breitt grunnlag og god forståing innan aktuelle problemstillingar i faget. I arbeidet med masteroppgåva skal du planleggje og gjennomføre biokjemiske og molekylærbiologiske eksperiment og vurdere resultata i lys av dei hypotesane som blir testa. Studiet gir deg erfaring med munnleg og skriftleg framstilling av resultat og teoriar, og trening i å kunne lese og kritisk vurdere relevant faglitteratur.

### Opptakskrav

Bachelordgrad i molekylærbiologi eller tilsvarende utdanning. Tilsvarande utdanning kan vera til døme treårig relevant ingeniørutdanning eller bioingeniørutdanning, bachelor i biologi, kjemi, fysikk og informatikk. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste hovudopptak vart det tatt i bruk venteliste.

### Administrativt ansvarleg

Molekylærbiologisk institutt v/studiekonsulent.  
E-postadresse: [studierettleiar@mbi.uib.no](mailto:studierettleiar@mbi.uib.no)

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet er sett saman av eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 sp og emne på til saman 60 sp. Emna MOL300 Praktisk molekylærbiologi 20 sp (haust) og MOL310 Strukturell molekylærbiologi 10 sp (vår) er obligatorisk i mastergraden. I tillegg kan Programstyret kreve at du tek emne i molekylærbiologi eller kjemi for å styrke din kunnskap innan desse fagområda. Minst eitt emne i bioinformatikk, virologi, immunologi, utviklingsgenetikk, tumorbiologi eller toksikologi er tilrådd blant dei valfrie emna. Emne i t.d. molekylærbiologi, kjemi eller biologi kan inngå som valemne, avhengig av din bakgrunn. MOL301 Biomolekyl må inngå i det første semesteret for studentar i bioinformatikk som ikkje har fagleg bakgrunn i molekylærbiologi.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | MOL310  | Val     | Oppgåve |
| 1. H |         | MOL300  | Val     |

### Yrkesvegar

Molekylærbiologar arbeider innan forsking og undervising ved universitet, høgskolar og private forskingsinstitusjonar. Universitetssjukehusa og dei andre større sjukehusa engasjerer òg molekylærbiologar. Farmasøytisk og bioteknologisk industri og forsking ein viktig arbeidsmarknad både nasjonalt og internasjonalt. Molekylærbiologar arbeider òg innan administrasjon og undervising i den vidaregående skolen, innan landbruks-, fiskeri- og havbruksnæring og i offentleg forvalting. Studiet skal gi godt grunnlag for vidare doktorgradsstudium innan molekylærbiologi eller nærliggande fagfelt.

# MASTERPROGRAM I PETROLEUMSTEKNOLOGI

## MAMN-PETFY Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoarfysikk

|                  |   |
|------------------|---|
| <b>Grad:</b>     | Master i petroleumsteknologi - reservoarfysikk. |
| <b>Omfang:</b>   | Toårig (120 SP)                                 |
| <b>Oppstart:</b> | Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.   |

### Mål og innhold

Studiet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi med geologi. Dette gir eit solid fagleg fundament for å arbeide med problem vi møter i samband med utvinning av olje og gass. Studiet er særleg retta mot reservoarbeskriving og modellering inklusiv studiar av fleirfasestrøyming i porøse medium. Målsetjinga med studiet er å utnytte forsking og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er velegna for arbeid i oljeindustrien.

### Opptakskrav

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i fysikk eller tilsvarande utdanning. Studentar med bachelor i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurderast dersom den faglege bakgrunnen deira blir sett på som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoarfysikk, PTEK212 Reservoarteknikk I og GEOV260 Petroleumsgeologi (til saman 30 sp) eller tilsvarande vere bestått, eller tilsvarande kunnskapar må dokumenterast.

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

PTEK212 Reservoarteknikk I, PTEK213 Reservoarteknikk II og PTEK214 Eksperimentelle metoder i reservoarfysikk dersom dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden  
PTEK313 Reservoarkarakterisering og utvinningsteknikker  
Andre emne i fysikk, matematikk, kjemi eller geologi valt i samråd med rettleiaren, slik at det til saman blir 60 SP.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | PTEK313 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | Val     | Val     | Val     |

### Yrkesvegar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstadium. for eit doktorgradsstadium.

## MAMN-PETGF Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoargeofysikk

|                  |  |
|------------------|--|
| <b>Grad:</b>     | Master i petroleumsteknologi - reservoargeofysikk. |
| <b>Omfang:</b>   | Toårig (120 SP)                                    |
| <b>Oppstart:</b> | Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.      |

### Mål og innhold

Studiet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi med geofysikk for å gi eit solid fagleg fundament for å arbeide med metodar for kartlegging av olje og gass i leite- og produksjonsfase. Studiet er særleg retta mot geometrisk avbilding av strukturar, reservoarbeskriving og overvaking av væskestraum. Målsetjinga med studiet er å utnytte forsking og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er veleigna for arbeid i oljeindustrien.

### Opptakskrav

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i geofysikk eller tilsvarende utdanning. Studentar med bachelor i andre realfagsdisiplinar kan vurderast dersom deira faglege bakgrunn i geofysikk blir sett på som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til studieretninga reservoargeofysikk må følgjande emne vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelorstudiet (eller tilsvarende kunnskapar kunne dokumenterast):

- PTEK 211 Grunnleggjande reservoarfysikk
- GEOV276 Teoretisk seismologi
- MAT236 Fourieranalyse
- GEOV260 Petroleumsgeologi
- PTEK212 Reservoarteknikk I

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkjavar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. For å bli tatt opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi/studieretning reservoargeofysikk må følgjande emne vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelorstudiet (eller tilsvarende kunnskapar kunne dokumenterast):

- GEOV276 Teoretisk seismologi og
  - MAT236 Fourieranalyse.
- Dessutan må PTEK213 Reservoarteknikk II vera gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet er sett saman av eit sjølvstendig vitskapelig arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum til saman 60 SP sett saman slik:

PTEK213 Reservoarteknikk II viss ikkje emnet vart inkludert i bachelorgraden  
PTEK218 Bergartsfysikk  
GEOV371 Prosessering av seismiske data  
GEOV274 Reservoargeofysikk  
Andre emne i fysikk, matematikk, kjemi eller geologi valt i samråd med rettleiaren, slik at det til saman blir 60 SP.

### Tilrådd studieplan

| 4. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|------|---------|---------|---------|
| 3. H | GEOV371 | Oppgåve | Oppgåve |
| 2. V | Val     | Val     | Oppgåve |
| 1. H | GEOV274 | PTEK218 | Val     |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Geofysikar, reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.

## MAMN-PETGO Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoargeologi

---

**Grad:** Master i petroleumsteknologi - reservoargeologi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Studiet kombinerer dei klassiske realfaga kjemi, fysikk og matematikk med geologi for å gi eit solid fagleg fundament for å kunne arbeide med problem ein møter i samband med utvinning av olje og gass. Studiet er særleg retta mot mekanismar for utvinning av olje og studiar av fleirfasestrøyming i porøse medium. Målsetjinga med studiet er å utnytte forsking og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er veleigna for arbeid i oljeindustrien.

### Opptakskrav

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i geologi eller tilsvarande utdanning. Du som har bachelor i andre realfags-disiplinar kan bli vurdert viss den faglege bakgrunnen din i geologi blir vurdert som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til studieretninga reservoargeologi må følgjande emne vere gjennomførte og bestått i løpet av bachelorstudiet (eller tilsvarande kunnskapar kunne dokumenterast):  
-GEOV104 Innføring i strukturgeologi og tektonikk  
-GEOV107 Innføring i sedimentologi  
-GEOV260 Petroleumsgeologi  
-PTEK211 Grunnleggjande reservoarfysikk  
-PTEK212 Reservoarteknikk I

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til et program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:  
PTEK212 Reservoarteknikk I og PTEK213 Reservoarteknikk II viss dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden, i tillegg til:  
GEOV361 Sekvensstratigrafi  
GEOV364 Vidaregående petroleumsgeologi (5 SP)  
GEOV366 Anvendt reservoar modellering (5 SP)  
GEOV372 Integrert tolking av seismikk og geofysiske data (5 SP)  
GEOV367 Geologisk prosessforståelse: Anvendelse i hydrokarbonleting og CO2 lagring (5 SP)  
Andre emne i fysikk, matematikk, kjemi eller geologi valt i samråd med rettleiarene, slik at det til saman blir 60 SP.

### Tilrådd studieplan

| 10.V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve     |
|------|---------|---------|-------------|
| 9. H | Val     | Oppgåve | Oppgåve     |
| 8. V | Val     | GEOV366 | GEOV367/Val |
| 7. H | GEOV361 | GEOV364 | Geov372/Val |

### Yrkesvegar

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstadium.

## MAMN-PETKJ Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoarkjemi

---

**Grad:** Master i petroleumsteknologi - reservoarkjemi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Studiet kombinerer dei klassiske realfaga kjemi, fysikk og matematikk med geologi for å gi eit solid fagleg fundament for å kunne arbeide med problem ein møter i samband med utvinning av olje og gass. Studiet er særleg retta mot mekanismar for utvinning av olje og studiar av fleirfasestrøyming i porøse medium. Målsetjinga med studiet er å utnytte forsking og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er velegna for arbeid i oljeindustrien.

### Opptakskrav

Bachelor i petroleumsteknologi, bachelor i kjemi eller tilsvarende utdanning. Du som har bachelor i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurdert viss den faglege bakgrunnen din blir rekna som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoarfysikk, PTEK212 Reservoarteknikk I og GEOF260 Petroleumsgeologi (til saman 30 sp) eller tilsvarande vere bestått, eller tilsvarande kunnskapar må dokumenterast.

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

PTEK212 Reservoarteknikk I og PTEK213 Reservoarteknikk II viss dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden  
KJEM214 Overflate- og kolloidkjemi  
KJEM319 Eksperimentelle teknikkar i fysikalisk kjemi  
Andre emne i fysikk, matematikk, kjemi eller geologi valt i samråd med rettleiaren, slik at det til saman blir 60 SP.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | KJEM319 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | KJEM214 | Val     | Val     |

### Yrkesvegar

Reservoaringeniør/produksjonsingeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.

## **MAMN-PETMK Masterprogram i petroleumsteknologi - Reservoarmekanikk**

---

**Grad:** Master i petroleumsteknologi - reservoarmekanikk.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Studiet kombinerer dei klassiske realfaga fysikk, matematikk og kjemi med geologi og gir et solid fagleg fundament for å kunne arbeide med problem ein møter i samband med utvinning av olje og gass. Målsetjinga med studiet er å utnytte forsking og ekspertise både frå universitetets fagmiljø og eksterne forskingsmiljø til å utdanne kandidatar med teknologisk kompetanse som er velegna for arbeid i oljeindustrien og arbeid innan industri og forvalting som krev kompetanse i kvantitativ modellering. Sidan studiet er tverrfagleg, vil det gi eit godt grunnlag for arbeid i skolen.

### **Opptakskrav**

Bachelorgrad i petroleumsteknologi, bachelor i matematikk, matematikk og statistikk eller tilsvarande utdanning. Du som har bachelorgrad i andre realfagsdisiplinar, kan bli vurdert dersom matematikkbakgrunnen din blir rekna som tilfredsstillande for masteroppgåva. For å bli teken opp til masterprogrammet i petroleumsteknologi må emna PTEK211 Grunnleggjande reservoarfysikk, PTEK212 Reservoarteknikk I og GEOV260 Petroleumsgeologi (til saman 30 sp) eller tilsvarande vere bestått, eller tilsvarande kunnskapar må dokumenterast.

### **Krav til forkunnskapar**

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkjrar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### **Administrativt ansvarleg**

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

PTEK212 Reservoarteknikk I og  
MAT254 Strøyming i porøse medium dersom dei ikkje blei inkludert i bachelorgraden.

Eitt av emna:

MAT234 Partielle differensielllikningar eller  
MAT252 Kontinuumsmekanikk

MAT255 Reservoarsimulering

Andre emne i fysikk, matematikk, kjemi eller geologi valt i samråd med rettleiaren, slik at det til saman blir 60 SP.

### **Tilrådd studieplan**

| 10. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | MAT255  | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | Val     | Val     | Val     |

### **Yrkesvegar**

Reservoaringeniør/forskar i oljeselskap eller serviceselskap, statlege styrings- og kontrollorgan, forvalting, skole, universitet eller forskingsinstitutt. Studiet legg også grunnlaget for eit doktorgradsstudium.

# MASTERPROGRAM I PROSESSTEKNOLOGI

## MAMN-PROFL Masterprogram i prosessteknologi - Fleirfasesystem

**Grad:** Master i prosessteknologi - fleirfasesystem.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Masterprogrammet i fleirfaseteknologi fokuserer på transportfenomen i fleirfasesystem, det vil seie strøyming og varme- og massetransport i dei. Målet er å gi deg innsikt i dei mikroprosessane som skjer i prosessapparatur som involverer fleire fasar, og at du skal kunne bruke denne innsikta i formulering av makromodellar. Kandidatar med ein mastergrad i prosessteknologi, med spesialisering i fleirfasesystem, vil vere eigna til å analysere dei komplekse problema som dominerer prosessindustrien i dag. Ettersom avansert programvare overtek dei meir tradisjonelle og rutineprega prosessteknologiske oppgåvene, fokuserer den industrielle prosessteknologien i stigande grad på komplekse oppgåver som er retta mot system som inneholder meir enn ein fase, og som ofte krev innsikt i ulike disiplinar.

### Opptakskrav

Bachelor i prosessteknologi, fysikk, kjemi, matematikk, matematikk og statistikk, petroleumsteknologi eller tilsvarande.

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til et program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

PTEK241 Introduksjon til fleirfasesystem  
Minst 10 SP vald blant emna: MAT234, MAT235, MAT252, MAT341, STAT200, STAT220, KJEM214, PHYS206, PHYS225, PTEK205 og PTEK354.

Emne eller spesialpensum valt i samråd med rettleiarene din slik at det blir til saman 60 studiepoeng

### Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Valemne | Oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | Val     | PTEK241 | Oppgåve |
| 7. H  | Val     | Val     | Val     |

### Yrkesvegar

Kandidatar som har spesialitet i fleirfaseteknologi, vil kunne få arbeid i prosessindustrien, spesielt i industri som blir dominert av fleirfasesystem, slik som utvinning, behandling og foredling av olje og naturgass, næringsmiddelindustri, farmasøytsk og metallurgisk industri. Du kan også få jobb i rågjevande ingeniørfirma.

## **MAMN-PROKJ Masterprogram i prosessteknologi - Kjemometri**

---

**Grad:** Master i prosessteknologi - kjemometri.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Multivariate metodar for prosessutvikling og prosessstyring er på full fart inn i norsk og utanlandsk industri. On-line- og at-line-analysar av råvarer, mellomprodukt og kvalitet av sluttprodukt med kjemisk instrumentering inngår som eit viktig element i styringssistema i tillegg til "vanlege" prosessvariablar, som for eksempel trykk og temperatur. Minimering av utslepp og energiforbruk er også viktige område for prosesskjemometri. Målet for studiet er å gi deg spisskompetanse i multivariat dataanalyse og modellering saman med ein brei bakgrunn i meir klassiske prosessdisiplinar. Du skal etter fullført studium ha oppnådd operasjonell kompetanse i generell problemløysing innan prosessindustrien.

### **Opptakskrav**

Bachelor i prosessteknologi, kjemi, eller ingeniørfag (kjemi) eller tilsvarande.

### **Krav til forkunnskapar**

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Masterprogrammet i prosessteknologi/kjemometri omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- PTEK 226
- 20 SP valt blant emna KJEM202, KJEM203, KJEM210, PTEK213, PHYS225, STAT200, MAT260, MAT261, MAT262, MAT264, PTEK231
- 30 SP valt i samråd med rettleiar

### **Tilrådd studieplan**

| <b>10. V</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
|--------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>9. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> | <b>Oppgåve</b> |
| <b>8. V</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>Oppgåve</b> |
| <b>7. H</b>  | <b>Val</b>     | <b>Val</b>     | <b>PTEK226</b> |

### **Administrativt ansvarleg**

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### **Yrkesvegar**

Kjemometri er svært tverrfaglig og kandidatane er etterspurte innan prosessindustri. Som døme kan nemnast: Olje/gass-, marin- og farmasøytsk industri.

## MAMN-PROSE Masterprogram i prosessteknologi - Separasjon

---

**Grad:** Master i prosessteknologi - separasjon.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Energiutveksling er det grunnleggjande i alle prosessanlegg. Ei grunnleggjande forståing av korleis desse energiutvekslingane heng saman med masseutveksling og strøyming er ein føresetnad for prosessane, anten det er prosessar som inneber fleire fasar og kjemiske reaksjonar eller endringar i tilstand for ein fase. Det er eit mål at kandidatar frå denne spesialiseringa skal kunne analysere ulike einingsoperasjonar med omsyn til energi- og strøymingsforhold og kunne setje saman prosessar i heilskaplege prosessanlegg for å tilfredsstille gitte krav. Som ein del av denne målsetjinga blir det fokusert på estimering av termodynamiske data, fysikalske data og faseovergangar ved hjelp av industrielle metodar og meir fundamentale tilnærmingar som molekylære simuleringar og moderne teoriar frå statistisk mekanikk.

### Opptakskrav

Bachelor i prosessteknologi, fysikk, kjemiteknikk eller tilsvarende.

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i prosessteknologi/separasjon omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 SP og emne eller spesialpensum på til saman 60 studiepoeng. Ein viss del av desse kan brukast til å auke breidda og/eller supplere den generelle fagprofilen frå bachelorprogrammet. Ein vesentleg del av studiepoenga, normalt meir enn halvparten, skal brukast til støtte for forskingsprosjektet og kan vere kurs som bygger opp under dette. Dette kan vere tilrettelagde kurs eller tilrettelagde sjølvstudium og studium i kollokviegrupper. Den totale samla fagpakken blir avtala i kvart tilfelle i samarbeid med rettleiarene i lys av den aktuelle forskingsoppgåva. Obligatorisk emne:

- PTEK 231
- Tilrådd emne: PTEK232
- Eksempel på valfrie emne: MAT234 ,  
MAT252, KJEM214, PHYS206, PTEK211,  
PTEK213, KJEM220, KJEM221, MAT263.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | Val     | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | Val     | PTEK231 | Val     |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Generell prosessindustri, engineeringselskap, rådgjevande ingeniørar samt innan forsking og utvikling.

## MAMN-PROSI Masterprogram i prosessteknologi - Sikkerheitsteknologi

---

**Grad:** Master i prosessteknologi - sikkerheitsteknologi.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Prosessindustrien i Noreg (olje/naturgass, kjemisk, metallurgisk m.m.) er eksportretta og har stor innverknad på økonomien til landet vårt. Men både råvarer, mellomprodukt, ferdigprodukt og dei mange ulike prosessane involvert kan representere fare for ulukker, og sikkerheitsarbeidet får derfor høg prioritet. Sentrale oppgåver er førebygging og kontroll av eksplosjonar, brannar, varmeavgjevande kjemiske reaksjonar ("run-away") og utslepp av giftige/korroderande stoff. Forskningsoppgåva blir ofte utført i tett samarbeid med eksterne verksemder, særleg GexCon AS, Bergen, som er blant dei fremste forskingsmiljøa i verda på områda støv- oljetåke- og gass-eksplosjonar, både eksperimentelt og teoretisk.

### Opptakskrav

Bachelor i prosessteknologi, fysikk, kjemi eller ingeniørfag (linjer for sikkerheit, prosess, kjemi) eller tilsvarande.

### Krav til forkunnskapar

Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i prosess-sikkerheitsteknologi omfattar eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) på 60 studiepoeng, og fag eller spesialpensum på til saman 60 SP sett saman slik:

- PTEK250, PTEK251 og PTEK252, om dei ikkje er tekne i bachelor studiet.
- Andre aktuelle emne inkluderer: PTEK353, PTEK354, PTEK355 og PTEK357, eventuelt PTEK231, PTEK241.
- Eventuelt spesialpensum valt i samråd med rettleiar.

### Tilrådd studieplan

| 10. V | Oppgåve | Oppgåve | Oppgåve |
|-------|---------|---------|---------|
| 9. H  | Val     | Oppgåve | Oppgåve |
| 8. V  | PTEK251 | Val     | Oppgåve |
| 7. H  | PTEK250 | PTEK252 | Val     |

### Administrativt ansvarleg

Institutt for fysikk og teknologi har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar.ppt@ift.uib.no](mailto:studierettleiar.ppt@ift.uib.no)  
Tlf 55 58 28 64

### Yrkesvegar

Prosesstryggleiksteknologi er ei slagkraftig utdanning med jobbmogleheter i eit breitt spekter av prosessindustri, ikkje minst i olje- og gassindustrien på land og til havs, i ingeniørselskap og innan forsking. Dei fleste studentane får jobb før dei er ferdig uteksaminerte.

# MASTERPROGRAM I STATISTIKK

## MAMN-STADA Masterprogram i statistikk - Dataanalyse

**Grad:** Master i statistikk - dataanalyse.

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### Mål og innhold

Statistikk er ei relativt ny grein av matematikken som har vokse enormt i omfang og interesse i den seinare tida. Statistikk blir brukt til å analysere telekommunikasjonsnettverk, i modellering av epidemiar og i finanslivet og bankar der kandidatar er sterkt etterspurde. Statistikk fokuserer på tolking av data. Stig den globale temperaturen? Aukar kraftlinjer sjansen for kreft? Kva er inflasjonsraten? Statistikarar arbeider i industri, forvalting, naturvitenskapleg forsking og medisin. På grunn av at statistikken sine metodar er basert på matematikk, trengst det god forståing av matematiske metodar.

### Opptakskrav

Alle bachelorgrader med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for oppatak: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar og eitt av emna: STAT210 Statistisk inferensteori /STAT220 Stokastiske prosessar. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakterane i dei sentrale statistikkursa STAT110, STAT111 og STAT210/STAT220 er dårlegare enn C.) Tilrådde forkunnskapar er INF100 Grunnkurs i programmering og MAT160 Reknealgoritmar I. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste oppatak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### Obligatoriske emne/spesialisering

Masterprogrammet i dataanalyse omfattar:

- 1) Eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 sp, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 sp. Spesialpensumet blir da auka med 30 sp
- 2) Emne eller spesialpensum på til saman 60 sp sett saman slik:
- 3) 40 sp valt blant emna: STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT211 Tidsrekker, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221 Grensesetningar i sannsynsrekning, STAT310 Multivariabel statistisk analyse
- 4) 20 sp valt i samråd med rettleiaren din.

MERK: For å oppnå ein mastergrad i statistikk - dataanalyse - må emna: STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori og STAT220 Stokastiske prosessar eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### Administrativt ansvarleg

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### Yrkesvegar

Det har hittil ikkje vore vanskar på arbeidsmarknaden for kandidatar med kompetanse i statistikk. Kandidatar har blant anna fått arbeid i oljeindustrien, forsikring, helsevesen, havforskning samt undervisning og forsking ved universitet og høgskolar. Det er eit udekt behov for lærarar med kompetanse i statistikk i den vidaregåande skolen.

## **MAMN-STAFI Masterprogram i statistikk - Finansteori og forsikringsmatematikk**

**Grad:** Master i statistikk - finansteori og forsikringsmatematikk.  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Studieprogrammet skal gi ei innføring i teori og teknikkar innan forsikringsmatematikk. Gjennom denne studieretninga blir ein utdanna til akturaryrket. Det norske regelverket for forsikringsnæringa krev at kvart livs- og skadeforsikringsselskap skal ha ein ansvarshavande aktuar som skal passe på at premiar og forsikringstekniske avsetjingar har eit forsvareleg nivå. Blant aktuaren sine arbeidsoppgåver kjem også oppfølging av selskapet sine finansielle plasseringar. For å bli ansvarshavande aktuar trengst det aktuarkompetanse. Mastergraden i statistikk med denne studieretninga gir aktuarkompetanse. Dersom ein ynskjer å spesialisere seg innan finansteori vert det tilrådeleg at dette blir kombinert med emna STAT230 - Livsforsikringsmatematikk og STAT231 - Skadeforsikringsmatematikk da dette vil gi aktuarkompetanse og såleis ein mykje breiare yrkesplattform.

### **Opptakskrav**

Alle bachelorgrader med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar og eitt av emna: STAT210 Statistisk inferensteori eller STAT220 Stokastiske prosessar. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakterane i dei sentrale statistikkursa STAT110, STAT111 og STAT210/STAT220 er dårlegare enn C.) Tilrådde forkunnskapar er MAT131 Differensiallikningar I, MAT160 Reknealgoritmar I, MAT211 Reell analyse, MAT213 Funksjonsteori og INF100 Grunnkurs i programmering. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Administrativt ansvarleg**

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studerettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Masterprogrammet i finansteori og forsikringsmatematikk omfattar  
1) Eit sjølvstendig vitskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 sp, men det kan også gjevast oppgåver med eit omfang på 30 sp. Spesialpensumet blir da auka med 30 sp.  
2) Emne eller spesialpensum på til saman 60 sp sett saman slik:  
\* 40 sp valt blant emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT211 Tidsrekjjer, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221, Grensesetningar i sannsynsrekning, STAT230 Livsforsikringsmatematikk, STAT231 Skadeforsikringsmatematikk og risikoteori, STAT240 Finansteori, STAT310 Multivariabel statistisk analyse.

\* 20 sp valt i samråd med rettleiaren din.  
MERK: For å oppnå ein mastergrad i statistikk - finansteori og forsikringsmatematikk - må emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori og STAT220 Stokastiske prosessar, STAT230 Livsforsikringsmatematikk, STAT231 Skadeforsikringsmatematikk og risikoteori, STAT240 Finansteori eller tilsvarande vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet. Forsikringskursa STAT230, STAT231 og STAT240 går i ein toårs syklus, det er derfor viktig at studentane er påpasselege med å få med seg desse, eventuelt mot slutten av bachelorgraden, slik at dei ikkje kjem heilt på slutten når mastergradsoppgåva skal skrivast.

### **Yrkesvegar**

Det har lenge vore eit merkbart underskott på aktuarar i landet og forsikringsselskapene tilbyr interessante arbeidsoppgåver med gode vilkår. Innan finans utanom forsikring er moglege arbeidsfelt porteføljeforvalting/overvakning og prissetting av finansielle derivat, her også innan energisektoren. Mastergraden i statistikk med denne studieretninga gir aktuarkompetanse for arbeid i Noreg. Ved å ta ytterlegare kurs kan ein oppnå internasjonal aktuarkompetanse.

## **MAMN-STAMA Masterprogram i statistikk - Matematisk statistikk**

---

**Grad:** Master i statistikk- Matematisk statistikk

**Omfang:** Toårig (120 SP)

**Oppstart:** Haust (hovudopptak) og suppleringsopptak vår.

### **Mål og innhold**

Sannsynsrekning og statistikk er to relativt nye greiner av matematikken. Begge har vokse enormt i omfang og interesse i den seinare tida.

Sannsynsrekning er den delen av matematikken som skildrar tilfeldige hendingar. Det starta med terningkast og kortspel, men i dag speler sannsynsrekning ei sentral rolle i design av rek nemaskinar, telekommunikasjonsnettverk, i modellering av epidemiar, og innan finans og bank der kandidatar er sterkt etterspurde. Statistikk fokuserar på tolking av data. Stig den globale temperaturen? Aukar kraftlinjer sjansen for kreft? Kva er inflasjonsraten? Statistikarar arbeider i industri, forvalting, naturvitenskapleg forsking og medisin. På grunn av at statistikken sine metodar er basert på matematikk, trengst det god forståing av matematiske metodar.

### **Opptakskrav**

Alle bachelorgarder med følgjande minimum av matematiske forkunnskapar vil kvalifisere for opptak: MAT111 Grunnkurs i matematikk I, MAT112 Grunnkurs i matematikk II, MAT121 Lineær algebra, STAT110 Grunnkurs i statistikk, STAT111 Statistiske metodar og eitt av emna: STAT210 Statistisk inferensteori eller STAT220 Stokastiske prosessar. (OBS: Karaktersnittet på desse kursa må minst vere C. Vi vil fråråde oppstart på dette programmet dersom karakterane i dei sentrale statistikkursa STAT110, STAT111 og STAT210/STAT220 er dårligare enn C.) Tilrådde forkunnskapar er MAT131 Differensiallikningar I, MAT160 Reknealgoritmar I, MAT211 Reell analyse, MAT213 Funksjonsteori og INF100 Grunnkurs i programmering. Fagleg minstekrav er karakteren C eller betre i opptaksgrunnlaget. Dersom det er fleire søkerar til eit program enn det er plassar, vil søkerane bli rangerte etter karakterane i opptaksgrunnlaget. Ved siste opptak fekk alle kvalifiserte søkerar tilbod om studieplass.

### **Obligatoriske emne/spesialisering**

Masterprogrammet matematisk statistikk omfattar:

- 1) Eit sjølvstendig vitenskapleg arbeid (masteroppgåve) som normalt skal ha eit omfang på 60 sp, men det kan også bli gitt oppgåver med eit omfang på 30 sp. Spesialpensumet blir da auka med 30 sp.
- 2) Emne eller spesialpensum på til saman 60 sp sett saman slik: - 40 sp valt blant emna STAT201 Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT211 Tidsrekker, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221 Grensesetningar i sannsynsrekning, STAT240 Finansteori, STAT310 Multivariabel statistisk analyse, MAT211 Reell analyse, MAT215 Mål- og integralteori - 20 sp valt i samråd med rettleiaren din

MERK: For å oppnå ein mastergrad i statistikk - matematisk statistikk - må emna STAT201

Generaliserte lineære modellar, STAT210 Statistisk inferensteori, STAT220 Stokastiske prosessar, STAT221 Grensesetningar i sannsynsrekning og MAT211 Reell analyse eller tilsvarende vere gjennomført og bestått i løpet av bachelor- eller masterstudiet.

### **Administrativt ansvarleg**

Matematisk institutt har ansvar for studieprogrammet. Ta gjerne kontakt med studierettleiar på programmet dersom du har spørsmål på epost [studierettleiar@math.uib.no](mailto:studierettleiar@math.uib.no)  
Tlf 55 58 28 34

### **Yrkesvegar**

Det har hittil ikkje vore vanskar på arbeidsmarknaden for kandidatar med kompetanse i statistikk. Kandidatar har blant anna fått arbeid i oljeindustrien, forsikring, helsevesen, havforsking og i undervisning og forsking ved universitet og høgskolar. Det er eit udekt behov for lærarar med kompetanse i statistikk i den vidaregåande skolen.

# MASTERPROGRAM I NANOVITSKAP

## MAMN-NANO Masterprogram i Nanoteknologi

**Grad:** Master i nanoteknologi  
**Omfang:** Toårig (120 SP)  
**Oppstart:** Haust (hovudopptak), vår.

### Mål og innhold

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

16 t forelesingar er obligatoriske. Obligatorisk oppmøte på første forelesning.

#### **Undervisningssemester**

Haust

#### **Undervisningsspråk**

Norsk

#### **Vurderingsformer**

Obligatorisk framme gje "bestått"

## **MNF490 Vitenskapsteori med etikk**

**Studiepoeng:** 3 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Fullført mastergrad eller tilsvarende

#### **Fagleg overlapp:**

Emnet er ein del av det tidligere MNF390 Vitskapsteori med etikk for realistar.

#### **Mål og innhald**

Kurset tar opp nokre problem av generell interesse i vitskapsteori og etikk. Eksempel er kompleksitet og usikkerhet, forholdet mellom vitskap og samfunn, vitskapsfolk sitt moralske ansvar og moralske dilemma skapt av moderne vitskap. Kurset inneheld og valfrie modular. Kvar modul tar opp eit spesifikt emne, og deltakarane må velje tre modular.

**Læringsutbyte/resultat**

Hovudmålsettinga med kurset er å gjere deltagarane kjent med viktige emne i vitskapsteori og etikk, som kan vere nyttige i arbeidet med deira eigne prosjekt. Samstundes skal det gje eit breiare perspektiv på eige fagområde, ved at det utviklar ei betre forståing for kunnskapsteoretiske, etiske og samfunnsmessige aspekt ved eiga verksemd.

**Obligatoriske arbeidskrav**

I tillegg til dei to skriftlege oppgåvene skal det skrivast eit essay som leverast innan to veker etter kurset er avslutta.

**Undervisningssemester**

Vår- og haustsemesteret

**Undervisningsspråk**

Engelsk

**Vurderingsformer**

Dei to skriftlege oppgåvene og essayet dannar grunnlaget for vurderingsgrunnlaget. Den endelige karakteren er "bestått" eller "ikkje bestått". På ph.d.-nivå betyr "bestått" A, B eller C.

## EMNE I MOLEKYLÆRBIOLOGI (MOL)

### MOL100 Innføring i molekylærbiologi

Studiepoeng: 10 SP

#### Krav til forkunnskapar

Ingen

#### Tilrådde forkunnskapar

KJEM100 og/eller KJEM110

#### Fagleg overlapp:

MOL101: 5 sp

#### Mål og innhold

Prinsippet for overføring av genetisk informasjon, DNA og RNA molekyla (struktur, funksjon), protein (struktur, funksjon). Cellebiologi (cellestruktur, cellemembran, transportsystem). Kjelder til cellulær energi: Fri energi, energilagring, elektrontransport og fotosyntese. Genetikk, celledeling og reproduksjon (meiose, mitose). Prinsippa vert sett i lys av døme frå bioteknologi og medisin. Viktige molekylærbiologiske metodar vert også drøfta. Heile kurset vert undervist i eit evolusjonært perspektiv. Emnet er obligatorisk for bachelor i molekylærbiologi.

#### Læringsutbyte/resultat

Gje ei innføring i molekylærbiologiske prinsipp for vidare studiar i molekylærbiologi, biologi, nanoteknologi og bioinformatikk.

#### Obligatoriske arbeidskrav

3 deleksamenar som til saman tel 20% av sluttkarakteren. Første og andre kollokvium er obligatorisk. Obligatorisk aktivitet er gyldig i fire semester (undervisningsemester og dei tre påfølgande semestera).

#### Undervisningssemester

Vår (Fargekode: blå) Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

#### Undervisningsspråk

Norsk

#### Vurderingsformer

Deleksamenar (20 %) og skriftleg 4-timars eksamen (80 %). Ingen hjelpemiddel

#### Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

### MOL200 Metabolisme; reaksjonar, regulering og kompartmentalisering

Studiepoeng: 10 SP

#### Krav til forkunnskapar

Ingen

#### Tilrådde forkunnskapar

MOL100 og KJEM100 eller KJEM110 eller tilsvarende. Kunnskap i organisk kjemi, KJEM130 eller tilsvarende, er sterkt tilrådd.

#### Fagleg overlapp:

KB101: 10 sp, MOL101: 5 sp, MOL301: 5 sp

#### Mål og innhold

Emnet omhandlar prinsipp og regulering av metabolske vegar i celler og organ. Det gjer ein introduksjon til signalomforming og ei vidare oversikt i viktige emne i biokjemi og molekylærbiologi slik som cellulær arkitektur og trafikk, differensiering og cellesyklus, eigenskap til protein, enzym (mekanismar og kinetikk), regulering av protein. Det vert vektlagt å gje ei djupare forståing for bioenergi og metabolisme. Organespesifikk metabolisme vert behandla gjennom utvalde døme, der det endokrine system vert særskilt omhandla. Relevante molekylærbiologiske metodar, med særleg vekt på genteknologi, vert gjennomgått. Emnet er obligatorisk for bachelor i molekylærbiologi. Delar av emnet vert gjeve saman med MOL301.

#### Læringsutbyte/resultat

Gje ei djupare innsikt i molekylærbiologiske prinsipp i metabolismen, som er et nødvendig grunnlag for vidare studiar i molekylærbiologi.

#### Obligatoriske arbeidskrav

Dei to første kollokviene er obligatoriske. Skriftleg semesteroppgåva (tel 20% av karakteren). Munnleg presentasjon av semesteroppgåva.

#### Undervisningssemester

Haust (Fargekode: blå)

#### Undervisningsspråk

Norsk, engelsk for felles førelesingar med MOL301 Biomolekyl.

#### Vurderingsformer

Skriftleg avsluttande eksamen, 4 timer. Ved bestått avsluttande eksamen tel semesteroppgåva 20% og eksamen 80% av karakteren. Obligatorisk aktivitet er gyldig i fire semester (undervisningssemestret og dei tre påfølgende semestra).

#### Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL201 Molekylær cellebiologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar**

Ingen

**Tilrådde forkunnskapar**

MOL100/MOL101 eller tilsvarende.

**Fagleg overlapp:**

KB201: 10sp

**Mål og innhold**

Emnet gir ein detaljert gjennomgang av eukaryote cellers struktur og fysiologi med hovudvekt på: organeller, proteinsekresjon, intracellulære transportmekanismar, cellesyklus, signalomforming, cytoskelett, vevsdanning, celledifferensiering og kreftutvikling. Emnet er ei direkte vidareføring og fordjuping etter MOL100. Det blir lagt vekt på molekylær og eksperimentell forståing av faget. Emnet vil såleis og belyse korleis genetikk og genteknologi blir brukt som reiskap i cellebiologisk forsking. Emnet er obligatorisk for bachelor i molekylærbiologi.

**Læringsutbyte/resultat**

Emnet har som mål å gje basalkunnskap i molekylær cellebiologi tilstrekkeleg til vidare studier i molekylærbiologi. Emnet gir og nyttig cellebiologisk kunnskap for vidare utdanning i tilstøtande biologiske fag og farmasi.

**Undervisningssemester**

Vår (Fargekode: gul)

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen (4 timer). Tillate hjelpemiddel: Kalkulator.

**Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL202 Eksperimentell molekylærbiologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar**

MOL100 og MOL200 (eller MOL101) og laboratoriekurs i kjemi.

**Fagleg overlapp:**

KB101: 5sp

**Mål og innhold**

Emnet gir ei innføring og oversikt i dei viktigaste metodar i biokjemi og molekylærbiologi. Studentane skal lære seg å arbeide både kvantitativt og kvalitativt. Statistisk analyse og signifikansvurdering av data vil bli vektlagt. Kurset vil ta føre seg arbeid med bakterier og celler, preparativ biokjemi, enzymologi og genteknologi. Vidare vil det bli gitt ei grundig innføring i instrumentelle teknikkar som spektroskopi, kromatografi, elektroforese og bruk av sentrifuger. Tryggleiksaspekt ved laboratoriearbeid blir og

vektlagt. Emnet er obligatorisk for bachelor i molekylærbiologi.

**Læringsutbyte/resultat**

Emnet har som mål å gje basalkunnskap i eksperimentell biokjemi og molekylærbiologi og danner grunnlag for vidare studie i molekylærbiologi.

**Obligatoriske arbeidskrav**

Alle aktivitetar er obligatoriske, inkludert orienteringsmøte, førelesingar og laboratorieøvingar med rapport.

**Undervisningssemester**

Vår

**Undervisningsspråk**

Norsk

**Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen (4 t). Øvingar og oppgåver må vere godkjende for å gå opp til eksamen. Tillate hjelpemiddel: kalkulator.

**Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL203 Genstruktur og funksjon**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar**

MOL101/MOL100 eller tilsvarende

**Tilrådde forkunnskapar**

MOL200, MOL201, MOL202

**Fagleg overlapp**

KB221: 10sp

**Mål og innhold**

Emnet skal gje ein detaljert gjennomgang av det molekylære grunnlaget for prokaryote og eukaryote celler sin struktur og fysiologi. Emnet vil behandle; struktur av DNA, RNA og kromatin; vedlikehald av genom gjennom replikasjon, reparasjon, rekombinasjon; uttrykk av genom gjennom genregulering, transkripsjon, RNA-spleising og translasjon. Genteknologiske metodar i studiar av biologiske mekanismar og strukturar blir omtalt. Emnet er obligatorisk for bachelor i molekylærbiologi.

**Læringsutbyte/resultat**

Gje solid basiskunnskap om genomet sin funksjon i eit biokjemisk og molekylært perspektiv. Kurset er eit viktig ledd i førebuinga til mastergrad i molekylærbiologi og samstundes nyttig for tilstøytande fagområde.

**Undervisningssemester**

Haust.

**Undervisningsspråk**

Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar deltek.

**Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen 4 timer. Ingen hjelpemiddel.

**Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## MOL204 Anvendt bioinformatikk

**Studiepoeng:** 10 SP

### Krav til forkunnskapar

MOL100/MOL101 eller tilsvarende

### Tilrådde forkunnskapar

MOL200 eller tilsvarende.

### Fagleg overlapp

KB207: 10sp

### Mål og innhold

Emnet gjer ei innføring i bruk av bioinformatiske verktøy, inkludert analyse av protein og DNA-sekvensar, databasesøk, parwise- og multiple sekvenssamanstillingar, prediksjon av sekundærstruktur, visualisering og analyse av proteinstrukturar, fylogenetiske tre. Teoretisk grunnlag for et utval av dei sentrale metodar vert gjennomgått. Emnet er obligatorisk i bachelor i molekylærbiologi for studentar tatt opp haust 2009 eller seinare.

### Læringsutbyte/resultat

Emnet skal gje molekylærbiologar praktisk opplæring i bruk av bioinformatiske metodar og informatikarar skal få innsikt i aktuelle problemstillingar innan bioinformatikk.

### Obligatoriske arbeidskrav

Førlesningar, øvingar og godkjende oppgåver.

### Undervisningssemester

Haust, emnet har begrensa kapasitet. (Fargekode: rød)

### Undervisningsspråk

Engelsk

### Vurderingsformer

4 timer skriftleg eksamen, eventuelt munnleg eksamen avhengig av antal studentar. Tillate hjelpemiddel: Kalkulator.

### Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nyttा.

## MOL211 Virologi

**Studiepoeng:** 10 SP

### Krav til forkunnskapar

MOL100/MOL101 eller tilsvarende.

### Tilrådde forkunnskapar

MOL200, MOL201, MOL202, MOL203

### Fagleg overlapp:

MAR271: 10 sp, KB206: 10sp

### Mål og innhold

Emnet tek for seg virusstruktur, replikasjon, patogenese, diagnostikk, verten sin respons mot virusinfeksjon og bruk av virus innan genterapi. Enkelte virus av relevans for menneske og fisk blir spesielt behandla. Emnet er basert på gjennomgang av virologiske prinsipp og sentrale originalarbeid.

### Læringsutbyte/resultat

Å gje studentane ei djupare forståing av moderne virologiske problem og arbeidsmetodar.

### Obligatoriske arbeidskrav

Førlesningar og øvingar. Emnet inkluderar og ei obligatorisk oppgåve som utgjer 3 sp av arbeidsmengda.

### Undervisningssemester

Vår, emnet vert ikkje undervist ved lågt studenttal. Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info: <http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>. Undervisinga går parallelt med MAR271.

### Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar deltek.

### Vurderingsformer

Skriftleg eksamen 4 timer, eventuelt munnleg eksamen avhengig av studenttalet. Semesteroppgåva tel 30% og avsluttande eksamen 70% for endeleg karakter. Ingen hjelpemiddel.

### Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nyttा.

## MOL212 Immunologi

**Studiepoeng:** 10 SP

### Krav til forkunnskapar

MOL100/MOL101 eller tilsvarende. Emnet høver best i mastergraden, tidlegast 5. eller 6.semester av bachelorgraden.

### Tilrådde forkunnskapar

MOL200, MOL201, MOL202, MOL203

### Fagleg overlapp:

MAR273: 5sp, KB205: 10sp

### Mål og innhold

Det blir først gjeve ei innføring og oversikt over immunsystemet sin oppbygging og funksjon, deretter immunsystemet si rolle i sjukdomsutvikling (infeksjonssjukdomar, autoimmune sjukdomar), og til slutt forebygging og behandling av sjukdomar ved vaksinering. Det teoretiske grunnlaget for immunologiske teknikkar blir og omhandla.

### Læringsutbyte/resultat

Gje studentane basale kunnskapar i immunologi og kjennskap til dei viktigste immunologiske metodar som nyttast i molekylærbiologisk og cellebiologisk forskning.

### Obligatoriske arbeidskrav

Semesteroppgåve.

### Undervisningssemester

Haust, kurset vert ikkje undervist ved lågt studenttal. Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info: <http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

### Undervisningsspråk

Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar deltek.

### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen 4 timer. Ingen hjelpemiddel.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL213 Utviklingsgenetikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

MOL100 (evt. MOL101) eller tilsvarande. Emnet høver best i mastergraden, tidlegast 5. eller 6.semester av bachelorgraden.

### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL200, MOL201, MOL202, MOL203.

### **Mål og innhold**

Det teoretiske grunnlaget for utviklingsbiologi vil bli gjennomgått med spesiell vekt på dei genetiske mekanismane som styrer tidege trinn i fosterutviklinga: aksedanning, induksjon og gastrulasjon. Emnet omfattar dessutan ei grundig innføring i genetiske kontrollmekanismar som i stor grad er basert på Drosophila- modellen. I samband med dette vil det bli fokusert på betydinga av genregulering og korleis forstyrningar kan resultere i misdanningar. Nyare kunnskap om utviklingsregulerande mekanismar hos virveldyr vil også bli gjennomgått. Delar av kurset er basert på publiserte artiklar.

### **Læringsutbyte/resultat**

Gje studentane basale kunnskapar om genetiske og molekylære mekanismar som regulerar grunnleggande trekk ved fosterutviklinga.

### **Undervisningssemester**

Annankvar haust frå og med 2009, kurset vert ikkje undervist ved lågt studenttal. Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:  
<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

### **Undervisningsspråk**

Engelsk

### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen (4 timer). Tillat hjelpemiddel: kalkulator og godkjent ordliste.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL215 Tumorbiologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

MOL100 og MOL200 (evt. MOL101) eller tilsvarande.

### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL201, MOL202, MOL203

### **Mål og innhold**

Det teoretiske grunnlaget for tumorbiologi, tumorutvikling (carcinogenese) vil bli gjennomgått. Det vil også bli gitt ei oversikt av skading av DNA og mekanismar for reparasjon av skadar og genetisk basis for kreftutvikling. Hovuddelen av undervisinga baserast på publiserte artiklar.

### **Læringsutbyte/resultat**

Gje studentane basale kunnskapar i moderne forståing av tumorbiologi og eksperimentell kreftforsking.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Godkjent oppgåve og presentasjon. Kurset inkluderer ei obligatorisk skriftleg semesteroppgåve som utgjer 1 SP av den totale arbeidsmengda.

### **Undervisningssemester**

Vår, kurset vert ikkje undervist ved lågt studenttal. Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:  
<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

### **Undervisningsspråk**

Engelsk, norsk dersom kun norskspråklege studentar deltek.

### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen 4 timer. Ingen hjelpemiddel.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL216 Toksikologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL100 og MOL200 (evt. MOL101), KJEM120, KJEM130, BIO110, BIO111, BIO114.

### **Mål og innhold**

Det teoretiske grunnlaget for toksikologi vil bli gjennomgått og det vil bli lagt vekt på forskjellige mekanismar for biologiske system sine reaksjonar på toksiske forbindinger. Kurset tek opp emne som toksikologien si historie, absorpsjon, distribusjon og utskiljing av framandstoff, biotransformasjon, kreftframkallande stoff, organotoksikologi, nevrotoksisologi, næringsmiddeltoksisologi, industriell toksikologi, økotoksikologi, toksisitetstesting og risikovurdering. Deler av undervisinga vil baserast på publiserte artiklar.

### **Læringsutbyte/resultat**

Gje studentane basale kunnskapar i moderne forståing av toksikologiske problem.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Førelesingar, øvingar og prosjektoppgåver. Emnet inkluderer ei midtsemesterprøve som utgjer 3 sp av den totale arbeidsmengda.

### **Undervisningssemester**

Vår. Emnet blir ikkje undervist ved lågt studenttal (minimum 8 studentar). Emnet har eit avgrensa tall på plassar og inngår i undervisningsopptaket. Meir info:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studiehverdag/undervisningsopptaket>

### **Undervisningsspråk**

Norsk

### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen (4 timer). Ingen hjelpemiddel.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL217 Anvendt Bioinformatikk II**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

MOL100 og MOL200 (evt. MOL101) og MOL204 eller tilsvarende

### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL201 og MOL203

### **Mål og innhald**

I dette emnet skal studentane setja seg grundig inn i bruk av bioinformatiske verktøy for funksjonell annotering av protein. Kurset vert i stor grad lagt opp kring prosjektoppgåver kor fleire studentar arbeider saman. Desse oppgåvene er knytta til instituttet si bioinformatiske forskning. Som ein del av prosjektarbeidet, vert studentane trena i kritisk vurdering av både metodar og resultat. Dei konkrete prosjektoppgåvene vil variera frå år til år, men er for tida knytta til strukturell bioinformatikk.

### **Læringsutbytte/resultat**

Gje studentane grundig kjennskap til utvalde bioinformatiske verktøy og opplæring i evaluering av både metodar og resultat.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Prosjektarbeid i grupper på 2-4 studentar, førelesinger og gruppearbeid. Emnet inkluderer ei obligatorisk skriftleg semesteroppgåve, som utgjer 7 sp av den totale arbeidsmengda.

### **Undervisningssemester**

Vår. Frå og med 2010 undervisast emnet annankvar vår. Emnet vert ikkje undervist ved lågt studenttal.

### **Undervisningsspråk**

Engelsk

### **Vurderingsformer**

Munnleg eksamen, eventuelt skriftleg eksamen 4 timer avhengig av antal studentar. Alternative eksamensformer kan bli vurdert i relasjon til mappeevaluering. Ingen hjelpemiddel.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL219 Molekylær bionanoteknologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

KJEM110 og KJEM130

### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL100 og MOL200

### **Fagleg overlapp:**

KB101: 10 sp, MOL101: 5 sp, MOL301: 5 sp

### **Mål og innhald**

Kurset inneheld utvalde tema som er særleg relevant for forståing av grunnleggande molekylærbiologiske prosessar og eksperimentelle teknikkar. Emnet tek utgangspunkt i inter- og intramolekylære krefter og behandler tema som sedimentering av makromolekyl, løselighet og molekylære interaksjonar. I laboratoriekursdelen vil analyse av den biologiske kvaliteten av rekombinate protein bli studert, samt deira interaksjonar med andre molekyl.

### **Læringsutbytte/resultat**

Kurset tek sikte på å gje ei grunnleggande molekylær forståing for dei krefter og prinsipp som styrer cellulære prosessar i biologiske system.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Laboratoriekurs med godkjent laboratoriejournal

### **Undervisningssemester**

Annankvar vår. Neste gong: vår 2011.

### **Undervisningsspråk**

Norsk.

### **Vurderingsformer**

Skriftleg avsluttande eksamen, 4 timer.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL231 Prosjektoppgåve i molekylærbiologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

MOL100 og MOL200 (evt. MOL101), MOL202 og KJEM110. Basal kunnskap i molekylærbiologi og kjemi, særleg viktig er erfaring frå laboratoriearbeid innan molekylærbiologi og kjemi. Emnet høver best i 5. eller 6. semester av bachelorgraden, eller under mastergraden.

### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL201, MOL203, KJEM130 og KJEM131.

### **Mål og innhald**

Prosjektoppgåva består i gjennomføring av eit avgrensa forskingsarbeid i rettleiaren si forskingsgruppe. I startfasen av prosjektoppgåva, skal studenten setja seg grundig inn i prosjektet sin bakgrunn, problemstilling og val av strategi og metodar, mellom anna ved å studera vitskaplege artiklar. Innhaldet i ei konkret oppgåve definerast

av den faglege rettleiar som tek på seg rettleiaroppgåva, men vil alltid gjelde metodar av generell nytte for molekylærbiologisk forsking. Omfanget av emnet er bestemt av studiepoeng, og vil dreie seg om 200-240 timer på laboratoriet, eller 25-30 fulle arbeidsdagar. Fordi MOL231 utgjer 1/3 av normal studiemengde i eit semester, vil laboratoriearbeidet alltid bli utført som deltsarbeid som skal koordinerast med andre emne studenten tek, og rettleiar sin timeplan. Som eit minimum må ein rekna med 6 veker på laboratoriet, men ettersom ein må tilpasse arbeid etter timeplan med andre aktivitetar, kan arbeidet med prosjektoppgåva ofte strekkja seg opp mot 8-10 uker. Målsetjinga er at ein skal kunne byrje på oppgåvane allereie i andre studieveke av semesteret, slik at oppgåvane skal kunne være fullført før eksamslesninga i andre fag startar. Likevel kan starttidspunkt variere på grunn av andre plikter rettleiar måtte ha.

#### **Læringsutbyte/resultat**

Hensikten med prosjektoppgåva er tredelt: (i) å gje studenten ei innføring i forskingsstrategi og praktisk forskingsarbeid med molekylærbiologiske metodar; (ii) å gje studenten øving i å lesa vitskapelege artiklar og (iii) å gje studenten forskingsbasert skrivetrening.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Kurset skal avsluttast med presentasjon av prosjektet i form av ein poster.

Laboratoriejournalen skal leverast til rettleiar for kommentar. Journal og kommentar fra rettleiar skal sendast til emneansvarlig for endelig vurdering. Emnet vurderast som "bestått/ ikke bestått". Det krevst at labjournalen er ført nøyaktig og at denne dagleg har vore oppdatert på laboratoriet. Ferdig godkjende lab-journalar behaldast av emneansvarleg til etter at eksamenar i semesteret er fullførte, og blir seinare deponert hjå dei enkelte rettleiarane. Studentar har seinare adgang til å kopiera frå labjournalen.

#### **Undervisningssemester**

Haust og vår, avhengig av antal tilgjengelege rettleiarar og prosjekt. Endeleg opptak til kurset blir gjort etter emnepåmeldingsfristen kvart semester.

#### **Undervisningsspråk**

Engelsk

#### **Vurderingsformer**

Godkjent journal og prosjektrapport

#### **Karakterskala**

Bestått/ikkje-bestått

## **MOL270 Bioetikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

#### **Fagleg overlapp:**

MNF220: 3sp

#### **Mål og innhold**

Undervisinga blir i stor grad bestemt av aktuell samfunnsdebatt, nasjonale og internasjonale lover og lovforslag og nyare bioteknologisk utvikling. Tema som testing av arveeigenskapar, genterapi, kloning, stamceller, assistert befrukting, xenotransplantasjon, bruk av dyr i forsking og matproduksjon og genetisk modifisering av planter vil bli diskutert. Forståing av etiske prinsipp blir og gjennomgått. Det blir lagt vekt på aktiv deltaking frå studentane i undervisinga og dei skal til ein viss grad vere med å forme emnet. Faget passar for studentar frå alle fakultet.

#### **Læringsutbyte/resultat**

Gje studenten ei god forståing av filosofiske, etiske, juridiske og biologiske aspekt for sjølvstendig å kunne vurdere moderne bioetiske spørsmål.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Førelesingar, øvingar og semesteroppgåve.

#### **Undervisningssemester**

Haust

#### **Undervisningsspråk**

Norsk

#### **Vurderingsformer**

Godkjent semesteroppgåve.

#### **Karakterskala**

Bestått/ikkje-bestått

## **MOL300 Praktisk molekylærbiologi**

**Studiepoeng:** 20 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

#### **Tilrådde forkunnskapar**

Bachelorgad eller tilsvarende omfang molekylærbiologisk kunnskap.

#### **Fagleg overlapp:**

MOL302 15sp

#### **Mål og innhold**

Emnet er metoderetta og omfattar utvalte grunnleggande metodar i fysikalsk biokjemi, biokjemisk analyse og separasjonsteknikk, genteknologi, immunologi og mikroskopi. Kurset inneholder oppgåver innan spektrofotometri, kromatografi, enzymologi, elektroforese, reinsing av biologiske makromolekyl, in situ hybridisering, immunologiske påvisingsteknikkar og sentrale teknikkar innan moderne genteknologi. Arbeid med ulike biologiske system vil også bli vektlagt. Det blir lagt vekt på at studentane lærer å organisere laboratoriearbeidet rasjonelt og å kombinere bruk av forskjellige metodar for å analysere spesifikke problemstillingar. Det blir også lagt vekt på tryggleikssaspekt ved laboratoriearbeid og god journalføring. MOL300 er obligatorisk for studentar som skal ta mastergrad i molekylærbiologi.

### **Læringsutbyte/resultat**

Emnet skal gje praktiske og teoretiske kunnskapar for vidare eksperimentelt arbeid eller studiar i molekylærbiologi og lære studentane sjølvstendig laboratoriearbeit.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Førelesingar, laboratoriekurs m/journal og rapport.

### **Undervisningssemester**

Haust, avgrensa opptak. Studentar som har dette emnet som obligatorisk i studieplanen vil bli prioritert.

### **Undervisningsspråk**

Engelsk

### **Vurderingsformer**

Godkjent laboratoriejurnal og rapport (30 %).

Skriftleg eksamen 5 timer (70 %). Tillate hjelpemiddel: kalkulator.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL301 Biomolekyl**

**Studiepoeng:** 10 SP

**Krav til forkunnskapar:** Ingen

### **Tilrådde forkunnskapar**

Bachelorgrad eller tilsvarande med lite bakgrunn i molekylærbiologi. Emnet er spesielt tilrettelagt for masterstudenter i bioinformatikk.

### **Fagleg overlapp:**

MOL101: 10 sp, MOL200: 10 sp, teoridel KB101: 10 sp.

### **Mål og innhold**

Emnet gjer ei innføring og oversikt over biomolekyla sin struktur og funksjon; syntese og eigenskapar hos biologiske makromolekyl, basale eigenskapar hos enzym, prinsipp i metabolisme, bioenergetikk, signaloverføring, regulering av genuttrykk og funksjon av biomolekyl i cellestruktur og differensiering. Oversikt over dei viktigaste prinsippa for eksperimentell biokjemi, molekylærbiologi og cellebiologi blir gjeve. Undervisinga er basert på at studentane har god studieteknikk og eit abstrakt omgrepssapparat frå tidlegare studiar. Emnet er obligatorisk i mastergrad i bioinformatikk for studentar som manglar MOL101/MOL100+MOL200 eller tilsvarande emne.

### **Læringsutbyte/resultat**

Emnet har som mål å gje basal kunnskap om biologiske makromolekyl og deira funksjon i biokjemi, molekylærbiologi og cellebiologi, tilstrekkeleg til vidare studiar i bioinformatikk.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Dei to første kollokviene er obligatorisk. Skriftleg emesteroppgåve (tel 20% av karakteren) og munnleg presentasjon semesteroppgåva.

Obligatorisk aktivitet er gyldig i fire semester (undervisningsssemesteret og dei tre påfølgande

semestera).

### **Undervisningssemester**

Haust, blir ikkje undervist ved lågt studenttal.  
(Fargekode: blå)

### **Undervisningsspråk**

Engelsk

### **Vurderingsformer**

4 timer skriftleg eksamen. Ved greidd avsluttande eksamen vil semesteroppgåva telle 20% av avsluttande karakter.Ingen hjelpemiddel.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **MOL310 Strukturell**

## **Molekylærbiologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

### **Krav til forkunnskapar**

Bachelorgrad eller tilsvarande omfang molekylærbiologisk kunnskap.

### **Tilrådde forkunnskapar**

Generell god bakgrunn i organisk kjemi og molekylærbiologi.

### **Fagleg overlapp:**

KB301: 12 sp, MOL305: 10 sp

### **Mål og innhold**

Emnet tek for seg kjemiske, fysikalske og biologiske eigenskapar ved biomolekyl. Det blir lagt spesiell vekt på struktur-funksjonsrelasjoner hos protein. Karbohydrat og lipid vil bli behandla i den grad dei påverkar eigenskapane til proteina. Undervisinga vil bli lagt mot fysikalsk-kjemiske og termodynamiske aspekt, basert mellom anna på den kjemiske natur av makromolekyla sine byggesteinar; aminosyrene. Spesielt viktige faktorar for folding, ligandbinding og interaksjonar mellom protein og andre ligand vil bli vektlagt. Metodane for å studere desse makromolekyla sine strukturar og funksjonar/eigenskapar vil bli gjennomgått. Korleis eigenskapane kan endrast ved mellom anna protein-engineering og faktorar som påverkar stabilitet og reaktivitet vil òg bli gjennomgått. Emnet er obligatorisk for ein mastergrad i molekylærbiologi.

### **Læringsutbyte/resultat**

Gje studentane ei god forståing av kjemiske prinsipp og metodar for struktur-funksjon av biomolekyl.

### **Undervisningssemester**

Vår

### **Undervisningsspråk**

Engelsk

### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen (4 timer).Ingen hjelpemiddel.

### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **EMNE I NANOTEKNOLOGI (NANO)**

### **NANO100 Perspektiv i nanovitskap og -teknologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Tatt opp til bachelorprogrammet i nanoteknologi.

#### **Tilrådde forkunnskapar**

KJEM110, kan lesast parallelt.

#### **Mål og innhald**

Emnet skal formidle nanovitskapen sin eigenart gjennom eksempel henta frå internasjonal forsking og aktuelle forskingsprosjekt ved Universitetet i Bergen. Vidare vil emnet gi eksempel på nanoteknologiske anvendingar og ta opp etiske og samfunnsmessige problemstillingar knytt til teknologi. Arbeidsforma består av ei førelesningsrekke om ulike aktuelle nanovitskaplege- og teknologiske tema med lokale og eksterne foredragshaldarar. Kvar førelesning vert førebudd i eit obligatorisk diskusjonskollokvium. I tillegg blir kvar student assosiert til ei forskingsgruppe gjennom semesteret og deltar kvar veke i arbeidet i gruppa for å bli kjent med problemstillingar og arbeidsmetodar. I denne samanhengen blir det definert eit individuelt skriftleg pensum som gir bakgrunn for metodar og problemstillingar i gruppa, og journalføringa skal reflektere at det skriftlege pensumet er forstått. I slutten av semesteret blir det arrangert ein "Nanodag" kor kvar student presenterer en poster over ei nanovitskapleg eller nanoteknologisk problemstilling frå "si" forskingsgruppe.

#### **Læringsutbytte/resultat**

Studentane skal (i) oppnå ei konkretisering av omgrepa nanovitskap og nanoteknologi, samt innsikt i kva som særmerker dette fagfeltet frå nærskyldje disiplinar; (ii) bli medvitne om korleis teknologi og samfunn påverkar kvarandre; (iii) få innføring i naturvitenskapleg forsking og opplæring i presentasjon av eit forskingstema.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Deltaking på minst 10 av dei 12 førelesingane.  
Deltaking på minst 10 av dei 12 kollokvia.  
Deltaking i arbeidet i ei forskingsgruppe, inkl. føring av journal. Av den totale tida på tre timer kvar veke vil typisk 1-2 timer nyttast til aktiv observasjon i forskargruppa og typisk 1-2 timer være dedisert til føring av journal. I tillegg skal kvar student lage ein poster som presenterer det faglege innhaldet i forskingsprosjektet som studenten har vore knytt til i hospiteringsperioden samt førebu ein munnleg presentasjon av det faglege innhaldet i posteren.

#### **Undervisningssemester**

Vår. (Fargekode: gul)

#### **Underveisningsspråk**

Norsk.

#### **Vurderingsformer**

Godkjent deltaking i obligatoriske aktivitetar. Godkjent journal. Godkjent posterpresentasjon. Posterpresentasjonen har form som ein munnleg presentasjon av innhaldet i posteren, som er laga i samband med hospitering i ein nanovitskapeleg forskingsgruppe. Denne presentasjonen er avsluttande eksamen og vert halden i eit lukka forum for medstudentar på NANO100 og sensorar. Ikke karaktergivende obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 påfølgjande semester etter godkjenninga, mens karaktergivende obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 semester.

#### **Karakterskala**

Bestått/Ikkje bestått.

### **NANO160 Innføring i nanoteknologi**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

PHYS101/PHYS111.

#### **Mål og innhald**

Emnet omhandlar fysiske og kjemiske føresetnader for nanoteknologi, med vekt på samanhengar mellom atomære vekselverknader og strukturen til ulike nanoagggregat. Ulike karakteriseringsmetodar blir gjennomgått som til dømes metodar for manipulering av atom (f. eks. "scanning tunneling microscopy"), atomic force microscopy, optiske metodar som kan gi strukturinformasjon på lengdeskala langt kortare enn den aktuelle bølgelengda, elektronmikrosopi, og avbileting ved spreiling av massive partiklar. I førelesningane blir det demonstrert korleis den instrumentelle utviklinga har gitt grunnlag for nanoteknologiske anvendelsar. Emnet gir også perspektiv på den framtidige utviklinga av feltet.

#### **Læringsutbytte/resultat**

Studentane skal tilegne seg kunnskapar om naturvitenskaplege føresetnader for nanoteknologi og brei orientering om metodar som kan brukas for karakterisering på nanoskala.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Skriftlege svar på utvalde kollokvievoppgåver.

#### **Undervisningssemester**

Vår. (Fargekode: Rød).

#### **Underveisningsspråk**

Engelsk (fra og med våren 2011).

#### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen (5 t). Tillate hjelpemiddel ved eksamen: Enkel kalkulator. Ikke karaktergivende obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 påfølgjande

semester etter godkjenninga, medan karaktergivende obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 semester.

#### **Karakterskala**

Ved sensur vert karakterskalaen A-F nytta.

## **NANO200 Nanoprosessar og nanomaterial**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

KJEM110, NANO160. Tatt opp som student på Bachelorprogrammet i nanoteknologi.

#### **Tilrådde forkunnskapar**

MOL100, MOL200 og KJEM120.

#### **Mål og innhold**

Emnet gir ei praktisk og teoretisk innføring i syntese, karakterisering, preparering, funksjonalisering og bruk av nanostrukturerte material. Emnet presenterer strategiar og system henta i hovudsak frå kjemi og fysikk. Emnet er i første rekke eit laboratoriekurs, kor førelsesrekka støttar opp om øvingane. Av praktiske årsaker kan deler av laboratoriekurset vera intensivert til få dagar.

#### **Læringsutbyte/resultat**

Studentane skal oppnå ei grunnleggjande innsikt i prinsippa bak syntese, manipulering og karakterisering av nanostrukturerte material samt øving i praktisk bruk av slike teknikkar.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Laboratoriekurs med godkjent laboratoriejournal og førebuande forelesningar.

#### **Undervisningssemester**

Haust (Fargekode: gul).

#### **Undervisningsspråk**

Norsk.

#### **Vurderingsformer**

Vurdering av journalar (50 %), avsluttande munnlig eksamen (50 %). Ved stort studenttal kan avsluttande eksamen være skriftlig (4t). Tillate hjelphemiddel ved skriftlig og munnlig eksamen: Enkel lommekalkulator. Karaktergivende obligatoriske aktivitetar er gyldige i 2 påfølgande semester etter godkjenninga.

Utfyllende eksamsregler for NANO200:

Vurdering / eksamensformer

1. Føring av labjournalar (50 %).

Jurnalene etter hver øvelse vurderes på karakterskalaen fra A-F. Om en journal ikke godkjennes (bedømmes til F), kan den leveres inn igjen etter omarbeiding. Dersom alle øvelser er godkjent, uansett antall innleveringer, vil studenten få bestått. Delkarakteren for laboratoriejournalen beregnes fra gjennomsnittet av karakterene gitt for hver enkelt journal.

2. Munnleg eksamen (50 %). Ved store studenttal kan det bli skriftleg eksamen (4t). Tillatne

hjelphemiddel på avsluttande skriftleg og munnleg eksamen: Enkel lommekalkulator i tråd med retningslinjene til fakultetet.

#### **Utfyllande eksamsregler:**

1. Karakteren for føring av labjournalar er gyldig i 2 påfølgande semester etter godkjenninga.

2. I semester med undervisning:

Studentar med godkjend laboratoriekurs frå tidlegare semester kan gå opp til avsluttande eksamen, som då inngår i mappa saman med karakteren på føring av journalar. Den avsluttande eksamen tel 50 % i karaktersetjinga.

3. I semester utan undervisning:

a) Studentar med godkjend laboratoriekurs kan berre gå opp til avsluttande eksamen, som då inngår i mappa saman med karakter på føring av journalar. Den avsluttande eksamen tel 50 % i karaktersetjinga.

b) Studentar utan godkjend laboratoriekurs frå tidlegare kan ikkje avlegge eksamen.

#### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

## **NANO300 Seminar i nanovitskap**

**Studiepoeng:** 5 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Tatt opp til masterstudiet eller PhD-studiet i nanovitskap ved UiB.

#### **Mål og innhold**

Undervisninga er ein seminarserie der studentane skal leggje fram og diskutere sine forskingsprosjekt. Det vert lagt stor vekt på aktiv deltaking frå studentane som i stor grad også vil vere med på å forme emnet. Målet er at studentane skal få innblikk i bredda i nanovitskapelig forsking.

#### **Læringsutbyte/resultat**

Emnet skal gje nanostudentane eit innblikk over og innsikt i pågående forskingsprosjekt på tvers av familjøa.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Deltaking på fem av seks seminar. Presentasjon av eige mastergradsprosjekt. Skrive ein populærvitskapelig artikkel.

#### **Undervisningssemester**

Haust (første gong hausten 2011).

#### **Undervisningsspråk**

Norsk.

#### **Vurderingsformer**

Godkjent populærvitskapelig artikkel, godkjent presentasjon av eige mastergradsprosjekt, godkjent frammøte og godkjent deltaking på seminara.

Obligatoriske arbeidskrav er gyldige i 3 påfølgande semester etter godkjenninga.

#### **Karakterskala**

Bestått eller ikkje bestått.

## **NANO310 Nanoetikk**

**Studiepoeng:** 5 SP

### **Krav til forkunnskapar**

Tatt opp til masterstudiet eller PhD-studiet i nanovitskap ved UiB.

### **Tilrådde forkunnskapar**

Vitskapsteori og etikk tilsvarande examen philosophicum (Realistvarianten).

### **Mål og innhold**

Studentane får undervisning i forskings- og vitskapsetisk teori, med vekt på etiske og samfunnsmessige aspekt ved nanovitskap og nanoteknologi. Emnet vil vere tett koordinert med NANO300, og studentane skal gjennomføre ein systematisk forskings- og vitskapsetisk refleksjon med utgangspunkt i eit konkret saksfelt innan nanovitskap eller nanoteknologi, og helst retta mot eige mastergrads- eller PhD-prosjekt.

### **Læringsutbyte/resultat**

Studentane skal:1. få kunnskap om etiske og samfunnsmessige aspekter ved nanovitskap og nanoteknologi.2. få kunnskap i forskings- og vitskapsetikk, og kjenne gjeldande forskingsetiske retningslinjer.3. øve opp evne til systematisk forskings- og vitskapsetisk refleksjon rundt

konkrete døme på forskingsopplegg og forskingsprosjekt. Det kan ikkje pårekna at NANO310 fullt ut fyller kravet til vitskapsteori og etikk i en PhD-grad.

### **Obligatoriske arbeidskrav**

Ein 10-15 siders skriftleg analyse av etiske aspektar ved eige eller eit anna nanovitskapelig forskingsprosjekt. Skrevet i essayform. Essayet vil bli vurdert som eit eksamensarbeid. Deltaking på fem av seks førelesingar. Deltaking på fem av seks kollokvium. Munnleg presentasjon av utkast til skriftleg arbeid i kollokvium.

### **Undervisningssemester**

Haust (første gong hausten 2011).

### **Undervisningsspråk**

Norsk.

### **Vurderingsformer**

Godkjent semesteroppgåve. Aktiv deltaking på kollokvia, inkludert munnleg presentasjon av eiga semesteroppgåve, og oppmøte på førelesningane. Obligatoriske arbeidskrav er gyldige i 3 påfølgande semester etter godkjenninga.

### **Karakterskala**

Bestått eller Ikkje bestått.

## EMNE I FYSIKK (PHYS)

### PHYS101 Grunnkurs i mekanikk og varmelære

Studiepoeng: 10 SP

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

2FY og MAT101. MAT101 kan lesast parallelt.

Fagleg overlapp:

FYS001: 10stp, FYS011: 10stp, PHYS111: 3stp, PHYS113: 2stp

Mål og innhald

Emnet gjev ei innføring i dei grunnleggjande begrep i mekanikk og varmelære: Rørsle, kraft, energi og effekt, rotasjon, temperatur og varme, varmelærrens hovedsetningar, svingningar, bølgjer og lyd. Eksempler på bruk i andre fag.

Læringsutbyte/resultat

Emnet er først og fremst meint som eit brukerkurs for andre fagområder enn fysikk, matematikk og geofysikk, og inngår dessutan i samordnet adjunktutdanning i realfag. Det legges vekt på å få ein oversikt og forståing av fysikkomgrepa utan for mye bruk av matematisk formalisme i framstillinga av stoffet.

Undervisningssemester

Haust (Fargekode: grønn)

Undervisningsspråk

Norsk

Vurderingsformer

2 timer skriftleg midtveiseksamen (20%) og 4 timers skriftleg avsluttande eksamen (80%). Tillatte hjelpebidalar ved avsluttande eksamen:

Lommekalkulator og 5 A4-sider med studentane sine eigne notater. Gyldighet av deleksamen er 1 semester. I semester hvor undervisning ikke tilbys gjelder avsluttende eksamen 100% av endelig karakter

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

### PHYS102 Grunnkurs i elektrisitetsslære, optikk og moderne fysikk

Studiepoeng: 10 SP

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

PHYS 101.

Fagleg overlapp:

FYS011: 5stp, PHYS112: 3stp

Mål og innhald

Emnet gir ein innføring i elektrisitetsslære, magnetisme, optikk og moderne fysikk: Elektrisk ladning og elektrisk felt, strøm, spenning og motstand, magnetfelt, elektromagnetiske bølgjer, lyset sin natur og optiske instrument, atomer, kjernar og elementærpartikler, radioaktivitet og stråling. Eksempler på bruk i andre fag.

Læringsutbyte/resultat

Emnet er først og fremst meint som eit brukarkurs for andre fagområde enn fysikk, geofysikk og matematikk og inngår dessutan i samordnet adjunktutdanning i realfag. Det legges vekt på å få ein oversikt og forståelse av fysikkomgrepa utan for mye bruk av matematisk formalisme i framstillinga av stoffet.

Undervisningssemester

Vår (Fargekode: grønn)

Undervisningsspråk

Norsk

Vurderingsformer

2 timers skriftleg midtveiseksamen (20%) og 4 timers skriftlig avsluttande eksamen (80%). Tillatte hjelpebidalar ved avsluttande eksamen:

Lommekalkulator og 5 A4-sider med studenten sin eigne notat. Gyldighet av deleksamen er 1 semester. I semester hvor undervisning ikke tilbys gjelder avsluttende eksamen 100% av endelig karakter

Karakterskala

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nytta.

### PHYS110 Perspektiv i fysikk

Studiepoeng: 10 SP

Krav til forkunnskapar

Ingen

Tilrådde forkunnskapar

MAT101. 3FY eller PHYS102.

Fagleg overlapp:

FYS100: 6stp

Mål og innhald

Emnet gir innføring i elementær kvantefysikk, materiens byggesteiner, radioaktivitet og universets skaping og utvikling. Eksempler på tema som vert behandla er: Heisenbergs usikkerhetsrelasjon, bølgjefunksjonen og den sin interpretasjon, frå kvarker til kjerner, atomer og molekyler, det store smellet, kaos.

Læringsutbyte/resultat

Å gi studentene innblikk i omgrep frå fysikken som har bidratt til å forme vårt verdensbilde. Det vil også gi noen glimt frå forskningsfronten i fysikk. Emnet inngår i bachelorgraden i fysikk, men er

også av allmenn interesse for alle realfagstudentar.

#### **Undervisningssemester**

Haust (Fargekode: grønn)

#### **Undervisningsspråk**

Norsk.

#### **Vurderingsformer**

Skriftlig eksamen, 4 timer. Dersom det er få deltagere på kurset kan det bli muntlig eksamen. Tillatte hjelpemiddel ved avsluttande eksamen: Matematisk formelsamling, lommekalkulator, 5 A4-sider med studentane sine eigne notat.

#### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nyttा.

## **PHYS111 Mekanikk 1**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

#### **Tilrådde forkunnskapar**

3FY, MAT131

#### **Fagleg overlapp:**

FYS101: 10stp, FYS011: 3stp, PHYS101: 3stp

#### **Mål og innhald**

Emnet omfattar grunnleggjande emne i klassisk mekanikk som: Kinematikk og dynamikk i fleire dimensjonar, energi og felt med spesiell vekt på gravitasjonsfelt, mange-legeme vekselverknad, stive legemer, rotasjon, statikk, elastisitetslære, og fluidmekanikk. I øving vert enkle eksperiment gjennomført som belyser valde delar av pensum.

#### **Læringsutbyte/resultat**

Emnet skal gi studentane ein grundig forståing av mekanikken sine grunnleggjande lover, begrep og tenkjemåte og gjøre studenten i stand til å anvende disse på fysiske problemstillingar. Emnet er grunnleggjande for vidare studier i bl.a. fysikk og geofysikk og inngår i bachelorgraden i fysikk.

#### **Obligatoriske arbeidskrav**

Laboratorieøving, 10 timer.

#### **Undervisningssemester**

Haust (Fargekode: rød)

#### **Undervisningsspråk**

Norsk

#### **Vurderingsformer**

Skriftleg eksamen, 4 timer. Midtvegseksamen og/eller innleverte arbeid kan gjelde inntil 25% av endelig karakter. Tillatte hjelpemiddel ved avsluttande eksamen: Matematisk formelsamling, lommekalkulator, 5 A4-sider med studentane sine eigne notat.

#### **Karakterskala**

Ved sensur av emnet vert karakterskalaen A-F nyttा.

## **PHYS112 Elektromagnetisme og optikk**

**Studiepoeng:** 10 SP

#### **Krav til forkunnskapar**

Ingen

#### **Tilrådde forkunnskapar**

PHYS111, MAT212

#### **Fagleg overlapp:**

FYS102: 10stp, FYS011: 3stp, PHYS102: 3stp

#### **Mål og innhald**

Emnet gir ein innføring i elektromagnetisme og optikk med spesiell vekt på følgjande tema: Elektriske felt og elektriske strømmar, magnetfelt og induksjon, grunnleggjande elektriske kretsar, Maxwells likningar og elektromagnetiske bølgjer, geometrisk optikk, fysisk optikk, interferens og diffraksjon.

#### **Læringsutbyte/resultat**

